Karlsson & Borg (2017) forsøker å skilje mellom Recovery med liten og stor R. Recovery med stor R skal vere ei påminning om at fenomenet har dei røtene vi kort har vore innom – at ein ikkje skal miste ut av synet at utvikling av Recovery-praksis handlar om kampen for like menneske- og samfunnsrettar for alle innbyggjarar i eit samfunn, og kanskje særleg for menneske som blir forstått annleis enn eller som ulik det store fleirtalet. Vidare synar den store R-en at Recovery er *både* personlege og sosiale prosessar, og dei kan ikkje skiljast. Forstått på denne måten kan Recovery finne stad både i tenestene, uavhengig av tenester og fagpersonar og *alltid* i lys av samfunnsmessige og kulturelle forhold. Recovery med liten r kan forståast som Recovery der røtene og tradisjonane blir tillagt liten eller inga betydning, og at Recovery skal kunne passe inn i krav om standardisering, pakkeforløp, effektivisering og for stort fokus på målingar (ibid).

Relasjonell recovery og individualisme

Karlsson & Borg (2017) minner oss om at omgrepet individ betyr heilskap. Etymologisk stammar omgrepet frå latinsk *individuum*; av in- og dividuus ‘som kan deles’. Frå biologien blir individ definert som ein enkelt organisme som er *medlem* av ein bestemt biologisk art. Eit individ kjem altså ikkje unna det å vere del av eit større arts-fellesskap, ein større heilskap, heller ikkje unna det å alltid vere i relasjon til anna enn ikkje-menneskeleg liv. Det kan synast som ei avsporing – men for å kunne forstå betring, må betringsprosessar forståast som bevisste og ubevisste relasjonelle prosessar, at alt er relasjonelt, og problema med å forstå betring som relasjonelt bør setjast i samanheng med sentrale kulturelle føringar. Ein kritikk av Recovery-orienteringa er at denne òg ofte blir ramma av ei overdriven individualisering (Price-Robertson et al., 2017) og implementering (Karlsson & Borg, 2017), noko som føyer seg inn i rekka av kritikken mot den terapeutiske kultur (Madsen, 2014) – og problem med det sosiale i ein overdriven individualistisk kultur.

Kva spring dette ut av? I vår samanheng er det to sentrale kjelder av betydning; vår vestlege kultur og vestleg filosofi, og samanhengen mellom desse kjeldene. I vestleg kultur kan ein sjå korleis idéar som «The American Dream» har forma liva våre – vår kultur si forståing om at ein person aleine kan (og skal) realisere alle sine sjølvstendige mål, draumar og moglegheiter – uavhengig av andre (Karlsson og Borg, 2017). Vi kan òg spore eit avgjerande punkt i den filosofiske historia; det som spring ut av René Descartes dualistiske skilje mellom kropp og sjel, mellom menneske og natur, og tankegodset om mennesket forstått som ei maskin som lar seg reparere. Menneske-som-separasjon er det dominerande synet (Mueller, 2017). Dette er ein måte å forstå tilværet på som gjer det utfordrande å utvikle meir holistiske og relasjonelle tilnærmingar knytt til liva våre – og å anerkjenne kor grunnleggjande *avhengige* vi er. Relasjonell recovery er eit omgrep som forsøker å løyse denne knipa – som òg kan spore at betringsprosessar kor fenomen som støtte, håp, identitet og frigjering skjer er *både* mellommenneskelege og mellom-artslege fenomen (Price-Robertson et al., 2017; Mueller, 2017). Slik forstått kan ein problematisere ovannemnde definisjon av Recovery som ein prosess ‘personen gjer aleine *eller* saman med andre’. Det er alltid ein prosess i relasjon til den og det andre. Det er alltid *og, og, og*.

I vår samanheng kor fenomenet sosial støtte blir vidare utforska i relasjon til betringsprosessar (eller ikkje) er Recovery, og den dynamiske diskusjonen om Recovery, både ein viktig bevegelse og eit sentralt utgangspunkt for fleire ontologiar og epistemologiar. Vi skal kome

tilbake til refleksjonar knytt til dei moglegheitene og fallgruvene dette kan medføre i metodologi-kapittelet.

3.0 Teoretisk rammeverk

Det finnes dem som får ungdommen lagt i hendene,

og dem som må rive den til seg med nebb og klør,

stjele den – Edouard Louis

I dette kapittelet blir økologisk systemteori med vekt på utviklingsøkologi løfta fram, både fordi sentrale omgrep i studien (sosial støtte, sosialt arbeid, psykisk helse, sosial kapital, sosiale nettverk, aktør, økonomi, sosial ulikskap, recovery, lokalmiljø, kultur, sosialpolitikk og forsøk på psykisk helsearbeid) og funn kan sjåast i samanheng mellom dei ulike nivåa i økologien. Innan rammene av utviklingsøkologi og sosiale nettverk, kan ein løfte fram sentrale aspekt ved vår tid og kultur som er av interesse når vi utforskar fenomenet sosial støtte. Eg vil vidare sjå nærare på sosial kapital og relasjonisme i eit post-humant landskap, diagnosekulturen; val som i stor grad er basert på sentrale funn i denne studien.


3.1 Utviklingsøkologi og aktør-nettverk-teori

Utviklingsøkologi og den økologiske utviklingsmodellen er relevant å utforske og bruke i vår forskingskontekst, fordi teorien kan hjelpe oss å forstå litt betre dei forholda som påverkar personen i situasjonen. Personen i økologien. Bronfenbrenner (1979) løfta ikkje berre fram barn sine utviklingsprosessar inn i ein større kontekstuell modell, men la grunnlaget for ein utviklingsmodell som kan nyttast til å *forsøke* lage eit kart for heile livssyklusen til menneske. Utviklingsøkologi beskrivast slik av grunnleggaren av teorien:

Utviklingsøkologi dreier seg om det vitenskapelige studiet av stadig bedre tilpasninger mellom en aktiv, voksende person og de miljøene, også de i forandring, som den utviklende personen lever i. Disse prosessene må studeres slik de berøres av relasjoner mellom de umiddelbare miljøene og av de mer omfattende kontekstene som miljøene inngår i (Bronfenbrenner 1979, s. 21).

Eit viktig moment i Bronfenbrenners tankegang og omgrepsverd er det han kalla for *proksimale prosessar*. Proksimale prosessar er dei prosessane eller aktivitetane som påkallar personen si merksemd og inviterer til utforsking, manipulering, utdjuping og fantasi. Prosessar som går føre seg heile livet. Det er ikkje berre våre næraste relasjonar som kan støtte og invitere til desse prosessane. Vi går inn i mange andre forhold som skaper viktige relasjonar som har vesentleg verdi for slike proksimale prosessar (Bronfenbrenner, 1977). Ein behandlingsrelasjon, vennsksapsrelasjonar og ulike former for betringsprosessar kan i så måte bli døme på slike proksimale prosessar i konteksta vår.

Personen i utvikling blir i Bronfenbrenners modell satt i samanheng med fire system: mikro, meso, ekso- og makrosystemet. Framfor å gje ei lang innføring i desse systema, har eg teikna modellen nedanfor; med utgangspunkt i og fritt etter Bronfenbrenner (1977;1979) og Gulbrandsen (2006), samt lagt til nokre omgrep; som til dømes naturområder og klima. Prinsippet om relasjonell utvikling og påverking – både i dei miljøa vi til dagleg vankar i – og i dei miljøa vi aldri ser noko til – er relevant å ha i mente når vi utforskar og diskuterer sosial støtte og betringsprosessar. Då gir det òg endå meir meining å snakke om relasjonell recovery, òg i dei situasjonane eller periodane vi ikkje tenker relasjonelt om.



Figur 2: den utviklingsøkologiske modellen²

1. Mikrosystemet: Dei nærmiljøa og arenaene personen ferdest i/på i kvardagen (familie, arbeid, skule, vennegruppe, møteplass, naturområder osv.).

2. Mesosystemet: Band og samspel mellom ulike miljø og arenaer personen ferdest i/på der kvaliteten vil påvirke relasjonar og utvikling.

3. Eksosystemet: Andre miljø, forhold og institusjonar i lokalmiljøet som personen sjeldan eller aldri besøker, men kor det skjer ting av verdi for personen sitt liv og utvikling.

4. Makrosystemet: Kulturelle og subkulturelle mønstre og forhold i samfunnet og på planeten som påverkar (tradisjonar, politikk, sosial organisering, aktivisme, klima osv.).

Miljøa som faktor i vår utvikling og våre betringsprosessar ved helsevanskar inneber fleire forhold og dimensjonar. Den utviklingsøkologiske modellen kan vere nyttig for å søke å forstå samanhengane mellom dei ulike miljøa – samt kunne reflektere over i kor stor grad vi er aktørar i ulike prosessar som angår oss. Miljøet refererer til fleire viktige forhold for sosialisering, danning og trivsel, og kan ifølgje Bø (1993) vere:

- a) Fysisk: til dømes fysiske omgjevnadar som bygningar, det fysiske nabolaget, trafikk, staden sin natur, klima og geografi.
- b) Sosialt: menneska og forholda mellom oss. Her inngår blant anna dei menneskelege ressursane; kompetanse, kunnskapsnivå, ferdigheiter, sosiale nettverk, samhandling m.m.
- c) Kulturelt: Til dømes den sosio-kulturelle organiseringa av konvensjonar, verdiar, tradisjonar, kulturkodar og andre sosiale og kulturelle ytringar som blir utvikla gjennom menneskeleg samhandling – det vil seie miljøet sitt særpreg – etos.

² Modellen er inspirert av Bronfenbrenner (1979) og Gulbrandsen (2006), og er meint å gje litt oversikt over det uoversiktlege. Dette er på ingen måte ein fullstendig modell.

I eit slikt økologisk system og utviklingsperspektiv, med miljøa sin kompleksitet og påveringskraft, er vi alle aktørar i ulike nettverk. I samband med utviklingsøkologi er det, slik eg ser det, òg naturleg å relatere utviklingsøkologi til Aktør-Nettverk-teori. Éin måte å nærme seg Aktør-Nettverk-teori (ANT) er gjennom denne forenkla beskrivinga: den handlar om å utforske samspelet mellom individet og dei sosiale relasjonane som blir ein del av liva våre. Aktør-Nettverk-teori tar oss litt vidare med på reisa i det relasjonelle samspelet. I dette samspelet skjer ifølgje ANT heile tida forhandlingar og konstruksjon av kunnskap og røynda (Latour, 2005). Sentralt i aktør-omgrepet er oppfatninga av at menneske ikkje berre er eit passivt mottakande (reseptivt) vesen, som passivt let seg forme av krefter i økologien og miljøa – men at mennesket først og fremst er aktivt, at ein vil noko, er veljande, initiativtakande og målsøkande. Latour (2005) framheld at ANT er ein teori og måte å utforske verda på som ikkje tek ontologiske skillelinje for gjeve – men som i si kjerne heile tida tek omsyn til korleis sosiale og naturlege fenomen eksisterer i kraft av nettverk av relasjonar. I denne forståinga blir det tatt høgde for at menneske har evne til å gripe inn i sitt miljø, forbetre eller forverre det, og målbevisst søker sine handlingsarenaer og (ofte) aktivt vel sin omgangskrins (Bø, 1993; Latour, 2005). Vi påverkar og blir påverka heile tida i våre sosiale landskap, i våre ulike nettverk, og som vi stadig forsøker å auke medvitet om; i vårt samspel med naturmiljøet. I vår samanheng kor utforskinga av forhold som kan fremja og hemja sosial støtte er hovudfokuset, kan det vere nyttig å ha eit teoretisk «kart» over dei ulike delane av økologien og nettverka kor støtte skjer eller ikkje skjer – men òg forsøke bevisstgjere den unike aktøren – personen som påverkar situasjonen. Vidare; kva forhold i dei ulike nettverks-nivåa og økologien som kan påverke sosial kapital og støtte. Eg vil referere til dette «kartet» i diskusjonen av funna.

3.2 Sosial kapital i eit post-humant velferdsperspektiv

Det er vanskeleg å snakke om sosial støtte utan å snakke om sosial kapital. Pierre Bourdieu sine teoriar og omgrep som *det sosiale rom*, *habitus* og *kapital* er relevante og samansette (og for omfattande til å gå inn i alle aspekta av her). Eg vel å gå inn i sosial kapital-omgrepet for setje det i samanheng med i kor stor grad det kan vere definerande for våre relasjonar, potensiell støtte og eventuelt betring. Fordi nivået av sosial kapital kanskje er det som rommar best samanhengen mellom andre kapitalformer. Teoretiske forståingar av kapitalomgrepet har røtter i omgrep som økonomisk og human kapital. Ofte blir omgrepet sett i samanheng med og forstått i forbindelse med utvikling knytt til marknadsøkonomien, og som eit omgrep til å

måle økonomisk vekst og produktivitet på makro-nivå (Becker, 2009). Marx (1993) og Bourdieu (1983) identifiserte, om enn på ulike måtar, kapital som eit område der ein kunne utforske maktkonsentrasjon, sosialt strev og ulikskap – og mellom anna som eit område til å studere korleis sosiale relasjonar/grupperingar og sosiale rom på ulike måtar kan bidra til å produsere ulikskap. I forlenginga av dette låg eit potensial til utvikle kunnskap om korleis utsette grupper kunne styrke sin (sosiale) kapital; og som vi veit – dei ulike greinene på dette treet er for mange og for store til at ei kappe kan gje ein fullstendig introduksjon til kapitalomgrepet. Bourdieu understreka at omgrepa han sysla med og utvikla, helst ikkje burde forståast som bestanddelar i ein stor, altomfattande teori; men heller som eit sett tenkereiskap som tek form med empirisk forskning (Bourdieu, 1992).

Sosial kapital gjennomsyrrer alt, hevder (Starrin, 2009), og kan påverke alle aspekt ved liva våre og i kva retning(ar) vi utviklar oss. Sosial kapital refererer til den profitten (omsorga og støtta; mi tyding) ein får gjennom dei sosiale nettverka ein er del av, og gjennom dei forbindelsane ein har og utviklar. Sosial kapital er relasjonar som er tilgjengelege for oss gjennom deltakinga vår i sosiale nettverk. Betydinga av sosial kapital er ofte relatert til den mengda av kapitalformer (kulturell, emosjonell, materiell/økonomisk, filosofisk, praktisk etc.) aktørane i nettverka våre har. Moglegheitene for å «profittere» på sosial kapital kan auke med mengda av økonomisk og kulturell kapital i nettverka våre, hevda Bourdieu (1983) – noko som gir resonans når vi snakkar om sosial ulikskap i helse, i alle høve i eit vestleg perspektiv. Di betre økonomisk og kulturell kapital – di høgare «kvalitet» på den sosiale kapitalen og støtta, og i forlenginga av det: lengre levealder og betre helse.

Det er kanskje betydinga av den sosiale kapitalen som står fram som den viktigaste helsekomponenten. I *Bowling alone* skriv Robert Putnam (2000) at den sosiale kapitalens betyding står fram som klarare innan helse og velvære; klarare enn innan nokon av dei andre områda kor han har granska den sosiale kapitalens vekselverknad. Putnams karakteristikkk av sosial kapital inneber i stor grad sivilt engasjement, deltaking i sosiale nettverk med dei normene for gjensidigheit og eventuelt tilhøyrslse som dei ofte representerer. Teorien og empirien knytt til betydinga av sosial kapital og støtte i sokalla «Blue Zones: områder med eksepsjonell livskvalitet og langt liv», viser òg at sosial tilhøyrslse og sosial støtte er nokre av dei mest avgjerande dimensjonane knytt til helse og velvære. Den greske øya Ikaria, og fire andre stader med høg grad av sosial integrasjon og stabilitet i nettverk, skil seg ut (Poulain, Herm & Pes, 2013). I USA har ein forsøkt å bruke lærdommen frå desse stadene i utviklinga av lokalsamfunn, og fann at å putte ansvaret på individnivå for å skape sunne miljø ikkje

lukkast – men der ein aktivt gjekk inn for å endra politikk og miljø har desse prosjekta lukkast med å auke leve-alder, livskvalitet og gjere meir helsefremjande val lettare for mange fleire gjennom systemiske endringar (Buettner & Skemp, 2016).

Sosial kapital og sosial støtte må òg forståast i ein kontekst med vanvettig teknologisk utvikling; der nye måtar å kommunisere på og relatere til kvarandre gjennom internett og virtuelle rom, gjennom sosiale media og datateknologi, i stor grad påverkar våre sosiale rom. Smarttelefonen og internett har på mange måtar blitt ein forlenga del av den sosiale kroppen vår – på godt og vondt – noko deltakarane i denne studien òg løfta fram i samanheng med sosial støtte. Slik sett kan vi seie vi studerer sosial kapital og sosial støtte i eit *til dels* post-humant landskap.

Utviklinga av sosial kapital og støtte blir òg eit spørsmål om i kva grad ein har ressursar til å halde følgje med utviklinga (jf. den økonomiske kostnaden ved å inneha det «rette» teknologiske utstyret) og i kva grad ein «meistrar» det. Vi får stadig oftare spørsmål på nettet om vi er robotar eller verkelege personar; eit sikkert teikn på at vi lev i ei tid kor robotar og kunstig intelligens i stadig større grad intervenserer i våre sosiale rom. Rosi Braidotti (2019) skriv om våre sosiale relasjonar i den posthumane vendinga at:

The central challenge that the posthuman convergence throws open is how to reposition the human after Humanism and anthropocentrism. No, I am not a robot, but that begs the question what kind of human I am, or we are becoming, in this posthuman predicament (...). We are caught in contradictory pulls and spins that call for constant negotiations in terms of time, boundaries and degrees of involvement with, and disengagements from, the same technological apparatus that frames our social relations (Braidotti, 2019: 15-17).

Vi kjem ikkje utanom dei nye rammevilkåra teknologien set for liva våre, og dei utviklar nye vilkår for det relasjonelle i våre sosiale rom og praksis. Vi kan difor snakke om ein multi-skala-relasjonalt som vi enda ikkje fattar rekkevidda av, som vi kanskje aldri vil fatte rekkevidda av (Braidotti, 2019).


Sosial kapital, støtte og skam

Mellom-menneskelege relasjonar er ikkje synonymt med støtte, beiring og positiv utvikling. Det sosiale inneber ofte ambivalens, tvitydigheit og risiko i våre sosiale relasjonar. Som vi veit er det òg i det relasjonelle vondskap og trauma stammar frå. Kva skjer til dømes når det sosiale sjølvet trugast og blir utsett for skam? Kva med skamma over å ikkje ha nokon eller få

sosiale relasjonar – i ei tid der sosiale media stadig gjer det synlegare om ein er populær eller ikkje – innanfor eller utanfor? Kva slags forhold i det sosiale og i våre sosiale band kan trigge skadelege variantar av skam – og på den andre sida: stoltheit? Historia har vel lært òg oss at stoltheit knytt til tilhøyrse i bestemte grupper ikkje nødvendigvis alltid er så bra for samfunn og mangfald. Stoltheit kan fort bli til skam og vice versa. Fangen (1998;1999) eksemplifiserer godt tvtydigheta av meining og sosial tilhøyrse i sine studiar av radikale nasjonalistar. Korleis møter sosialarbeidaren han eller ho som har funne meining, sosial støtte og helse i ei gruppe med ekstreme og farlege haldningar?

Skamkjenslene er komplekse når det gjeld konsekvensar og med tanke på relasjonar til andre. Det er viktig å påpeike at skam rommar ein slags dobbelheit. På den eine sida er skamkjensler vesentlege og naturlege innslag i våre sosiale liv; skam gir ein indikasjon på om at det finst ein knute på tråden mellom oss – og kan gjere oss merksame på at det er fare for at dei sosiale banda kan kome til å bli oppløyst, dersom ikkje noko blir gjort for å utvikle dei (Starrin, 2009). Skam kan vere ein nødvendig friksjon for utvikling - for endring av åtferd som er skadeleg for resten av gjengen. På ei anna side kan skamkjenslen vere undertrykkande, bryte ned og ha ein ekskluderande funksjon (Starrin, 2009). Ein kan difor hevde at skamfølelsar er ein del av kjernen i det å vere sosial og å føle samhøyr med andre menneske.

Sett i relasjon til sosial kapital, og med eit Bourdieu-perspektiv (at sosial kapital kan referere til i kva grad vi profitterer positivt av dei sosiale nettverka vi er del av) vil graden av skamkjensle spele ei vesentleg rolle i potensialet vårt for å bygge denne kapitalen. Dette vil mellom anna diskusjonen vår av funna diskutere vidare – sett i samanheng med t.d. skam knytt til kombinasjonen av å slite psykisk og ha dårleg økonomi. Kva har det å seie for kapital og støtte utover tenestene i møte med storsamfunnet og mellom mikro- og makro-nivå? I samband med dette vil det vere relevant å sjå innom eit relativt nytt omgrep; recovery-kapital.



Figur 3 – skam, stoltheit og sosiale band (fritt etter Starrin, 2009: s.41)

Recovery-kapital

Eg vil kort gjere reie for omgrepet recovery kapital, som har blitt introdusert som eit forsøk på å utvide og ramme inn sosial kapital i relasjon til Recovery/betringsprosessar. Tew (2013) bygg på tidlegare konsept av kapital-omgrepet, og har forsøkt å identifisere og kategorisere nokre former for kapital som kan vere relevante når ein utforske folk sine Recovery-prosessar; potensialet for positiv utvikling og auka livskvalitet:

- Økonomisk kapital
- Sosial kapital
- Identitets-kapital
- Personleg (eller psykisk) kapital

Det er freistande å legge til kjærleiks-kapital. Desse formane for kapital finn ein spesielt viktige knytt til føresetnadane for korleis vi generelt er i stand til å takle krevjande livssituasjonar og overgangar. Til dømes bevegelsane og overgangane frå studiar til arbeidslivet, eller eventuelt frå ein sosial møteplass med «likesinna», og til sivilsamfunnet eller andre arenaer i det sosiale økosystemet (Tew, 2013). Ein kan tenke seg at summen av

kapitalen vil avgjere i kva grad ein opplever sosial støtte. I vår samanheng er det relevant å utforske korleis vi klarer å navigere oss gjennom – eller halde ut – langvarige psykiske helsevanskar; livserfaringar som kan vere spesielt utfordrande og potensielt øydeleggjande eller forstyrrende, knytt til identitet-oppleving vi kanskje tidlegare har tatt for gitt, livsstil og sosiale relasjonar. Ei fare ved å fokusere *for* mykje på den enkelte sin recovery-kapital er kanskje at ein gløymer vesentlege forhold i økologien som påverkar moglegheitene for betring – og at endringar i politikk og miljø er vel så viktig for betringsprosessar. At recovery-tradisjonen har fått sitt eige kapital-omgrep er interessant i seg sjølv.

Det neste området er spesielt interessant knytt til korleis identitets-kapitalen blir påverka, når vi får tildelt ulike psykiatriske diagnosar.

3.3 Diagnosekulturen

Brinkmann og Petersen (2015) hevder at diagnosekulturen er djupt rotfesta i samtida. Vi kan på mange måtar hevde at diagnosekulturen samsvarar godt med meir individualiserte recovery-prosessar – som gjer det lettare å skygge unna strukturelle problem. Denne kulturen er kjenneteikna ved at psykiatriske diagnosar og kategoriar til stadigheit og i større grad enn tidlegare er ein del av vårt språk. Diagnosekulturen kan òg bli forstått som alle sitt (og offentlegheita sitt) behov for å søke å begripe livets ulike problem, avvik, liding og eksentrisitet. I diagnosekulturen kan det dermed herske ein psykiatrisk logikk – som blir overført, klassifisert og standardisert i diagnostiske manualar. I ei slik forståing blir eit psykiatrisk språk for liding, og i forlenginga praksis, utvikla som på fleire måtar har blitt demokratisert. Dette inneber at dei aller fleste av oss i dag brukar det diagnostiske språket om egne eller andre sine psykiske problem (Petersen, 2015).

I vår samanheng er maktforholdet mellom sosiale perspektiv på psykiske helsevanskar, og den «reine» psykiatriske/bio-medisinske forståinga av psykiske helsevanskar, særleg relevant å sjå nærare på. Brinkmann (2015:39) løfter fram Joan Busfield som har samanfatta fire av dei mest vesentlege kritikkområda psykiatrien har blitt (og stadig blir) utsett for.

1. Det første området handlar om at psykiatrien er inhuman og ineffektiv, noko som er ein klassisk kritikk som til dømes blei omtala av Erving Goffman (1961) i kjølvatnet av ei berømt undersøking av livet på eit psykiatrisk sjukehus. Etter anti-psykiatrien sin framvekst (med Recovery i mente) i 1960-og 70-åra har mykje endra seg – men det har i dei seinare år i store delar av vestlege land blitt løfta fram ein fornya kritikk. Dette handlar i hovudsak om tvang, det store diagnose- og medisineringsfokuset innan


psykisk helsevern. Fleire (Karlsson & Borg, 2021; Whitaker, 2010; Healy, 2012) har løfta fram at skadeverknadane av psykofarmaka er så store at dei ofte overskygger fordelane med å bruke slike medisinar (noko som er ein omstridt konklusjon).

2. Det andre området for kritikk omhandlar at psykiatrien sin og den kategoriske modellen for psykopatologi er lite fruktbar.
3. Det tredje kritikkområdet er løfta fram av ei gruppe radikale forskarar (som i hovudsak høyrer til det ein ofte omtalar som anti-psykiatribevegelsen). Her går kritikken av den kategoriske modellen og diagnosesystemet langt, og ein hevder i forlenginga at det er ei feilslutning å bruke omgrep som psykisk sjukdom i det heile teke.
4. Dette tredje området bygg ei bru til den fjerde innverknadsrike kritikken av psykiatrien: at diagnosane bidreg til sjukeliggjering.

Brinkmann skriv vidare om å ha, å vere og å gjere psykisk liding – tre aspekt knytt til eit epistemisk objekt. Dette kan sjåast i samanheng med korleis og i kor stor grad vi identifiserer oss med diagnosar vi får tildelt. Brinkmann viser til psykologihistorikaren Kurt Danziger, som har beskrive psykologiens gjenstandar som epistemiske objekt og overfører dei til psykiatrien. Epistemiske objekt er dei gjenstandane vitskapsfolk arbeidar med og søker å skape kunnskap om. Innan psykiatrien og psykologien kan ein til dømes namngi dei epistemiske objekta med diagnostiske kategoriar (som depresjon, angst, ADHD og så vidare). Dei epistemiske objekta kan ifølgje Brinkmann vere diskursive i den forstand at dei berre eksisterer i kraft av å bli språkleggjort (og brukar passande nok julenissen, som berre er eit objekt for kunnskap fordi vi har ein julenissediskurs). Ifølgje Danziger (2003) har epistemiske objekt i psykologien og psykiatrien i regelen ein ekstradiskursiv, altså ein materiell, dimensjon. Dette blir knytt til at dei oppstår som element i sosiale praksisar der menneske saman orkestrerer ulike handlingforløp. Dei sosiale praksisane utviklar seg historisk, og det finst ikkje ahistoriske objekt i psykologien, hevder Danziger. Her skil difor psykologien seg frå fysikken, fordi fysikarane i større grad kan gå til verda slik dei finn ho, kor på den andre sida sosialforskarar, psykologar og psykiatrar kan skape nye fenomen. Desse fenomen kan oppretthaldast av psykologien sine og psykiatrien sine praksisar. Brinkmann (2015) viser til eiga og andre sine undersøkingar, kor ein klart finn samanheng mellom det psykiatriske og diagnostiske språk og påverking av identitet, sjølvoppleving og åtferd:

For alle psykiatriske diagnosers vedkommende gælder det, at man som diagnosticeret skal lære at begå sig som psykisk forstyrret på den situationelt adækvate måde –

relativt til de konkrete sociale praksiser, hvori man deltager (familie, arbejde, kontakt med kommunen, selvhjelpsgrupper, behandlingsinstitusjoner, osv.). Man skal lære at 'gjøre lidelsen riktig' (s. 48).



Figur 4 (Fritt etter Brinkmann, 2015:45)

Følgjande spørsmål blir stilt i utforskinga av diagnosar som epistemiske objekt: er genuine psykiske sjukdomar på førehand eksisterande objekt (som ein kan ha eller ikkje ha) uavhengig av nærværet av diagnostiske kategoriar? Eller, kan det vere slik at sjukdomane kjem inn i verda saman med dei diagnostiske kategoriane som utpeikar dei? Må vi velje side mellom ein essensialisme (at diagnosane viser til pre-eksisterande sjukdomsspesifikke objekt) og ein sosialkonstruksjonisme (diagnosane konstruerer sjukdomane), eller finst der ein tredje moglegheit?

Brinkmann reflekterer endeleg rundt forholdet mellom essensialisme og sosialkonstruksjonisme, og påpeikar at denne analysen blant anna dreier seg om at det går føre seg ein kompleks interaksjon mellom mennesket som opplever liding – og dei sosiale praksisane (i dei ulike økologiske systema). Noko trer fram som mønster av måtar å ha, vere og gjere liding på. Analysen er tydeleg på at det er forhold ved psykiske helsevanskar som heilt klart har nevrologiske og biologiske komponentar, men peiker på at det som måtte vere galt i hjernen/kroppen manifesterer seg i sosiale praksisar.

Diagnosar som designa orden

Når det kjem til forståing og behandling av psykiske lidingar/helsevanskar kan ein kanskje noko forenkla og grovt seie at det i hovudsak eksisterer to meta-modellar: *den medisinske modellen* og *den kontekstuelle modellen* (Bøe & Thomassen, 2017). I forståinga av den

medisinske modellen meiner ein ikkje at den berre tek føre seg biomedisinske perspektiv på psykiske lidningar og helsevanskar, og bruken av medisin som behandling. Ein vanleg måte å beskrive utgangspunktet til den medisinske modellen (eller sjukdomsmodellen som den også blir kalla) omfattar alle tilnærmingar som har følgjande grunnelement:

1. Premissane for behandling er at ein først gjennom bruk av diagnosar identifiserer ei liding/sjukdom/forstyrning som lar seg avgrense
2. Behandling skjer vidare ved at ein finn ein teknikk eller metode som skal vere verksam ovanfor akkurat denne lidinga/sjukdomen/utfordringa.

Ein slik måte å forstå og behandle psykiske lidningar på har sitt utgangspunkt i medisinen og behandlinga av somatiske lidningar. Men denne grunnforståinga av psykiske lidningar og behandling pregar store deler av psykisk helsefeltet sine tilnærmingar. Dette gjeld ikkje berre den biomedisinske psykiatrien og legane si verksemd, men den pregar òg psykoterapien og i forlenginga mange av psykologane sine behandlingstilnærmingar. Om den medisinske modellen blir reindyrka og får stå aleine, kan ein gå så langt som å kalle den kontekstuavhengig. Dette betyr at ein står i fare for å konstruere førestillingar om at same liding kan bli behandla med same metodar, uavhengig av den enkelte personen sin kontekst: levekår, personlegdom, sosiale relasjonar, verdiar og så vidare (Børe & Thomassen, 2017).

Eit døme er at det ein kan rekne som god behandling av «schizofreni», «personlegdomsforstyrning», «depresjon» eller «angstlidningar» kan vere den same uavhengig av personen og han si/ho sin livssituasjon og uavhengig av kven behandlaren er. Metodane kan då sjåast på som kontekstuavhengige og universelle. Med ei slik analyse til grunn blir det påstått at psykiske helsetenester på mange måtar eksisterer innan ein biomedisinsk arkitektur, og at denne biomedisinske arkitekturen bør utfordrast (Ekeland, 2011). I forlenginga kan ein hevda at psykiatriske diagnosar er ei form for designa orden og understrekar behovet vi har for å oppretthalde dikotomien *normalitet og avvik* (Petersen, 2015). Vi har behov for å nyansere og utfordre psykiatriske diagnosar; ikkje nødvendigvis kaste dei på bålet – heller utfordre dei som *forsøk* på å forstå og sette språk på ulike smerteuttrykk og liding – og som ein type design som altfor ofte fører til forenkla forståingar av personen i situasjonen (og identitetskriser).

Vidare er det vi kan kalle *den kontekstuelle modellen* ein utfordrar til denne tenkinga, og praksisen. Denne modellen er ikkje ein modell i same grad som den medisinske modellen, i betydninga faste skjema som regulerer korleis ein gjennomfører behandling. Hovudtanken er

at psykiske lidningar ikkje kan bli forstått uavhengig av eit menneske sin personlegdom, levekår og livssituasjon, dei sosiale relasjonane, dei økologiske omgjevnadane han eller ho lev livet i og så vidare (Bøe & Thomassen, 2017). Her er nokre grunnleggjande element og utgangspunkt for den kontekstuelle modellen som må sjåast i samanheng med t.d. Recovery-orienteringa:

- Erfaringskunnskapen
- Den personlege relasjonen som oppstår mellom hjelper og brukar av tenesta/hjelpesøkande
- Kjelda til etisk engasjement og moralsk handling som ligg i det konkrete møtet med den andre
- Personen som søker hjelp sine omgjevnadar; nettverk, familie og lokalsamfunn

Den kontekstuelle tilnærminga har med seg ein skepsis til bruk av diagnoser, for med diagnosane står ein i fare for nettopp å trekke problem og symptom ut av dei samhengane dei oppstår og utviklar seg i. Det er denne modellen det sosiale psykiske helsearbeidet legg til grunn for si verksemd. Slik sett kan ein forstå det sosiale psykiske helsearbeidet som ein utfordrar til diagnosekulturen, og ein utfordrar til det rådande hegemoniet i feltet.

Men korleis kan ein forstå kva slags perspektiv og modeller som får mest makt og innverknad i psykisk helsearbeid? Foucault (1979) sine tankar og analyser knytt til forelesinga «American neo-liberalism» og «The birth of biopolitics» kan kanskje vere til hjelp. Foucault fokuserte seg mellom anna skarpt inn på omgrepet human-kapital, i ei analyse som i stor grad spinn vidare; frå Marx til Bourdieu. I dette ligg forståinga, noko forenkla forklart: korleis kan ein (først og fremst politikarane) investere best mogleg i oss menneske for å utnytte vårt fulle potensial og potensielle bidrag i samfunnet (først og fremst til økonomisk utvikling og vekst)? Foucault beskriv nokon av bestanddelane av human-kapital-forståinga slik:

What in the child's family life will produce human capital? What type of stimuli, form of life, and relationship with parents, adults and others can be crystallized into human capital? (...) In the same way, we can analyze medical care and, generally speaking, all activities concerning the health of individuals, which will thus appear as so many elements which enables us, first, to improve human capital, and second, to preserve and employ it for as long as possible. Thus, all the problems of health care and public hygiene must, or at any rate, can be rethought as elements which may or may not improve human capital (Foucault, 1979: 230).

Knytt til diagnosekulturen og rådande praksisar, kan ein undre seg over korleis desse er med på å skreddarsy forståingar som har som føremål å utnytte eller maksimere human kapital, som i sin tur passar godt inn i den Descartianske splitten, vestleg individualisme og maksimal profitt-tenking i marknadsliberalismen. Er systema (miljøa) vi har utvikla på nokon måte designa for *omsorg og støtte* – eller går dei i større grad i retninga reparasjon og effektive pakkeforløp? Er den medisinske modellen og diagnosekulturen meir i harmoni med neo-liberalistisk og kapitalistisk vekst-ideologi, enn den kontekstuelle modellen? Kan det vere slik at den kontekstuelle modellen i for stor grad peiker på problematiske forhold i samfunnet- og difor utfordrar rådande ideologiar og politisk styring – noko som gjer det vanskeleg å utvikle ny praksis? Praksis som i større grad kunne hatt omsorg og støtte og passelege krav som ledestjerne?

4.0 Metodologi

Kvar og korleis er dette prosjektet ontologisk og epistemologisk forankra og samtidig på veg? Bakgrunnen og teori-delen gir eit lite innblikk i dette. I dette kapittelet skal eg forsøke så godt som mogleg å vise korleis vi har gått fram for å finne svar på det vi er nysgjerrige på og som vi har utforska på systematisk vis, og kvifor.

4.1 Ekspertise og kunnskap: studien sitt design

Karlsson & Borg (2021) skriv at metodologi uttrykker samanhengen mellom korleis forskarane forstår eigen og andre sin eksistens i verda (ontologisk posisjon), korleis vi forstår kva kunnskap er, og korleis den kan skapast (epistemologisk posisjon), og dei systematiske metodane som blir nytta og knyttast an til desse nemnde posisjonane. I denne samanhengen vil eg starte med å fortelje litt kring studien sitt design – som er samansett av både eigenerfaring og påverking knytt til forståingar av kva demokratisk kunnskapsutvikling kan vere, og korleis med-forskning/samarbeidsorientering kan vere til hjelp i forskingsprosessar.

Forskning krev ekspertise og kunnskap, men kva for ekspertise treng vi og kven er dei kunnskapsrike (Borg & Kristiansen, 2009)? Er enkeltpersonar sine forteljingar om og erfaringar med betringsprosessar gyldige kunnskapskjelder? Personar som opplev og har streva med psykiske vanskar har ei unik eigenerfaring og har ofte følt på kroppen korleis samarbeidet med hjelpeapparatet er, og har dermed òg det vi ofte omtalar som «brukarerfaring». I dette forskingsprosjektet har samarbeidsorienteringa vore viktig frå byrjinga. Difor blei tema og forskings spørsmål diskutert i det vi kalla «utviklingsgruppa» frå starten av (våren/ hausten 2016 og våren 2017). Dette var ei gruppe bestående av meg, fire

kollegaer med relevant erfaringskompetanse og ein ekstern person engasjert i mental helse. Relevant erfaringskompetanse innebar i dette prosjektet å ha eigenerfaring med psykisk helse- og/eller rusvanskar. Alle deltakarane var på ulikt vis tilknytt eller hadde samarbeida med senter for psykisk helse og rus (SFPR) i Drammen, ved Universitet i Sørøst-Noreg, kor eg sjølv arbeidar. Prosjekt-idéen blei tidleg lagt fram i «Forum for brukarinvolvert forskning» ved Universitet i Sørøst-Noreg (USN) og i «Dialogforum for praksisnær forskning», same stad. Her kom det fleire tilbakemeldingar til vidareutviklinga av prosjektet. I utviklingsgruppa blei omgrepet sosial støtte diskutert knytt til kva gruppa tenkte om fenomenet sosial støtte, kva erfaringar ein hadde med å gi og få sosial støtte, og ein drøfta eigne erfaringar i relasjon til vidareutviklinga av prosjektskissa og forskingsspørsmåla. Vi var einige om betydinga av å utforske kva som kan vere med på å fremje sosial støtte når ein strevar med psykiske helsevanskar, og kva som kan vere med på hindre eller øydelegge for opplevinga av sosial støtte. Dette fokuset var også motivert av ein systematisk litteraturgjennomgang av forskinga på området, som blant anna er utgangspunkt for artikkel 1 i avhandlinga.

Det blei etter kvart rekruttert ein forskingsmedarbeidar med eigenerfaring som vil vere med-forskar gjennom heile prosjekt-perioden. Vi søkte supplerande driftsmidlar slik at med-forskaren i prosjektet kunne få betalt for arbeidet. Hovudmotivasjonen var grunna i at med-forskar med erfaringskompetanse kan gjere det lettare å rekruttere deltakarar til studien, legge til rette for betre tillit og meir ærlege samtalar i intervju-situasjonane, samt bidra med sitt unike erfaringsperspektiv i heile forskingsprosessen. Rose-Marie Bank har deltatt som med-forskar i prosjektet. Rose-Marie er utdanna sjukepleiar og har eigenerfaring knytt til langvarige helsevanskar. Ho har ein master i psykisk helsearbeid og har i tillegg erfaring som skribent og med forskning gjennom sitt engasjement som hospitant ved Universitet i Sørøst-Noreg. Vi kjende kvarandre litt frå før og hadde eit godt utgangspunkt for å kunne samarbeide i dette prosjektet. Prosjektet har ført oss endå tettare saman og har utvikla seg til eit støttande lite fellesskap, der vi har fått sjansar til å både utfordre kvarandre og yte omsorg til kvarandre i ulike fasar av forskingsprosessen. Prosessen har òg medført nokre utfordringar kva gjeld rolle-forvirring og samarbeid som eg skal kome tilbake til.

Kva betyr mi eiga livserfaring i dette prosjektet?

Kva utgangspunkt hadde eg når eg gjekk inn i denne prosjektutviklinga? Eg hadde arbeida som sosialarbeidar innan psykisk helse i om lag sju år, og hadde sjølv eigenerfaring med psykiske helsevanskar. Både eigne helsevanskar og psykiske helsevanskar i familien. I løpet av denne forskings-perioden hadde eg og eit opphald på Lovisenberg (2019) i Oslo, på grunn

av ein overveldande depresjon. Det ante meg at denne dagen måtte kome! Slik kan det altså gå når ein skriv doktorgrad. Det betyr at eg sjølv har eigenerfaring med å vere brukar av psykisk helse-teneste på ulike nivå; erfaringar som på mange måtar, for eigen del, har bekrefta at tenestene er særst medisin-orienterte. Då eg blei akutt innlagd på Lovisenberg i 2019 blei eg tildelt eit isolat-rom ved akuttavdelinga. På rommet, som var så sterilt ein kan førestille seg eit rom kan vere, var handtaka på dørene forma som glatte geite-horn, bøygd nedover, slik at ein ikkje skal klare å henge seg i dei. Ei innretning prega av risiko-psykologi framfor omsorgs-filosofi? På dette rommet hadde eg to forferdelege døgn, berre avbrott av diskusjonar med ein psykiater knytt til medisiner, og starta opp med to typar antidepressiva. På mange måtar, og spesielt i ettertid, ligg denne uverkelege kjensla av at dette skjedde, som føler at det er for galt når vi er sjuke, at vi får tildelt eit rom som minner om fengsel-celler. Det var ei kjensle av å vere kriminell, da eg var sjuk og aller mest trengte omsorg. Etter to døgn blei eg flytta over til ei open avdeling, fullstendig nedsløva av medisinen (noko som for så vidt var greitt, fordi underskotet på søvn var så stort).

Rolla mi som forskar i denne samanhengen ber preg av mi eiga erfaring. Både erfaringa med det generelle eksistensielle tilværet, med depresjon, og erfaringa som fagperson. Dette er openbart ei sentral drivkraft både for forskingsprosjektet sitt tema, og samarbeidsorienteringa. Denne erfaringa gjer meg endå sikrere på at vi har ein lang veg å gå før tenestene er omsorgsorienterte og kontekstuelle. Den viktigaste faktoren for mi betring var kontakt med venner og familie, noko som eg organiserte og la til rette for kunne skje på eigenhand. Det er viktig for meg å understreke at eg ikkje har eit personleg vendetta retta mot psykiatrien, men at erfaringa mi fell inn i rekka av erfaringar brukarar av tenestene ofte har; at vi har behov for noko mykje meir annleis.

Den kanskje viktigaste drivkrafta for all forskning er nysgjerrigheit og undring. Å filosofere, som bokstaveleg talt betyr *kjærleik* (philo) for *kunnskap* (sophia), over eigen praksis og erfaring, har vore sentrale drivkrefter for meg. Med bakgrunn i eigen erfaring, kan eg kanskje seie at eg er både *insider* og *outsider*? Eg og vi har vore forskarar som utforskar *andre* si livsverd i relasjon til sosial støtte, psykisk helse og betringsprosessar – samtidig som vi sjølv har erfaring med psykiske helsevanskar, og med å bruke eller samhandle med tenestene. Eg tenker ikkje at vi kan vere *insiders* i andre sine liv eller erfaringar – men eg har opplevd i feltarbeidet at det å vere open kring egne erfaringar har *opna* opp for ein større nærleik til deltakarane. I beste fall har dette skapt eit større rom og vilje til å dele, som deltakarane i denne studien har gjort så raust. På den andre sida; mi eiga livserfaring og mine egne

opplevingar i møte med tenestene, betyr nok at eg umedvitent leiter etter bestemte ting som kanskje kan bekrefte det eg opplevde. Eg har som forskar forsøkt å bevisstgjere dette etter beste evne, og det har vore ein fordel at vi har samarbeida om både datainnsamling og analyse-prosessane.

4.2 Demokratisk kunnskapsutvikling i praksis?

Brukarar og brukarorganisasjonar har jobba lenge med å etterlyse breiare behandlingsformer med meir vekt på erfaringskunnskap, og sakna større fokus på levekår. Det er i dette feltet og i desse samanhengane samarbeidsbasert forskning kring psykisk helse utviklar seg, med ambisjon om betre demokratisering av forskning (Karlsson & Borg, 2021). Dette prosjektet er på ingen måte fullverdig demokratisk, ei heller ontologisk og epistemologisk mangfaldig nok. Dei demokratiske elementa i ulike forskingsprosjekt kan gjere seg gjeldande på ulike nivå. I vår samheng er utviklinga av forskingsspørsmål i samarbeid med brukarar og brukarorganisasjonar eit forsøk på å demokratisere design og fokus for forskinga; at vi gjennom ulike ontologiar forsøkte å utvikle prosjektets ontologiar og epistemologiar. Å utvikle forskingsspørsmåla saman med andre som har erfaring med langvarige psykiske helsevanskar, og som har brukt eller brukar tenestene – som vi har gjort – kan opne opp for ein større diskusjon om kva kunnskap som er vesentleg å rette merksemda mot. Kva tema ønsker dei som kjenner feltet skal undersøkast nærare og studerast vidare?

Eit anna demokratisk prinsipp, er å kunne gjere forskinga så *tilgjengeleg* som mogleg – noko som er ei utfordring all den tid publisering av vitsskapelege artiklar ikkje akkurat blir lest i breie lag. Det krev at vi som forskarar deltek på ulike arenaer kor erfaringane og funna kan bli løfta fram og diskuterte. For vår del har det i tillegg til å skrive vitsskapelege artiklar betydd å skrive kronikkar, delta på seminar til nasjonalt kompetansesenter for erfaringskunnskap (2019), bidrag gjennom førelesingar og så vidare. Her har eg som stipendiat og med-forskar Rose-Marie samhandla så tett som mogleg – både i det vi har gjort og presentert saman, og gjennom diskusjon med kvarandre i forkant av framlegg vi har gjort på eigenhand.

Karlsson og Borg (2021: s.64) skriv om samarbeidsbasert forskning at det kan vere:

(...) eit vesentleg bidrag til ei auka demokratisering av kunnskapsutviklinga innan psykisk helse- og rusfeltet. Ein tilgang til å bryte ein paternalistisk kultur, eit einsidig kunnskapssyn og tilslørande bruk av kunnskapsmakt *kan* vere (...) demokratisk kunnskapsutvikling gjennom eit samarbeid som inkluderer alle dei som har erfaringar med det som skal undersøkast eller utforskast. Altså personer sine levde erfaringar

med til dømes psykisk uhelse eller rusbruk og alt dette inneber for personen og han sitt/ho sitt sosiale nettverk (mi omsetjing).

Som vi var innom må dette innebere ein auka tilgang til akademia for ulike målgrupper. Dilemma som oppstår i samarbeidsbasert forskning kan vere mange. Til dømes har eg opplevd det som krevjande å inkludere med-forskar Rose-Marie godt nok i alle delar av prosessen, både på grunn av avgrensa kapasitet frå begge si side, og fordi krava om at eit doktorgrads-arbeid skal vere prega av sjølvstende. Eg meiner vi likevel har fått til eit samarbeid som kan ha styrka kvaliteten på arbeidet. Ein kan òg argumentera at det å navigere eit samarbeid krev stor grad av sjølvstende og medvit om i kva fasar det er avgjerande å diskutere det som skjer undervegs i forskinga – for å sikre at våre ulike perspektiv har fått rom til å møtast. Dette blir omtala meir omgåande i analyse-kapittelet; både betydinga av sosial støtte mellom oss i forskingsprosessen, og korleis vi har sett ting og oppdaga fenomen på like og ulike måtar.

Verdilada forskning?

Med dette bakteppet kan ein seie at forskinga i dette prosjektet er *verdilada*, noko som i enkelte tilfelle kan vere både ønskjeleg og til hjelp. Det vil seie at forskarane ikkje alltid skal vere nøytrale eller objektive, men ofte heller posisjonere seg og bruke seg sjølv i forskingsprosessen (Borg & Kristiansen, 2009). I denne forskingsprosessen er det ei klar normativ og verdilada haldning at å inkludere personar med eigenerfaring kan heve kvaliteten på arbeidet. Vidare er det å undre seg og å omfamne prosessen der eigne haldningar og erfaringar blir utfordra viktig. Å bruke eigne reaksjonar som forskarar kan vere ei viktig kunnskapskjelde, og ein viktig del av dømmekrafta under tolking og analysing av data (Borg & Kristiansen, 2009).

Dette krev sjølvsgt ei særleg reflektiv haldning til forskingsprosessen. Mine eigne erfaringar, interesser, politiske sympatiar, lidenskarar, mine mål og min (flyktige) identitet, vil forme denne forskinga. Denne varianten av refleksivitet er personleg, og om studien er truverdig kjem i stor grad an på om forskaren(-ane) har evna å reflektere rundt korleis dette påverkar resultatet (Willig, 2013). Den epistemologiske varianten av refleksivitet går meir ut på drøftinga av moglegheitene for at forskningsspørsmåla kan vere definerande for kva slags resultat som blir generert ut frå datamaterialet (Kvale & Brinkmann, 2015). Både forskningsspørsmåla og min/vår biografiar har påverka heile forskingsprosessen, og kanskje spesielt korleis datamaterialet har blitt handsama og forstått. Likevel er erfaringane og perspektiva til dei vi har snakka med i hovudsetet.

Recovery-orienteringa og oss

Som ein del av det metodologiske bakteppet er det viktig å understreke av både eg, hovudrettleiar Bengt og med-forskar Rose-Marie på ulike måtar identifiserer oss med Recovery-orienteringa. Parallelt med utviklingstrekk i forskinga har det vore endringar i det rådande synet på folk som er annleis, mykje fordi Recovery-orienteringa ifølgje Karlsson & Borg (2021), både frå forskarane si side og frå samfunnet si side spør: Kven er desse andre som forskarar og samfunnet ville forstå og eventuelt hjelpe? Pasientar, klientar og brukarar – eller medmenneske og medborgarar? Begge deler? Ein person som lev eit liv som liknar mitt kva gjeld draumar og ønske om å leve eit godt og meningsfylt liv?

Vi har kome eit stykke på veg, og etter kvart har det vore meir plass til engasjement frå folk med eigenerfaring til å uttale seg og ta meir kontroll. Kvinner, afroamerikanarar og menneske med ulike fysiske funksjonshindringar var blant dei fyrste til å kome meir aktivt inn i forskingsprosessar (Borg & Kristiansen, 2009). Men som Volden (2009) løftar fram tok det lengre tid før folk som sleit med langvarige psykiske helsevanskar blei teke alvorleg som gyldige kunnskapskjelder og vart inkluderte i forskinga. Vi er likevel vitne til ei forsiktig positiv utvikling, sjølv om det ofte går litt for sakte framover – og i nokre tilfelle i revers.

Menneskesynet slik vi ser det, har openbart etiske og tydelege metodologiske implikasjonar. Definisjonsmakta i samfunnet og i språket er alltid med oss. Det kan føre til klarheit, forståing, positiv kontakt – og det kan skapa blinde flekkar, konflikt og barriere for kontakt mellom folk. Den opne dialogen kan fort bli ein naiv og utopisk draum. Korleis ein forstår psykiske helsevanskar og omtalar menneske som strevar med psykiske helsevanskar har endra seg, men den overdrivne medisinske og psykiatriske forståinga har vi sett stadig har eit slags jerngrep i feltet. Det er likevel grunn til å hevde at vi er godt inne i eit paradigmeskifte; fleire med psykiske helsevanskar og lidingar ønsker å bevege seg vekk frå å vere objekt for dei kronisk friske sitt blikk, til å bli subjekt i alle posisjonar og på alle nivå (Volden, 2009).

Kan vi summere kva menneskesyn som rådar i vår livsverd – dette prosjektet si livsverd? Vel, eg kan ikkje gå inn i Rose-Marie og Bengt sine kroppar. Menneskesynet i denne studien er at møte mellom oss alltid dreiar seg om subjekt-subjekt- møte, og *personar i sine situasjonar-møte*, som alltid lev sine liv i ein sosial og økologisk kontekst. Her er vi på linje. Det betyr ikkje at eg alltid klarer å møte andre på opne måtar utan fordommar. Det betyr heller ikkje at folk ikkje har noko ansvar for å ta grep i eige liv – men at det stort sett er ein grunn til at ein utviklar psykiske helsevanskar som oftast ligg utanfor eigen kontroll. Vi meiner at psykisk

helsearbeid kan kome vidare om sosiale perspektiv og tiltak får større plass. Når det er sagt; stort engasjement og ein så tydeleg kritisk posisjon mot det psykiatriske paradigmet kan føre til blinde flekkar og svekka nyansering. Som forskarar har vi følgjeleg eit vitskapeleg ansvar for å la datamaterialet tale for seg, i all sin kompleksitet – og som fenomenologisk innstilte vesen har vi vore samstemte om å aldri slutte å undre oss eller bli overraska over det som møter oss. Eg er i tvil, og tvilen er i meg.

Å forske saman for kunnskap om psykisk helse: utfordringar i samarbeidet

Med-forskning er som Kristiansen (2009) seier det så fint, eit stort og gammalt tre med mange røter og greiner og nokre frø som har reist verda rundt. Eit historisk blick kan sporast tilbake til dei ulike formane for «deltakings» og «aksjonsbasert» forskning, utviklingstrekk i synet på og forståinga av kunnskap, og endringar i samfunnet sitt syn på dei som er «annleis». Med-forskning er i stor grad basert på trua om at folk med eigen/brukarerfaring kan endre eller styrke forskingsprosessen ved å delta i heile prosessen (Borg & Kristiansen, 2009). Dette har vore ein viktig motivasjon i dette prosjektet: med-forskar Rose-Marie har slik eg ser det vore med på å utfordre, supplere og tilføre ein større rikdom til forskingsprosessen. Vi har vore einige om mykje, men vi kjenner kvarandre godt nok til å kunne utfordre kvarandre og tørre vere ueinige. Vi har sett ulike ting i prosessen med analysearbeidet, og difor hatt moglegheita til å hjelpe kvarandre med å fange opp tema og detaljar som kanskje elles ville gått forbi mitt avgrensa blick. Undervegs har vi forsøkt å ha ein open dialog om prosessen. Rose-Marie har mot slutten peika på nokre utfordringar ho opplevde undervegs, og summert dei i tre kategoriar: (1) eit sagn etter ei større rettleiingsgruppe til å drøfte relevante utfordringar, erfaringar og spørsmål (2) for lite informasjon ved prosjektstart knytt til planar og framdrift, noko ho etter kvart sa frå om og som betra seg og (3) tidsperspektivet: det er utfordrande å vere med-forskar i eit prosjekt, der det er knytt usikkerheit til kor mykje tid ein bør setje av i ulike fasar av forskingsprosessen. Dette kunne føre til usikkerheit og uføreseielegheit for Rose-Marie. I kor stor grad kunne ho seie ja til andre arbeidsoppdrag? Kor mykje kunne ho forvente å få betalt for deltakinga i dette prosjektet (sjølv om vi visste på førehand det ikkje var allverden, men at avtalen var å skrive timar undervegs)? Dette er problematiske aspekt vi gjerne skulle avklart betre.

Sjølv om vi begge har hatt glede av samarbeidet – har det altså ikkje vore fritt for utfordringar. For meg har det vore ulike krav og forventningar til det å vere stipendiat som til tider har gjort det utfordrande å halde oppe den nødvendige informasjonsflyten, og

samarbeidet; spesielt i startgropa når det var mange ting å setje seg inn i på ein gong. Her kunne eg og vi med fordel laga tydelegare planar for samarbeidet, og forventa tidsbruk i dei ulike fasane for prosjektet. Det var mitt ansvar, og eg ser eg kunne gjort dette betre. Samstundes er det eit krav og ei forventning av det å vere stipendiat er ei «individuell reise», og det er *stipendiaten* som må drive arbeidet framover og vise sjølvstende. Eg håper at måten vi har klart å navigere gjennom dette samarbeidet, viser nettopp det, samtidig som det kanskje kan gje nokre kritiske perspektiv på og problematisere stipendiat-tilværet som «ei individuell reise». Under midtvegs-seminaret fekk eg til dømes ikkje løyve til å inkludere med-forskar Rose-Marie i framlegget og presentasjonen av prosjektet. Det synes eg var rart, og vitnar om ei noko avgrensa forståing av kva sjølvstende kan innebere. Eg meiner at eit prosjekt eller stipendiaten ikkje blir «mindre sjølvstendig» av å ha med ein så viktig aktør i dialogen kring prosjektet. I eit samarbeidsbasert prosjekt med fokus på med-forskning, skulle ein tru at det var heilt grunnleggjande at begge stemmene kom fram i eit så viktig seminar for prosjektet. Det skal seiast at Rose-Marie ikkje var ekskludert frå sjølve seminaret, men i sjølve presentasjonen av prosjektet.

Vi opplevde, trass ein del rusk, at dette gjekk seg betre til utover i prosjekt-perioden. Noko begge har satt ord på i samtalaner vi har hatt når prosjektet nærma seg slutten, er kor avgjerande den sosiale støtta mellom oss har vore – spesielt i prosessen med datainnsamling, i analyseprosessane og skriveprosessane. Rose-Marie skreiv etter at vi hadde gått gjennom nokre sentrale utfordringar og friksjonar at: *«jeg MÅ kommentere at det har vært en fornøyelse å samarbeide med deg. Og jeg har lært masse av disse utfordringene. Så utfordringer kan også være veldig positivt. Og støtten du har vist meg underveis har vært helt uten sidestykke. Det er jeg deg evig takknemlig for»*. Her snikskryt eg litt, kanskje. Men, hovudpoenget her er at Rose-Marie skreiv det eg sjølv følte, knytt til at støtta mellom oss har vore gjensidig, og kanskje eit venskap har utvikla seg. Eg tenker at prosjekt-prosessen vår kan gje viktige lærdommar i utviklinga og design av andre samarbeidsbaserte prosjekt, kor med-forskar(ar) skal vere ein sentral del av prosessen.

4.3 Sosialkonstruksjonismen og forståing av kunnskapsproduksjon

Det mest naturlege i denne studien er å ta steget inn i dette store kunnskapsparadigmet som kallast sosialkonstruksjonismen. Korleis er denne studien sosialkonstruksjonistisk? Kvifor? Og korleis tenker vi kring kva forskning kan vere? Kan vi vere objektive forskarar, utan påverking

av dei rundt oss, eller er eg som forskar opptatt av å forstå meg sjølv som skapar av kunnskap knytt til den kulturen eg er ein del av? Slik eg forstår Karlsson & Borg (2021) er dette grunnleggjande ontologiske spørsmål, og *refleksive*, i den forstand at ein tenker kring og utforskar si eiga og andre si påverkingskraft i vitskapings-prosessane. Innan sosialkonstruksjonismen er det ikkje uvanleg å tenke at mening, eller røyndomen, ikkje kan finnast i nokon sitt sinn – og at det ikkje er opp til enkeltindivid å avgjere kva mening eller røyndom faktisk er (McNamee, 2010). Gergen (2015) skriv at i kvalitativ forskning er det ikkje slik at ein (berre) avdekkjer noko som allereie eksisterer. Ein er heller som forskarar med på å konstruere kunnskap om dei fenomena som blir undersøkt og utforska. Dette er i tråd med idear om korleis filosofien og vitskapeleg aktivitet heile tida er med på å konstruere ulike konsept som vi forstår røyndomen gjennom (Deleuze & Guattari, 1996), samt aktør-nettverk-teori (Latour, 2005).

Vidare vil ein frå eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv oftast hevde at kunnskap alltid er uløysleg knytt til sosiale og kulturelle prosessar. Vår haldning til sosial-konstruksjonismen som paradigme i det samarbeidsbaserte, er at denne -ismen kan vere med på å gje ein god grunnmur og inspirasjon. Eg trur det er mogleg å avdekka og utforske noko som allereie eksisterer, og samtidig konstruere ny kunnskap og knyte kunnskapen an til viktige samfunnsspørsmål. Når vi snakkar om konstruksjon av – og samskaping av – kunnskap er det kanskje problematisk å kalle det som har blitt konstruert i denne studien for *funn*? Vi gjer det likevel, sidan det som er konstruert og skapt kan fasthaldast som noko vi har *funne* i dataskapings-prosessen.

Vi tar ein snartur innom ontologi(-ane), metafysikken og «vitskapskrigen» (som Brinkmann (2017) kallar denne brytninga). Fysikk er som vi veit vitskapen som først og fremst bryr seg med den fysiske verda og korleis objekt rører seg gjennom rom og tid. Metafysiske spørsmål derimot utforskar dei ytterste samanhengane i røyndomen og eksistensen, og fenomen som vanskeleg er observerbare. Her kjem termen ontologi inn i biletet, ein term som stammar frå greske ontos logos, og bokstaveleg talt betyr studiet (logos) av/om verden (ontos) (Brinkmann, 2017). Kampen i filosofi-historia over materialisme (verda er til sjuande og sist konstruert av fysisk substans, som partiklar i rørsle) versus idealisme (verda og røyndomen er bygd opp av idear) ser ut til å vere ein evig kamp. Eksisterer matematikk utan menneske? I det siste åra har desse ulike inngangane til å forstå og utforske verda og livet blitt kjempa om under fanen «vitskapskrigen»; med materialistar på den eine sida, som kjempar for å forsvare prinsippa og metodane i naturvitskapen. Sosialkonstruksjonistar på den andre sida, som omfamnar den

sosialt konstruerte naturen kring ideane våre om verda og livet (Brinkmann, 2017). Mange av oss vil nok ikkje kjenne oss igjen i ein så stringent dikotomi, og *heie* på at vi treng bevegelsen mellom desse ontologiane, og eit mangfald av epistemologiske tilnærmingar for å utforske tilværet.

Vitskapskrigen er likevel ikkje irrelevant i vår samanheng, all den tid vi forsøker å utvikle supplerande ontologiar som er meir subjekt-subjekt-orienterte. Brinkmann (2017) trekk fram at dette meir generelt handlar om ein ontologisk kamp mellom realistar og anti-realistar. Realistane meiner at verda har nokre sikre eigenskapar uavhengig av mennesket si evne til å begripe eller vite om dei. Der er ein måte røyndomen og eksistensen er, som kan bli oppdaga og representert gjennom systematisk bruk av vitskapelege metodar. Anti-realistar kan tvila på det, og heller argumentere for at det er menneskeleg aktivitet knytt til det å vite og skape meining, som skaper det vi kan vite noko om. I denne diskusjonen, som raskt kan bli veldig generell, er det viktig å minne om at dei fleste ikkje er anten reine realistar eller anti-realistar. Vi har òg ulike oppfatningar av kva realisme er og kva som er rasjonelt. Diskusjonen handlar meir grunnleggjande om kva vitskap faktisk er eller kan vere, og korleis vi kan vite noko om noko. Likevel er «vitskapskrigen» framleis pågåande – fordi vi har ein tendens til å polarisere og utvikle skylappar i dei leirane vi bur og får næring i. Dette bygg ei bru til kva eit forskingsprosjekt faktisk vil utforske og er nysgjerrig på, som i sin tur avgjer det metodologiske og metodiske grunnlaget, meiner eg. Kvifor har vi valt ei kvalitativ orientering? Wadel (2014) forklarar det enkelt: kvalitativt orientert forskning og kvantitativt orientert forskning skil seg frå kvarandre fordi ein vektlegg ulike teoretiske perspektiv og metodar (avhengig av forskingsspørsmåla). I vårt tilfelle handlar nysgjerrigheita først og fremst om menneskelege erfaringar, og mellommenneskeleg samspel i kontekst. Vi er i felt og vi gjer feltarbeid, der vi søker etter individuelle, relasjonelle og kontekstuelle forklaringar på fenomen(a) vi utforskar. Vi søker djupare kunnskap om samspelet mellom erfaringane og kontekstane – mellom personane i økologien. Det er i dette samspelet vi har forsøkt å finne noko, med hjelp av det dei metodiske og analytiske verktøya vi har valt.

Ofte blir utsaknet «forskning viser at...» brukt til å legitimere politiske avgjerder eller vedtak i diskusjonar om kva som kan vere klokt å gjere knytt til sosiale problem, samfunnsproblem og individuelle vanskar som vi har (Karlsson & Borg, 2021). Dette utsaknet uttrykker ikkje ein likeverdige pluralisme kva gjeld forståinga av forskning, hevdar Karlsson & Borg (2021) vidare, og flaggar dette; det beste ein kan seie om forskning, er at forskning viser mange forskjellige ting. Svara er avhengig av kva ein spør om, korleis ein spør, og vidare korleis spørsmåla blir

undersøkt, analysert og tolka. Sjølv vil eg hevde at det er bra at politikken stadig vekk aukar kunnskapsgrunnlaget for avgjerder og retning – og kanskje i mindre grad vert styrt av ideologiske kjepphestar. Likevel, eg følgjer Karlsson & Borg (2021) ved faresignala knytt til ei trong forståing av kva kunnskap og forskning kan vere. At det openbart er knytt nokre problem til at vitskap kanskje har utvikla seg til å bli den største religionen i Vesten (Foucault, 1967) og at politiske avgjerder openbart treng å vere baserte på eit breiare kunnskapsgrunnlag enn randomiserte kontrollerte studiar. Sjølv har eg og vi brukt formuleringa «forskning viser at...» fleire gongar i denne studien. Er det noko forskinga ikkje viser – som vi treng å utforske?

Gergen (2015) forfektar at sosialkonstruksjonisme ikkje har som mål å presentere sanningar, men at ein i beste fall kan legge til rette for at rammene for det som ofte blir tatt for gitt blir utfordra, og at ein i forlenginga av dette kan frigjere seg frå det konvensjonelle. Kva betyr det i vår samanheng? Sjølv om denne studien på mange måtar er forankra i sosialkonstruksjonismen, betyr dette ikkje at andre perspektiv *ikkje* er relevante i forståinga av det sosiale livet og psykiske helsevanskar. Vi har likevel valt ei kvalitativ orientering i forskinga fordi vi meiner det gir meir rom til å utforske forskingsspørsmåla i djupet. Vi har valt ei teoretisk og vitskapsteoretisk orientering som på mange måtar er forankra i sosialkonstruksjonismen; fordi vi er med på å skape kunnskapen som deltakarar i felt, i datainnsamlinga og i vårt tolkingsarbeid. Vi er med på å skape kunnskapen fordi vi har erfaringar som vi meiner kan brukast i forskingsprosessen, og som dermed vil påverka forskinga og konstruksjonen av røyndene og funn.

4.4 Fenomenologisk og hermeneutisk inspirasjon i avhandlingsarbeidet

Filosofiane og teoriane som har gitt og gir liv til kvalitativ forskning er mange. I denne studien har det sosialkonstruksjonistiske, fenomenologiske og hermeneutiske perspektivet størst plass i det metodologiske grunnlaget, og i dataskapinga og tolking av data. Vitskapane kan betraktast som menneskeleg praksis som vi engasjerer oss i for å produsere kunnskap på systematisk vis. Som vi var innom kan produksjonen og vit-skapinga ta mange ulike former. Human- og sosialvitskap er avhengig av å forsøke beskrive dei fenomena som vi faktisk erfarer. Dette kan seiast å vere eit startpunkt for fenomenologi som ei deskriptiv tilnærming til det vi utforskar og erfarer (Brinkmann, 2017); forsøk på beskrive erfaringar og fenomen.

Fenomenologi handlar ofte om menneske sine levde erfaringar, eller utforskinga av andre livsformer sin subjektivitet for den saks skuld, og om å beskrive den moglege essensen i desse erfaringane. Ein kjend skikkelse innan fenomenologisk filosofi er Edmund Husserl (1859-1938). Ambisjonen til Husserl var å utvikle ein filosofi og vitskap for å betre begripe det subjektive i den menneskelege verda. Husserl blei mest kjend for sin deskriptive/beskrivande fenomenologi, der eit fenomen skulle bli studert mest mogleg utan påverking av egne fordommar og førehandsprega haldningar. Det blei stilt spørsmål om kor vidt dette var mogleg, og i forlenginga av dette blei den hermeneutiske (eller eksistensielle) fenomenologien utvikla, som ofte er representert av Heidegger, Sartre, Merleau-Ponty og ja; til og med Wittgenstein (Brinkmann, 2017). Det blei danna i bru mellom fenomenologien og hermeneutikken. I dette samspelet blir det lagt vekt på at korleis ein ser erfaringar alltid vil vere påverka av den som lyttar og vidare korleis ein til dømes les og fortolkar datamateriale. Wittgensteins er ikkje ein typisk filosof å finne på lista over fenomenologar. Wittgenstein delte med Husserl og andre fenomenologar ein ambisjon om å beskrive. Som Merleau-Ponty var Wittgenstein interessert i språket som ein inkorporert praktisk aktivitet, og som Heidegger var han interessert i å bringe ikkje-tematiserte bakgrunnar fram i ljuset (Wittgenstein, 1953). Det er dette som kan gjere oppdaginga mogleg; av det vi seier og gjer som noko meir meningsfylt. Meaning var ifølgje Wittgenstein ikkje kopla til mentale representasjonar i skallane våre, men heller til sosiale praksisar, der språket, aktivitetane og samtalane våre er avgjerande sosiale praksisar (Wittgenstein, 1953). Wittgenstein ga kanskje mykje av dei same svara som andre kjende fenomenologar; nemleg at vi må sjå til livsverda – verda som faktisk levd, erfart og snakka om, om vi ønskjer å forstå menneske betre.

Kjernen i den fenomenologiske inspirasjonen i denne studien er at vi håper på å kunne gjere noko av det openbare openbart. At ingenting er skjult er ei filosofisk innsikt, ifølgje Wittgenstein, og kan knytast til motivasjonen bak nyare fenomenologisk tenking og hermeneutikk. Brinkmann (2017) løftar fram noko av dette grunnleggjande i fenomenologien: at ingenting av filosofisk interesse er skjult, men at openbare og grunnleggjande fenomen kan bli så openbare for oss – så implisitt i språket vårt, handlemåtene våre og erfaringane våre – at vi feiler med å oppdage dei. Difor er vår fenomenologiske interesse å gå inn i dette. Kanskje er det noko som ligg i erfaringane, i samtalane og samhandlinga rundt sosial støtte (og samanhengane mellom sosial støtte og psykisk helse) som er så openbare at vi ikkje ser det?

Hermeneutikken er nært relatert til fenomenologien, og den enkle definisjonen av hermeneutikk er at det handlar om *kunsten å fortolke*. I utgangspunktet var hermeneutikken utvikla som ein metode for å tolke tekstar – hovudsakeleg bibelske tekstar (og blei difor danna som retning før fenomenologien) (Brinkmann, 2017). Korleis kan vi forstå meininga med og bak teksten? Spørsmåla utvikla seg vidare til: korleis kan vi forstå liva våre og liva til andre menneske, til det meir kompliserte: kva er modusen og motivasjonen i livet til den/dei som skal forsøke å forstå? (Heidegger, 2002) Vi kjem ikkje utanom eit relativt omfattande tolkingsarbeid av datamaterialet som blir produsert i denne studien. Dette kan vidare seiast å vere startpunktet for mange forskarar som er opptatt av fortolking, og som argumenterer for at human- og sosialvitskapen forsøker å fortolke menneskeleg røyndom som allereie er eit resultat av fortolkingar. Giddens (1976) har referert til dette som dobbel hermeneutikk, for å påpeike at sosialvitskap består av fortolkingar av fortolkingar, som i sin tur kan ende opp med trippel hermeneutikk. Trippel, fordi forskarane sine fortolkingar blir ført tilbake til praksis og til liva til dei som har blitt fortolka. Vår oppgåve som forskarar, slik eg ser det, er å ikkje fortolka datamaterialet i hel – men bruke dei verktøya vi ser som er mest relevante til å få fram deltakarane sine perspektiv, og livsverd, på ein best mogleg måte. Ei anna sentral oppgåve er å setje det heile inn i ein større samanheng, som forhåpentlegvis vil stimulere til undring og diskusjon. Så kan vi kanskje vere sikker på at vi går glipp av noko uansett?

Poetisk fenomenologi – og poetisk realisme?

Å utforske fleire ontologiar i ei uendeleg samansett verd er kanskje noko av det vakraste med å kunne å forske, å undre seg, å lure på noko; å utforske eit eller fleire fenomen. Å vere i verda og møte andre som har liknande men òg heilt ulike erfaringar og forståingar enn det eg har. Menneske som har si unike livs- og erfaringsverd og historie å fortelje. Heidegger (2002) snakkar om at fenomenet i fenomenologien ikkje viser seg sjølv. Dei trekker seg tilbake i skjul og dveler der, og vi trur vi ser eller forstår det slik det viser seg, men fenomenet er ofte likevel gåtefullt ute av sikte for oss. Det er kanskje òg litt av naturen av å vere del av eit narrativ – til dømes den vestlege forteljninga om kva det inneber å vere menneske. Det kan bety at å vere vevd inn i forteljninga om korleis ting er, kan føre til at vi ikkje alltid les narrativ som narrativ. Narrativa kan vere meir skjult i vanleg og kjend sikt. Med eit fenomenologisk analytisk utgangspunkt er arbeidet vårt ofte å løfte fram fenomena ut av skjul, lokke dei fram frå gøymestadene på ulike måtar. Vi forsøker kanskje å lokke fram det ordinære i det ekstraordinære, og andre vegen rundt.

Å møte verda fenomenologisk kan kanskje forståast som å møte ei verd som ikkje er ferdig med å undre seg; å møte ei verd der det vidunderlege, det vide og underlege, ikkje kan bli utsliten (Mueller, 2017). Ifølgje Mueller (2017) betyr det å møte verda med ei fenomenologisk haldning, sjølve oppfatninga vår av fenomenene sine under, at møte ofte dukkar opp spontant i dei direkte møta med verdas aldri fullt ut forståelege kompleksitet. Kor ofte blir ikkje vi overraska over kor ulikt vi kan erfare liknande fenomen, som til dømes støtte? Ein fuglekoloni på himmelen? Kva påverkar tenkinga vår av eit omgrep og fenomen som sosial støtte korleis vi skal forstå, utforske og erfare det? Kva tilhøve påverkar korleis vi analyserer fenomenet støtte, med utgangspunkt i erfaringane og historiene? Kanskje er tilbaketrekkinga inn i det tenkande sinnet, i den Descartianske splitten mellom kropp og sinn, menneske og natur, det mest utfordrande og tjukkaste laget å fjerne? Om vi evnar å fjerne det – som Heidegger foreslår – kan vi føle djupare kring fenomenene, kome nærare kjernen av dette mørke omgrepet; tilværet.

Edmund Husserl manta fram at vi skulle gå til kjernen av fenomenene (*zu den sachen selbst!*) for å kunne begripe korleis tilværet blir sansa og opplevd gjennom andre kroppar (Brinkmann, 2017). Om vi skal kunne forstå kva støtte kan vere, og kva som kan få støtte til å blomstre eller visne, må vi gå inn i samspelet kor støtte kan skje – kor støtte blir erfart. Eit spørsmål som dukkar opp er: korleis kan vi unngå det? Om vi skal ta på alvor at vi er fininnstilt for relasjonar, avhengige sosiale dyr, er støtte noko som skjer og forhandlast om heile tida på ulike nivå. Vi har møtt dette fenomenet, erfart frå folk som står i vanskelege livssituasjonar, og dei som samarbeider med desse menneska. Vi erfarer det likeins sjølv heile tida både i samarbeidet – og i liva vi lev – i våre like og ulike miljø. Vi har vore nysgjerrige på kva som kan stå i vegen for støtte, og kva det er i *tilværet* som kan opplevast støttande, spesielt når livet svir som verst. Sidan støtte er eit samansett fenomen har det vore viktig for oss å utforske det frå ulike perspektiv; både ontologisk og epistemologisk. Den trygge vegen har vore å organisere og analysere datamaterialet tematisk og induktivt; tett på deltakarane sine utsagn, og i stor grad datadreven analyse og deskriptiv framstilling av funna – som vi har forsøkt å halde tett på hjelpemidla tematisk analyse tilbyr. Sjølv om tematisk analyse har sine openbare avgrensingar, meiner eg han er nyttig i prosessen med å vere tett på deltakarane sine uttrykte erfaringar.

Å forlate ein trygg sti og ta steget inn i villmarka er ikkje utan risiko. Til samanlikning med ein del andre akademiske disiplinar kan den fenomenologiske framgangsmåten nokre gongar verke meir poetisk. I nokre samanhengar kan stilen til eit fenomenologisk arbeid kanskje

skape grobotn for misforståing, og ein miks av skepsis og frustrasjon. Det er framleis ei viss forventning om at «god» akademisk skriving bør vere mindre poetisk, og tilfredsstillende ei slags kjølig lausriving. Heidegger (2002) beskreiv at *nærleiken* til poesi i det fenomenologiske ikkje er tilfeldig; det er eit slags program. Han tenkte at det utviklande og ikkje-fullstendige i poetisk praksis gir eit rom til fenomena, som ofte kan ta det komplekse ved dei og brette det ut i eit opent landskap. Deleuze & Guattari (1996) var òg opptatt av å dramatisere filosofien og vitskapen gjennom kunstnarlege uttrykk. Det skyver tankane i gong på ein annan måte. Poetisk språk og praksis, ofte i form av dikt, kan vere éin måte å kome tettare på tilværet:

The poetic is a way of speaking that enables us to give expression to the primordial experience of being within a world that is laden with meaning, a world that refuses to be reduced to objective data, where hiddenness and knowledge are not opposites but complementary aspects of being in the world. It is through poetic saying that we are able to “bring forth” that world, to bear witness to its inherent self-emergence. That bringing forth happens by tuning in. The poetic does not create resonance as much as it resonates with being. It does not make as much as it receives. It is not a flight of fancy. It is the fluid, ongoing, dynamic attempt to serve that receptivity (Mueller, 2017: s. 85).

Heidegger skriv òg at poetisk praksis ikkje er ein eksklusiv praksis for berre profesjonelle poetar; det er heller ein måte å bære eksistensen på, ei haldning i verda. Poetisk praksis og tilnærming til delar av denne studien er for oss ikkje ein luksus – ikkje ei utsmykking. Når vi vel det poetiske uttrykket, er det kanskje fordi delar av erfaringsgrunnlaget og funna kan løftast fram på ein klarare måte. Tilnærminga er motivert av eit ønske om å vite endå klarare, forsøke å løfte erfaringane fram på meir subtile måtar. Som å legge musikk til datamaterialet, slik at sansane kanskje oppdagar noko nytt, og både det unike og universelle i erfaringane og det observerte. Kanskje er dette poetisk realisme?

4.5 Metodar for dataskaping: fokusgruppeintervju og deltakande observasjon

Fokusgrupper

Kvifor fokusgruppeintervju og deltakande observasjon? Vi har valt fokusgruppeintervju for å samle informantar til å diskutere temaet og forskingsspørsmåla. Fokusgruppeintervju kan vere ei effektiv form for datainnsamling, fordi ein utviklar intervjudata frå fleire deltakarar samtidig (Tjora, 2013). Eit mål med å velje fokusgrupper har vore å fange opp samtalen rundt

tema og fenomena, og dei ulike meiningane som kom fram. At ein kan fange opp meiningane i den interaksjonen som skjer mellom deltakarane kan gje ein ekstra dimensjon til metoden – og gje meir rom til spontane meiningar og uttrykk i den sosiale interaksjonen (Brinkmann, 2013). Fokusgrupper kan difor ha same fordel som observasjonsstudiar har; nemleg å bruke interaksjon som anledning til å generere og skape data. Tjora (2013) peiker vidare på at fokusgrupper slik sett kan knytast til eit sosialkonstruksjonistisk vitenskapssyn.

Deltakande observasjon

Å delta meir aktivt og observere, kan gjere det enklare å stille vidare spørsmål i forkant og etterkant av intervjuopprosessar (Fangen, 2010). Ein kan utforske nærare – og høyre kva folk snakkar om når dei sjølv sett premissane for samtalanene. Begge stadene har vi forsøkt å tydeleggjere både vår eigen bakgrunn, og rolla som forskarar. Somme har kome til oss for å spørje meir om prosjektet, og nokre har naturlegvis vore meir nysgjerrige (eller meir frampå) i forhold til kven vi er, enn andre.

Det vi ser veks fram som ein stor fordel med å kombinere desse metodane, er at vi får: 1) fanga opp ein del av det vi kan kalle kvardags-diskusjonane knytt til forskingstemaet og forskingsspørsmåla og 2) får tilgang til å forsøke beskrive den faktiske og konkrete samhandlinga mellom folk som aktivt oppsøker tenesta.

Deltakande observasjon blei etter kvart viktig å omfamne som metode fordi vi såg behovet for ei meir aktiv rolle i feltet for å samle utfyllande data. Deltakande observasjon kan ofte innebere at ein følgjer deltakarane/målgruppa på dei ulike arenaene dei ferdast i gjennom kvardagen, og at ein er med på aktivitetar typisk for det miljøet deltakarane er ein del av (i vår samanheng aktivitetshusa i bydelane) (Fangen, 2010). Vi ville ha eit betre utgangspunkt til å kunne forstå kva som skjer i bydelane, med eit spesielt fokus på dei sosiale møteplassane som psykisk helseteneste sjølv organiserer. Det blei difor ganske raskt oppretta kontakt med aktivitetshusa for å informere om prosjektet. Det var òg ein fordel med tanke på rekruttering til fokusgrupper. Vi blei ønska velkommen begge stader, og det er hovudsakeleg eg som har jobba med den deltakande observasjonen, medan med-forskar Rose-Marie har vitja stadene saman med meg; både i forbindelse med fokusgruppene og deltakande observasjon. Vi har difor tenkt at prioritering av fokusgruppene (å intervjuje saman) har vore viktigast i vårt samarbeid om datainnsamlinga.

Wadel (2014) skriv om feltarbeid i eigen kultur og å vere sosiolog på seg sjølv. Kanskje spesielt i deltakande observasjon er dette viktig, og Wadel trekker fram tre forhold til bevisstgjerung:

- 1) At ein er bevisst sitt eige rollerepertoar og kva slags rolle ein til ein kvar tid sjølv tar eller blir gitt av informantane sine. Dette fordrar at ein òg er klar over informantane sine rollerepertoar.
- 2) At ein er i stand til å utnytte seg sjølv som informant. I eit kvart feltarbeid ta/bli gitt nokre lokale roller. Desse lokale rollene kan forskaren utnytte på ein slik måte at han blir sin eigen informant.
- 3) At ein gir merksemd til at eins eigne kulturelle kategoriar, og ikkje informantane sine eigne kategoriar, ofte dirigerer kva ein observerer. Dette gjeld i større grad i studiar av eigne samfunn enn ved studiar av framande samfunn.

Feltet og stadene

Bydelane i Oslo tilbyr fleire tenester for menneske som opplever psykiske problem eller psykiske kriser. Ein kan søke slike tenester sjølv, eller be fastlege eller behandlar (for dei som har det) om støtte til å søke seg til rett teneste. Tilbodet ein får er avhengig av kor alvorleg livssituasjonen er og kva ein sjølv meiner skal til for å få det betre. Søknaden går gjennom eit søknadskontor som tek kontakt med søkaren for ein kartleggingssamtale før ein får tildelt teneste. Det mest vanlege er at ein får ein kontaktperson/psykisk helsearbeidar for personleg oppfølging og samtalar. Tilboda varierer noko i dei ulike bydelane, men Oslo kommune skriv at hjelpa skal bli tilpassa den enkelte sitt behov. Nokre av tilboda kan vere (Oslo kommune, 2021³):

- Personleg oppfølging og samtalar
- Hjelp til å lage struktur i kvardagen og finne meningsfulle aktivitetar
- Individuell plan og hjelp til å finne riktige tenester
- Støtte til betring og meistring
- Gruppetilbod som til dømes depresjonsmeistring, turgruppe og samtalegruppe
- Vaksne kan få tilbod om kurs ved aktivitetshusa eller frisklivssentralane
- Oppfølging i ein krisesituasjon

³ <https://www.oslo.kommune.no/helse-og-omsorg/helsetjenester/psykisk-helse/#gref>

Vi vitja to aktivitetshus og møtestader i dei ulike bydelane for deltakande observasjon. Desse stadene tilbyr lågterskel-tilbod – ofte med samansetjing av både fagpersonar, brukarrepresentantar og frivillige. Oslo har totalt 18 slike aktivitetshus. Vi vitja fire av desse i forbindelse med førebuinga av fokusgruppene, kor to av dei blei valt ut til å delta i ulike aktivitetar over fleire gongar gjennom deltakande observasjon. Den eine staden var ein vakker villa med rikt uteområde/hage, den andre staden eit typisk kommunalt bygg utan uteområde/hage. Denne deltakinga varte i ei periode på 6 månadar (2018) i eit tidsrom på fire timar per dag; tysdagar den eine staden og fredagar ved den andre staden. Her deltok vi – og først og fremst eg – på ulike aktivitetar som til dømes måltid, quiz, kunstutstillingar og hagestell. Eg var òg på nokre besøk ved stadene i løpet av 2019. Fokusgruppeintervjua blei gjennomført i eigne grupperom på dei ulike stadene i perioden 2018-2019. Stadene fekk infoskriv om prosjektet som blei hengt på infotavle. Det har resultert i fleire rike observasjonar som har gitt utfyllande feltnotat. Vi er trygge på at vi får endå rikare kvalitative data og breiare kontekstuelle perspektiv gjennom å supplere fokusgruppene med deltakande observasjon.

Deltakarene – rekruttering og samansetjing

Til fokusgruppene blei totalt 32 deltakarar rekrutterte: brukarar av tenestene (n=11), tilsette (n=12) og frivillige (n=9). Fokusgruppene blei delt inn i sju grupper, tre grupper (brukarar, tilsette og frivillige) i to bydelar, ei gruppe brukarar i den siste bydelen.

Det blei gjort eit strategisk utval av brukarar, profesjonelle og frivillige med tilknytning til dei psykiske helsetenestene i bydelane. Vi rekrutterte deltakarar i samarbeid med leiinga for tenestene i dei representative bydelane, og i samarbeid med andre tilsette som delte ut informasjon om prosjektet til potensielle deltakarar. Inklusjonskriteria for deltaking i fokusgruppe for brukarar av tenestene var 1) erfaring med psykiske problem over tid og 2) hadde eit vedtak om psykisk helsehjelp i tilhøyrande bydel. Berre to av brukarane var i fast deltidsarbeid, ein av grunnane til at tradisjonelt arbeid ikkje er eit vesentleg tema i materialet vårt.

Intervju-prosessane – gjennomføring, intervjukontekst og tekstomfang

Dei fleste fokusgruppene (5 av 7) blei gjennomført av stipendiaten og med-forskar Rose-Marie i dei respektive bydelane. Dei to resterande av stipendiaten aleine. Vi utvikla intervjuguiden (semistrukturert) saman, og tilpassa den noko til dei ulike gruppene. Vi førebudde intervjua med inspirasjon frå Brinkmann (2013), kor vi innstilte oss på å vere

lyttande moderatorar, og forsøkte å fokusere diskusjonane etter beste evne knytt til forskingsspørsmåla. I intervju starta vi med å introdusere oss sjølve og fortalte kort om bakgrunnen for studien. Vi søkte og å gje nokre døme på kva sosial støtte kan vere – og korleis omgrepet blir definert av mellom andre folkehelseinstituttet. Det var viktig for oss å understreke at dette ikkje var ein gitt eller endeleg definisjon av kva sosial støtte kan handle om.

Gruppene blei ikkje miksa. Det betyr at vi la til rette for eitt fokusgruppeintervju med brukarar i dei aktuelle bydelane (3), eitt med tilsette i to bydelar (2) og eitt med frivillige i to bydelar (2). Gruppa med brukarar hadde eit aldersspenn frå 22-67 år, tilsette frå 25-65 år og blant dei frivillige 42-75 år. Blant brukarane varierte varigheit av kontakt med psykisk helseteneste (både i kommune og psykisk helsevern) frå 4 til 25 år, og alle deltakarane i denne gruppa rapporterte å ha ei eller fleire psykiatriske diagnoser. Dei tilsette hadde ulike fagbakgrunnar og utdanning: sosialt arbeid, sjukepleie, vidareutdanning i psykisk helsearbeid, ergoterapeutar, fysioterapeutar m.m. I gruppa av frivillige var fleire pensjonerte arbeidarar frå ulike yrkesgrupper; nokre hadde eigenerfaring med psykisk helse og rusvanskar og nokon var tilknytt frivillig arbeid for arbeidstrening. Tre personar hadde fleirkulturell bakgrunn. Alle intervju har blitt gjennomført på stader som var kjende for deltakarane, og hadde ein varigheit på 1 til 1,5 time. Fokusgruppeintervju blei tatt opp på band-opptakar. Eg transkriberte fire intervju og med-forskar Rose-Marie tre intervju. Til saman blei dette om lag 130 sider i Word-dokument klargjort til analyse (i tillegg til feltnotatar på om lag 50-60 handskrivne sider.

Etnografiske refleksjonar kring sosial støtte

Både Fangen (2010) og Wadel (2014) skriv om kjenslevarleik for feltet. I tråd med ulike måtar å nærme seg det vi kan kalle ein fenomenologisk følsemd og nysgjerrigheit, har det vore viktig for meg å forsøke å auke følsemd for det som gjekk føre seg rundt meg. Kva slags før-forståingar pregar det eg ser? Kva ser eg etter? I denne prosessen har det vore viktig å ha ei openheit for det uventa, og forsøke å legge merke til samhandlinga mellom folk og miljøet. Eg har forsøkt å vere bevisst korleis mine egne erfaringar og kulturelle kategoriar farga det eg såg, og om eg tolka noko på ein bestemt måte og var i tvil, stilte eg ofte oppfølgingsspørsmål til dei eg møtte (til dømes: «eg såg at dykk gjorde dette, og tenkte at.. kva tenker du?» og «kva betyr desse måltida for deg, eigentleg?»).

Inneber sosial støtte og betringsprosessar noko anna enn det eg og vi førestilte oss? Det som overraska meg mest, var kanskje kor sterkt *og* skjørt støtte kan vere. At vi ikkje har kome lenger med å knyte psykiske helsevanskar saman med levekår. Å skrive dikt knytt til feltarbeidet og observasjonane, og i relasjon til datamaterialet, opplever eg har vore til hjelp. Eg opplevde det kunne gje meg som observatør ein annan tilgang til materialet og erfaringane, til det som skjedde. Tilgang til meir av det uventa, kanskje, sjølv om funna våre på ingen måte representerer banebrytande nytt. I antologien *Ethnographies of Social Support* redigert av (Schlecker & Fleischer, 2013), som tek for seg case studiar knytt til sosial støtte i ulike kulturar, beskriv Schlecker innleiingsvis at desse studiane deler ei utforskingstrong for det uventa. Denne boka dukka diverre ikkje opp i vår *scoping review* – noko som synar at vår scope ikkje er brei nok (noko vi har understreka under «limitations» i artikkelen). Utforskingane av sosial støtte i denne boka gir mening i relasjon til prosjektet vårt. Case-studiane den synar til, understrekar på ulike måtar verdiar som solidaritet og gjensidigheit, og interessante utforskingar knytt til kollektivistisk tenking – både gjennom sub-kulturar som kan arte seg i individualistiske kulturar, og i kulturar med meir kollektivistisk orientering; kor ein kanskje er meir prega av ein plikt-etikk og ei større «oss»-tenking. Vi er alle saman i dette saman. I perioden kor eg var tettare på samspelet mellom folk, tenker eg i etterkant at desse møtestadene på mange måtar utgjorde kollektivistiske sub-kulturar i ein overdriven individualistisk kultur. Fangen (2010) skriv at for å bevare følsemda til feltet bør ein streve etter å ivareta noko av det «ferske blikket» utover i feltarbeidet (og analyseprosessane). Eg og vi har forsøkt å nærme oss dette. Kva kunne vi bli overraska av og undre oss over som skjedde og skjer – sjølv etter at vi har lært feltet og deltakarane betre å kjenne? For meg har det å ha med-forskar Rose-Marie med i analyseprosessen betydd at eg har tenkt annleis om deler av datamaterialet. Det har betydd at eg kanskje har sett meir, og ivaretatt noko betre det «ferske blikket» i ulike fasar.

Som vår tredje artikkel forsøker å gå litt djupare inn i: kva var det med desse stadene som skilte seg ut – som gjorde at nokre stader kanskje la betre til rette for at støtte kunne blomstre enn andre?

5.0 Analyseprosessen

I analyseprosessen vår har vi i hovudsak brukt tematisk analyse, poetisk analyse og etnografisk fortolking som verktøy. Samtidig har analyseprosessen fleire element av etnografisk fortolking, samt hermeneutisk og fenomenologisk inspirasjon, som har vore

støttande og supplerande analytiske verktøy i omgangane våre med datamaterialet. Eg vil i dette kapittelet forsøke å vise korleis vi har tenkt og arbeida med materialet.

5.1 Samarbeidsbasert tematisk analyse

I analyseprosessen av fokusgruppeintervjua har hovudtilnærminga vore å gå dei essensielle stega for tematisk analyse. Tilnærminga er inspirert av andre prosjekt som har nytta samarbeidsbasert analyse (Borg et al., 2017). Eg og med-forskar Rose-Marie førebudde analysen ved å lese og diskutere pågåande litteratur innan med-forsking (Borg & Kristiansen, 2009; Tangvald-Pedersen & Bongaardt, 2017). Målet med analyseprosessen var å fange deltakarane sine personlege erfaringar og diskusjonar knytt til sosial støtte, og følgeleg våre ulike fortolkingar av deltakarane sine levde erfaringar – med den hermeneutiske sirkel i mente. Heidegger løftar fram sin filosofi i *Sein unt Zeit* om mennesket sin eksistens som hermeneutisk; ikkje berre knytt til vår forståing av tekst, men at all vår vit(skaping) bygg på forståing artikulert som ei utlegging av det vi kan vite noko om. Det handlar om vår «historisitet», menneske som veren-i-verda – *In-der-Welt-Sein* – som allereie beveger seg i forståings-situasjonar som menneske gjennom historisk forståing må utleggje, korrigere og forhandle om for å kome nær ei sanning (Gilje, 2019).

Både innan rammene av tematisk analyse og etnografisk fortolking vil eg argumentere for at hermeneutikk skjer, og at sirkelen blir relevant. Den hermeneutiske sirkelen forsøker å hjelpe oss til å forstå at noko som har meining (ein tekst, ei historie, eit bilete, ei handling etc.), kor vi i fortolkings-prosessane av dei ulike delane av materialet, har forsøkt å bevisstgjere at vi alltid har ein førehandsforståing av heilskapen som dei ulike tema som dukkar opp høyrer heime i. Her har òg analyse-prosessen vår blitt prega av våre teoretiske forståingar og ståstader. I analyse-prosessen har eg og Rose-Marie forsøkt å forhandle om dei ulike delane og tentative tema som dukka opp; eg har sett noko, Rose-Marie noko anna. Vi har hatt ulike førehandsforståingar av delane og heilskapen – men likevel klart å bli einige om retning og gjentakande mønster og tema i datamaterialet. Analyseprosessen knytt til fokusgruppene og feltnotatane, har vore prega av at vi hatt fleire pausar og fleire omgangar med datamaterialet. Korleis kunne nye funn-områder av interesse setjast i samanheng med heilskapen – og i samanheng med forskingsspørsmåla? Ein kan hevde at den analytiske tilnærminga og tolkinga vår er både semantisk (eksplisitt og datadreven) og latent (samankopling av data til aktuell teori og erfaring med djupare tolking). Ideelt sett, som Braun og Clarke (2006) hevder, inneber den analytiske prosessen ein progresjon frå semantisk utgreiing til ei breiare tolking og analyse.

Vi har hatt god hjelp i vår samarbeidsanalyse av Braun og Clarks steg for å oppnå betre stringens i organiseringa av materialet: (1) Naiv lesing; bli kjend med datamaterialet, (2) Generere meinings-einingar, (3) Utvikle tentative tema, (4) Gjennomgå, definere og namngje tema og vårt eige punkt (5) Ta pausar og kome tilbake til materialet. I slutfasen vurderte vi tentative tema som vi analyserte oss fram til nok ein gong – og prøvde å identifisere hovudtema som kunne beskrive både fellestrekk, forskjellar og overraskande moment i relasjon til forskingsspørsmåla. Etter å at oppnådd ei betre oversikt, var vi i stand til å observere tema som utvikla seg i det vi fann som «domene-diskusjonar», noko som var til god hjelp i prosessen med å bli einige om hovudtema. Vi valte å systematisere funna frå fokusgruppene i tre organiserande tema knytt til forskingsspørsmåla i studien – kvart tema med to undertema knytt til essensen i diskusjonane. Desse diskusjonane og funn-områda forsøker artikkel 2 å gå djupare inn i. Under følgjer eit døme på korleis vi jobba med datamaterialet. I den tematiske analyseprosessen fekk vi fram ulike eigenskapar og meiningsdimensjonar ved datamaterialet. Det er fleire forhold ved datamaterialet vi kunne ha utnytta vidare, med meir tid og kapasitet. Vi har ein pågåande prosess for å kunne skrive fleire artiklar i kjølevatnet av denne avhandlinga.

Data extract (J-FG) (duration 1,5 hour)	Coding & potential themes
P1: Men så er det jo og det at folk er villige til å stille opp når du har praktiske ting som du trenger å ordne med. At de viser at de er interessert og at de blir glad for det. Det er vel det som jeg tenker først da. Det enkleste nivået. Og at man ikke opplever å bli avvist av folk. For det er jo fravær av.. (tenkepause) føler jeg... fravær av den støtten. Når de trekker seg eller begynner å ghoste deg.	Forståelsen av sosial støtte Villig til å stille opp/ Praktisk hjelp Å ikke bli avvist/ Ghosting

Etnografiske fortolingsprosessar

Ved at vi trekker vekslar på breiare meiningssamanhengar, kan vi sette det vi observerte inn i nye perspektiv. Om vi berre konstaterer det vi ser og høyrer, har vi gjort ei fortolking av første grad (Fangen, 2010). Det ein som forskar(ar) kan gjere for å leggje ei deskriptiv beskriving så nær som mogleg deltakarane sine erfaringar, er å fortolke kva som hender, i kraft av å sjølv vere deltakar. Uansett korleis eg føler eg har glidd inn som deltakar ved stadene, har eg òg

vore gjest, forskar, ein person folka veit er der for å lære og observere. Ein outsider? Det er mogleg å legge vår eiga fortolking av det som skjer så nær opp mot informantane og samtalepartnarane sine omgrep og forståing som mogleg. Geertz (1973) kalla desse fortolkingane for aktørorienterte fortolkingar – deltakarane sine statusar som subjekt, som informantar og samtalepartnarar, med førstehands kunnskap om si livsverd. I forlenginga vil dei omgrepa og tema ein utviklar vere erfaringsnære – og tjukkare. Det er likevel ikkje sikkert vi speglar røyndomen slik deltakarane sjølv ville gjort det, om dei skulle skrive ut om det som skjedde sjølve.

Ei føresetnad for å kome nærare det erfaringsnære – deltakarane si livsverd – er at vi i vid forstand har hatt samtalar, diskusjonar og felles aktivitetar saman. Som antropologien ofte har som ideal – å beskrive tilværet til dei menneska ein samhandlar med – så nært opp mot det dei sjølv erfara og beskriv som mogleg. Kanskje vi då nærmar oss så langt det er mogleg ein subjekt-subjekt-posisjon? Ein open dialog – med rom for ulike perspektiv? For å kunne ta samhandlingane og det erfaringsnære, har det å skrive dikt knytt til observasjonane og diskusjonane vore eit forsøk på å ta analysen eit steg vidare. Ein kan argumentere for at vi gjennom poetisk analysemetode og ved hjelp av utvida diskusjonar har bevegde oss vidare – og kanskje beveger oss i grenselandet mellom første- og andregrads fortolking – mellom det tynne og tjukke deskriptive. Fangen (2010) meiner at det å bruke meir erfaringsfjerne analyseformer er ei viktig tilnærming, om ein vil overskride deltakarane si common sense-forståing, og at vi då kan tale om ei andregrads-fortolking. I denne prosessen ligg òg rommet for å bevege seg frå tynne til noko tjukkare beskrivingar. Ei tynn beskriving viser «berre» det som observerast. Tjukkare beskrivingar kan inkludere element knytt til kva deltakarane kan ha meint med det dei gjorde, kva fortolkingar dei ga sjølve, og vår eiga fortolking av dette knytt til aktuell teori (Geertz, 1973).

5.2 Poesi som analysemetode

Vi bestemte oss for å bruke poesi som supplerande analysemetode, inspirert av Faulkner (2016), fordi vi såg ein annan analytisk tilgang i poetisk praksis. Poetiske uttrykk av erfaringar knytt til fenomenet sosial støtte og tilværet kan vere berikande – spesielt knytt til observasjonane og feltnotatane, men òg nye områder og innsikter i fokusgruppeintervjua. Poesi som analyseverktøy og formidling har eit potensial til å ta oss djupare inn i empirien og situasjonane, på ein måte sakprosaisk framstilling ikkje alltid klarer (Short & Grant, 2016). Det kan òg vere pedagogisk hensiktsmessig i forskingsformidling av kvalitativt

forskningsarbeid (ibid). Poesi har potensialet til å komprimere vesentlege erfaringar, og kan til dømes spegle eller vise nye sider av røyndomen ved det å leve i marginale livssituasjonar. Dette steget vidare i analyseprosessen er òg inspirert av autofiksjon og autoetnografisk orientering. Autoetnografi handlar i stor grad om bevegelsane mellom det personlege og kulturelle, det individuelle og kollektive. *Auto* handlar om introspeksjon og observasjon av skribenten – refleksjonar, tankar og kjensler. *Etno* viser til kultur, og fokuset rettar seg utover mot den kulturelle konteksten og praksis. Vidare betyr *Grafi* sjølve framskrivinga av den systematiske undersøkinga – frå forteljingar, erfaringar og observasjonar – til personleg innsikt og vitskapeleg kunnskap (Karlsson et al., 2019). Prosessen med å utvikle empiri til poesi kan difor òg forståast som ein autoetnografisk prosess, som ein prosess der vi vever eigne erfaringar og fortolkingar inn med deltakarane sine levde erfaringar meir eksplisitt. Poesi som analytisk verktøy og formidling kan òg hjelpe til å male fram ulike bilete av det marginale og framande, og setje desse fenomena i samanheng med det politiske (Faulkner, 2017).

Poetiske analyserefleksjonar: grenselandet mellom fiksjon og prosaisk formidling

I heile analyseprosessen har vi delt materialet, studert det kvar for oss, og hatt fleire møter saman der vi har diskutert gamle og nye funn. Etter ei lengre pause frå arbeidet tok vi til å studere empirien på ny. Vi fann at fleire feltnotat frå observasjonane og mange av erfaringane til deltakarane, skilte seg ut på måtar som var kjenslemessig sterkt lada. Det gjorde at vi kom på sporet av poesi som analytisk og pedagogisk verktøy, både i forskingsprosessen og forskingsformidlinga. Vi gjennomførte ei re-analyse der eg skreiv fleire dikt med bakgrunn i materialet, som med-forfattarane studerte, tolka i relasjon til materialet og ga innspel til. Dette arbeidet førte til den tredje artikkelen. I arbeidet med å tilføre fiksjon i delar av datamaterialet i analyseprosessen, oppstår ei viktig øving i å ivareta det empiri-nære, og samtidig bruke og integrere eigne erfaringar og fantasi. Vi ønska å løfte poenga til deltakarane endå høgare, forsøke å vise dei tydelegare. Jan Erik Volds tankar om at diktet blir skapt ut frå diktaren sin biografi, geografi og livssituasjon, gir meining når vi utforskar ein poetisk skapingsprosess som autoetnografisk (Vold, 2013). Både empirien og poesien blir uttrykt gjennom våre fortolkingar, sjølvfiksjonar og kjensler. Omgrepet «sjølvfiksjonar» stammar frå romanforfattaren og litteraturprofessoren Doubrovsky. Han hevdar at «autofiksjonelle» tekstar løftar fram *reelle* menneske, handlingar og hendingar, samtidig som dei i form i liten grad skil seg frå annan fiksjonslitteratur, og at fakta òg kan vise seg i fiksjonen (Buvik, 2019). Autofiksjon er noko anna enn autoetnografi, fordi ein tillét at fantasien kjem inn i språket; ein

beveger seg noko lenger inn mot det kunstnarlege, men held stadig fast i det observerte (Faulkner, 2016). I dette landet som vi kan kalle for grenselandet mellom vitskap og poesi, autofiksjon og autoetnografi, kan ein skape ein større konsentrasjon kring avgjerande erfaringar. Eit større rom for refleksjon over og analyse av bestemte opplevingar. Det kan føre til vidare utforsking av samanhengar, der utnyttinga av språket – den poetiske utforskinga av det erfaringsnære – kjem tettare på konteksten erfaringane oppstår i. Tettare på tilværet og den ofte så brutale realismen.

Kunst og litteratur utgjer ei kontinuerleg forhandling med røyndomen, og representerer ei utveksling mellom identiteten, kulturen, og den materielle, fysiske og uendeleg kompliserte verda dei oppstår av (Knausgård, 2018). I denne forhandlinga er poesien sentral. Men krev ikkje poetisk praksis og poesi som analysemetode at forfattarane er poetar? Kva er poetisk praksis? Og kva er det motsette av poetisk praksis? Poesi er ein skapingsprosess fordi det handlar om *å gjere* og *å bringe fram*, om vi skal følgje det etymologiske opphavet til sjølve omgrepet (Vold, 2013). Det motsette av poetisk praksis kan ifølgje Vold vere poetisk teori: altså ein framgangsmåte, ei formeining om korleis poesi skulle arte seg (Vold, 2013). Kanskje er det eg forsøker å forklare her nettopp dette; det motsette av poetisk praksis. Faulkner (2016) meiner (som Mueller og Heidegger) at forskarar som arbeidar med kvalitativt datamateriale både kan og bør utforske sine poetiske talent og den poetiske praksis. Den komprimerte forma og rytmen som poesien ofte kan tilby, kan gje meir kraft til erfaringane, og kan vidare yte det kvalitative datamaterialet meir rettferd, om ein vil. På den andre sida kan ein risikere å gå seg vill. Vi vel å gje det eit forsøk med eit ønske om å formidle vesentlege erfaringar frå feltet ved hjelp av poetisk praksis i form av dikt, som vi i tredje artikkel har argumentert for kan supplere tradisjonell forskingsformidling.

Etnografiske analyserefleksjonar – frå deltaking til erfaring, til tekst, til dikt

Deltakinga og samværet med folk i feltet resulterte i observasjonar om og av det marginale, om det rike, om det sterke og skjøre i støtte. Om alt potensialet i støtte og kanskje fråværet av støtte. I tidsperioden eg var ved dei ulike stadene (øg kalla aktivitetshusa) møtte eg ei oppleving av at folk *gjorde* sosial støtte. Det er fleire moment av verb i fenomenet sosial støtte – for i samværet med kvarandre *gjer* vi som regel saker og ting: vi samtalar, vi malar, vi går, vi quizzer, vi dyrkar, vi handlar, vi ler, vi gret, vi lever. Desse aktivitetane og rommet

sosial støtte skjer i, eller ikkje skjer i, blir forsøkt handsama i dikta. I prosessen har medforskar Rose-Marie og hovudrettleiar Bengt lest dikta, og vi har knytt dei til andre relevante mønster og tema i materialet. Eg vil gje to døme på korleis deltaking, samvær og feltnotat kunne utvikle seg til dikt:

Fredag 4. mai

Før dagens quiz er eg med Jarle og Else ut i bakgården (kom ein time før). Det er ein fin dag, sola skin, vi småpratar om at det tross alle ting er herleg når våren endeleg fester grepet. Else har med ein pakke med bie-blomsterfrø og løkar som vi skal så og setje ved kjøkkenhagen, like utanfor kjøkkenvindaugget. Vi fordeler frø og løkar og grev opp eit eigna område i bedet, kor vi plantar det vi har. Jarle fleiper med at vi kjem til å bli nedrende av bier her, vi ler. Eg går eit stykke unna for å kvile og kjenne sola i andletet, ser dei halde på – insider/outsider. Else og Jarle fortset i bedet, eg høyrer ikkje kva dei pratar om, berre mumling og tidvise utbrot av latter. Det verker som dei har god kjemi, det veks noko mellom dei (...) (utdrag feltnotat).

Vikarierande håp

Etter fleire omgangar med tørrprat
seier du det til meg (kviskrar du det?)
du seier dette:
at samfunnet har det ikkje
men denne staden har det;
eit vikarierande håp

vi sår nokre frø utanfor kjøkkenvindaugget
det veks liljer mellom brysta våre

Tysdag 10. april

Eg kjem til lunsjen rundt klokka tolv, og her er nokre nye sjeler sidan førre gong eg var her. Det er aktiv prat rundt bordet, to store kasserollar med suppe som vi forsyner oss ivrig frå. Eg spør ein kar ved sidan av meg kva som er hovudgrunnen til at han kjem hit. Han svarer; «det er tomt på kontoen, da». Eg spør kva denne staden betyr for

han, og han ventar ei stund før han fortel at den «hjelper litt på» når det er så lite som skjer elles og ingen å kome heim til. Han fortel at det er ein ok plass å kome, både fordi han bur aleine og ofte strever med å få endane til å møtast. Her er kan ein velje om ein betaler ein slant for maten, legger han til (...) (utdrag feltnotat).

Marginal salme

drar kortet i betalings-terminalen
avvist for siste gong
er det ein Gud her
så heiter han Wall Street

dei ser så friske ut
alle som får draga sine godkjend
har ikkje alle på seg
treningsklede òg?

avvist for siste gong
terminalt
utanfor butikken
står ein tomsekk
og ventar på meg

Datamaterialet si kontekstavhengigheit blir forsøkt understreka vidare i den hybride framstillinga (fokusgrupper og dikt etter feltobservasjonar) av funn, som vi har forsøkt i tredje artikkel. Ved ei fortolking av kva ei handling eller ytring betyr, må dette openbart sjåast i lys av samanhengen den skjer i (Fangen, 2010). Analyseprosessen vår har òg forsøkt å halde fast i sosialt arbeid si analyseining; personane i situasjonane (i økologien). Den har forsøkt å halde fast i det erfaringsnære ved ytringane og handlingane – og samstundes blitt gjenstand for våre vidare tolkingar og forståingar av heilskapen. Det at ulike delar av materialet har blitt til dikt, kan kanskje innebere eit etisk problem: at fortolkingane går utover den beskrivinga deltakarane sjølv har, av handlingane sine, og at bruk av abstrakte omgrep i verste fall kan føre til at nokon kanskje kjenner seg objektivisert. Det kan vere eit gjeldande problem både ved den tematiske og poetiske analysen. På ei anna side kan ein tenke seg at vi får fram fleire

aspekt ved erfaringane; som i beste fall *både* får fram det unike og meir universelle ved fenomenet sosial støtte – men som òg kler av omgrepet noko meir.

Metodekritiske refleksjonar

Har prosjektet vore for statisk – eller ber det preg av ein dynamisk prosess? Kva andre tilnærmingar kunne vore hensiktsmessig i dette prosjektet? Kva utfordringar og avgrensingar inneber det at prosjektet har både fokusgruppeintervju og deltakande observasjon? Har vi vore for verdilada? Har eg inkludert Rose-Marie godt nok i forskingsprosessen? Eg vil hevde at prosjektet har vore både statisk og dynamisk – og ikkje anten eller. Statisk i den forstand vi har klart å halde fast i forskingsspørsmåla vi i starten utvikla saman. Statisk om ein tenker på ordet sin greske etymologi, *statikos*, ‘vegande’; at vi har leita og vege ulike delar av materialet opp mot det ‘vegande’ ved forskingsspørsmåla. Dynamisk fordi vi har klart å dykke djupare inn i ulike aspekt knytt til forskingsspørsmåla, og i analyseprosessen aktivt leita etter nye ting som kan svare på desse spørsmåla. Ei vesentleg metodisk avgrensing har oppstått knytt til tidsaspektet; vi kunne nok med fordel brukt meir tid på møtestadene for å få eit endå rikare materiale, og variert meir kva slags aktivitetar vi var med på. Ideelt sett skulle eg og med-forskar Rose-Marie kanskje gjort meir av den deltakande observasjonen saman. Ei anna utfordring ved å kombinere metodane for datainnsamling er at dette kanskje ikkje blir eit «fullverdig» antropologisk arbeide. Likevel har argumenta for å kombinere metodane vist seg som gode; fokusgruppene har utfylt den deltakande observasjonen, og vice versa.

Når det gjeld grad av verdilading, er det svært sannsynleg at vår identifisering med Recovery-orienteringa skaper blinde flekkar. At vi leiter meir etter noko i materialet som kan bekrefte våre ståstader, enn det som kan utfordre våre forståingar av kva som skal til for å skape gode betringsprosessar. Kanskje er vi for medisin-kritiske? Kanskje har biologiske og personlege forhold meir å seie enn det vi har klart å fange opp? Situasjonen i personen? Kva med einsemda sine privilegium og kollektivet sine potensielle undertrykkjande mekanismar? Som forskarar har vi forsøkt å gjere jobben vår som forskarar; å la erfaringane som ligg i materialet i størst mogleg grad få tale for seg – og setje erfaringane inn i ein større samanheng – og problematisere funna. Ei av svakheitene ved studien, er at eg nok ikkje har klart å inkludere med-forskar Rose-Marie godt nok i alle fasar av studien (som nemnt tidlegare). Det er ikkje sikkert vi har klart å utnytte eller forstå dei ulike rollene vi har hatt godt nok. Vi har heller ikkje hatt så mange fysiske møtee som vi skulle ønska i analyseprosessen, fordi livet har

krevje ulike ting av oss. Dette har vi forsøkt å løyse ved å ha telefonsamtalar og gjennom lengre mail-brev i avgjerande fasar av analyseprosessen.

Vi kan òg stille oss spørsmålet: er sosial støtte eit dekkomgrep? Wadel (2014) peiker på at vi ofte nyttar omgrep om tilværet og fenomen som i sin tur kan dekke over andre fenomen.

Likevel, sosial støtte er eit konsept og fenomen som kan vere til hjelp for å forstå mellommenneskeleg samhandling. Eit konsept og fenomen som kan vere nyttig å utforske i relasjon til (psykisk) helse, helsevanskar og betring. Det som har fascinert meg mot slutten av forskingsprosessen er korleis vi har (forsøkt) forstått sosial støtte på nye måtar gjennom å kle av oss omgrepet *litt* meir. Det betyr at erfaringane og samhandlingane uttrykker meir enn eit omgrep kan klare å dekke, eller fange opp. At materialet og deltakarane sine erfaringar rommar ei spennvidde: det unike ved enkeltmenneske sine liv og kontekstane liva beveger seg i – til heilt grunnleggjande kollektive menneskelege behov for helse, tilknytning, gjensidig støtte og samhengane mellom desse behova. Kven vi er og vil vere bundne saman med – og kva som gjer at sosiale band og støtte på ulike nivå styrkast og svekkast. Kva som kan vere helsefremjande relasjonar og miljø, og motsett.

Nokre fleire kritiske spørsmål knytt til analyseprosessen som har dukka opp er: kvifor brukte ikkje vi utviklingsgruppa som gruppe for rettleiing og diskusjon av analyse og funn?

Diskursanalyse – why not – og er det element av diskursanalyse i analyseprosessen vår?

Skulle vi brukt kvantitative metodar for å utforske statistiske forskjellar og likeheiter mellom bydelane, og for å utforske grad av støtte brukarane av tenestene rapporterte å ha i livet?

Desse spørsmåla blir ståande å gape som opne sår, og kan tilsettast salt ved høve.

6.0 Etske refleksjonar

Denne studien utforskar folk sine sosiale landskap, og går sær nær og tett inn på liva til folk. Det medfører sjølvstakt nokre etske problemstillingar – kanskje til og med etske problem. Vi har forsøkt å vere medvitne at tema som vi løftar fram og tek med inn i dei sosiale situasjonane, kan vere sensitive, sårbare og utfordrande å snakke om. Det å samle folk til fokusgrupper, kan både vere med på å gjere det litt mindre vanskeleg å dele personlege erfaringar, eller det kan gjere det vanskelegare; alt etter dynamikken i gruppa og kvar enkelt deltakar sine preferansar og personlegdom. Nokre stemmer og perspektiv har potensielt fått meir plass enn andre. Dette dilemmaet har vi forsøkt å førebu oss på etter beste evne – gjennom å dele litt frå eige liv òg – både i introduksjonen til samtalane og diskusjonane, der

vi meinte det kunne vere relevant å knyte samanhengar mellom erfaringar, for å potensielt skape større resonans. Der det å dele erfaringane ikkje blei einsame handlingar, som nokre utanforståande forskarar studerte med sine kronisk friske blikk. Ei etisk utfordring i denne erfaringsdelinga, kan vere at forskarane sine erfaringar får meir plass enn dei behøver. I ein av intervjusituasjonane tok eg meg i å prate litt vel mykje. Vi har difor vore opptatt av å avgrense det rommet vi deler frå eige liv, til å handle om spesielt relevante områder i samtalanene og diskusjonane – og elles følgte Brinkmanns' (2013) intervjutips nummer éin; å halde mest mogleg kjeft. Lytte. Vi har moderert og forsøkt å gje plass til dei i gruppene som har sagt minst eller vore stillast gjennom spørsmål som; «kva tenker du om dette?» etc. Eg er likevel litt usikker på kor fullstendig taus «intervjuarane» skal vere, all den tid kunnskapsproduksjonen skjer i eit samarbeid – og gjennom dialogar – der intervjuarane òg med fordel kan vise seg som menneske med levde liv. Slik kan ein kanskje i intervjusituasjonar òg nærme seg endå meir møte prega av subjekt–subjekt-posisjonar. Men; det er og har vore dei rekrutterte deltakarane sine perspektiv og samtalar som har vore i førarsetet. Her har eg og Rose-Marie forsøkt å moderert kvarandre.

På mange måtar dreier studien seg kring *samarbeid og etikk*. Eit forsøk på det *vi-baserte* samarbeidet, eit forsøk på å viske ut skiljelinene noko i dikotomien *oss og dei andre*, utan å viske ut det unike ved enkeltmenneske. Dette kan vi plassere i ein slags bekreftande etikk; at vi er alle i dette saman, men likevel (og heldigvis) ikkje dei same (Braidotti, 2019). Den etiske fordringa i dette prosjektet er kanskje meir utforskinga av *vi-et*, enn av *eg-et*, men uløyselig knytt til begge deler. Ein slik filosofi er i tråd med bevegelsane som utvikla seg mot slutten av det 20. århundre, som i stor grad utforska motstand på etisk grunnlag. Miljøproblema opna i større grad opp erkjenninga av eit utvida «eg» – ei endring av fokus frå «eg» til «vi» – *vi i relasjon til* (Aasland & Botnen Eide, 2003). Paradoksalt nok stammar ein del av det individualistiske tankegodset òg frå hippie-bevegelsen, og denne motstanden mot systemet klarte kapitalismen jaggju å utnytte. I dag, nokre ti-år etter at den økologiske heilheits- og fellesskapstankegongen slo igjennom, vil nok dei fleste hevde at (det utvida) fellesskapet framleis ikkje blir satt framfor *eg-et*. Kvifor? Kanskje fordi ei tenking og ein politikk som var basert på det kollektive «vi-et» har ei baksida som ikkje var så tydeleg den gongen – men som har blitt meir synleg etter kvart? Spør Aasland & Botnen Eide (2003) vidare.

Ei fare med for stor grad av (eller kanskje rettare; utnyttande, ekstreme og diskriminerande variantar av) «vi-tenking», er at slik tenking som vi veit, kan gje rom for både maktmisbruk og avmaktskjensle blant oss. Då kan vi kanskje lande litt med dette: etikken følgjer av det å

vere eit menneske blant andre menneske (ibid), men òg menneske blant andre livsformer med sine interesser (Mueller, 2017). Etikken viser seg i møte med dei og det vi er i slektskap med – som jo er alt. Ethiske problem og korrigerings skjer i møte vi har – i det *utvida relasjonelle*. Kanskje kan ei slik etisk fordring hjelpe oss til å møte andre med større audmjukheit og venlegare sinn? Altså, ein sinnelagsetikk i Spinozas' ånd: for at vi som enkeltmenneske skal kunne oppføre oss best mogleg, mest mogleg moralsk riktig, må vi ha eit minimum av kunnskap om, eller forståing for denne heilskapen. For vår gjensidige avhengigheit, slik at vi ikkje gjer noko som kan skade heilskapen (Aasland & Botnen Eide, 2003).

Vi møter livet som omgir oss slik vi sjølv ønskjer å bli møtt, etter beste evne, og det har òg vore ei god rettesnor for meg i dette arbeidet. Å utforske folk sine sosiale liv så tett som vi har gjort, medfører ei rekke etiske utfordringar. I studien brukar vi anten fiktive namn eller ingen. Dette gjeld både knytt til stader og personar – og vi har følgd strenge retningsliner for å ivareta personvernomsyn. I rekrutteringsprosessen og ved underskriving av samtykkeerklæring, har vi både skriftleg og munnleg informert om at deltaking i studien er frivillig, og at ein når som helst kan trekke samtykket til deltaking. Vi har òg informert om at deltaking i denne studien ikkje har noko påverking knytt til tenestetilbod eller liknande. Informasjon som inneheld personopplysingar (samtykke til deltaking) er låst i eige skap, og blir sletta og makulert etter gjeldande retningsliner. Opptaka frå bandopptakar er sletta etter transkripsjon utan overføring av personidentifiserande opplysingar. Godkjenning av studien blei gjort av Norsk Senter for Forskingsdata (NSD).

7.0 Funn

Hovudvekta av det som har blitt skapt og funnet i dette ph.d.-prosjektet er presentert og formidla gjennom tre vitskapelege artklar. Målet med artiklane har vore å kartlegge ulike studiar knytt til sosial støtte og psykisk helse, og etablere ei (ufullstendig) kunnskapsbase, utforske om forskingsspørsmåla heldt vatn, og følgeleg søke å svare djupare på forskingsspørsmåla. Fenomenet sosial støtte, og forhold som kan fremja eller hemja sosial støtte, blir i artiklane utforska både gjennom systematiske søk i litteraturen, og gjennom fokusgruppeintervju og deltakande observasjon i feltet.

7.1 Samandrag av første artikkel

Tittelen på første artikkel er: *Social support and recovery from mental health problems: a scoping review*. Målet med artikkelen var mellom anna å undersøke omfanget av forskingsaktivitet knytt til temaet (som er stort), og bygge opp argumentasjonen for artikkel to

og tre. Vi såg òg eit behov for å utvikle kunnskapen om forskjellige assosiasjonar mellom sosial støtte, sosialt arbeid og betringsprosessar, og dei ulike funksjonane og nivåa av sosial støtte. Ulikskap i helse er eit aukande problem som vi òg forsøker å adressere og setje i samanheng med sosial støtte i denne artikkelen. Vi hevda at breiare integrering av sosial støtte-orientering i tenester og politikk *kan* spele ei viktig rolle i å redusere ulikskap i helse, og stimulere betringsprosessar. I denne artikkelen tok vi sikte på å kartlegge viktige deler av den eksisterande litteraturen angående (a) samhengane mellom sosial støtte, psykisk helse og betringsprosessar, og (b) beskrive trekk ved psykiske helsetenester som inkluderer sosial støtte som anten direkte eller indirekte strategiar. Vidare diskuterer vi korleis ulike forhold med utgangspunkt i desse studiane peiker på nokre moglegheiter og barrierar for sosialt arbeid og sosial støtte. Artikkelen utforskar òg ulike forhold knytt til forståinga av sosial støtte, og korleis ein kan nærme seg ulike måtar å utforske sosial støtte på. Vi gjennomførte avanserte søk i fem relevante databasar med hjelp av bibliotekar: Social Science Premium Collection, CINAHL, SweMed +, Idunn og PsychInfo Ovid. Vi gjorde eit omfattande utval, analyse og organisering av dei inkluderte artiklane. Vi gjorde ei avgrensing i utvalet til publiserte artiklar med utgreiing av forskingsdesign, og artiklar i nettverket vårt som søka ikkje fanga opp, og gjekk nok difor glipp av vesentleg litteratur. Det er ei svakheit ved artikkelen at vi ikkje inkluderte bøker i søket. Tjue-ni artiklar blei til slutt utvalt og blei organisert i to hovudtema: a) Samanhengar mellom psykisk helse og sosial støtte, og b) Nøkkel-eigenskapar ved sosial støtte-orienterte tenester. På mange måtar bygg denne artikkelen ein argumentasjon for dei to komande; til tross for at vi har mykje kunnskap om at sosial støtte er viktig, fann vi ingen studiar som går i djupet for å utforske forhold som fremjar og hemjar sosial støtte, sett frå brukarar, tilsette og frivillige sine ståstader. Artikkelen er publisert i *Nordic Social Work Research*.

7.2 Samandrag av andre artikkel

Andre artikkel fekk tittelen: *Social Support and Relational Recovery in the Age of Individualism: A Qualitative study Exploring Barriers and Possibilities for Social support in Mental Health Work*. Målet med studien var å kvalitativt undersøke brukarar, tilsette og frivillige i kommunal psykisk helseteneste sine *perspektiv og diskusjonar* knytt til kva som kan fremja eller hemja sosial støtte. Studien blei gjennomført i tre bydelar i Oslo. Gjennom samtalene og diskusjonane ønska vi å utforske potensielle fremjande faktorar, og ulike barrierar for sosial støtte og betringsprosessar. Stipendiaten og medforfattar 2 gjennomførte

sju fokusgruppeintervju (n= 32) med hjelp frå semi-strukturerte intervjuguidar som vi utvikla i samarbeid med rettleiar. Ved hjelp av samarbeidsbasert tematisk analyse organiserte vi funna i tre tema, med tilhøyrande seks undertema. Dette resulterte i ein funn-del som presenterer domene-diskusjonar vi analyserte oss fram til, gjennom følgjande tema: 1) kvaliteten og sårbarheita i sosial støtte: a) levde erfaringar, gjensidig støtte og forståing, b) "ghosting" og skam; 2) forhold som fremjar sosial støtte: a) stabile miljø og rom for mangfald, b) sosial rytme og heilande ritual; og 3) forhold som hemjar sosial støtte: a) økonomiske barrierar, og b) sosiale utfordringar i det moderne samfunnet. Vi fann at brukarar understreka at kvaliteten på sosial støtte var viktig, og at relasjonar som klarer å halde ut dei vanskelege periodane ofte er avgjerande. Ofte representerer dei sosiale møtestadene eit rom ein kan halde ut, og moglegheiter for å utvikle gjensidig støtte. Vidare fann vi at stabile miljø, sosial rytme og heilande ritual (som aktivitetar ein kunne stole på varte, og som markerte overgangar i dagane og frå veke til helg) var viktige faktorar for å stimulere forskjellige lag av sosial støtte og betringsprosessar. Vi fann at avgjerande barrierar for sosial støtte, spesielt i relasjon til storsamfunnet, var knytt til dårleg økonomi, dei sosioøkonomiske utfordringane tenestene møter, og følelsar av skam knytt til å slite psykisk og med økonomi. Funna representerer på ingen måte noko banebrytande nytt, men understrekar og utvidar nokre områder som vi kjenner frå betrings-forskinga. Dei viser òg korleis utfordringane deltakarane peiker på i stor grad er i samsvar med kritikken knytt til at det går for sakte i arbeidet med å utvide forståinga av psykiske helsevanskar. I diskusjonen inviterer vi lesarane våre til å reflektere over funna med tanke på nye og gamle forhold i kulturen som kan prege sosial støtte, og er innom kva den pågåande pandemien krev av oss og tenestene. Artikkelen er publisert i Kanadiske *Journal of Recovery in Mental Health*.

7.3 Samandrag av tredje artikkel

Den tredje artikkelen har fått tittelen: *Eksistensielle stormar, toreskyer og hus med rolege hav: ei vitenskapelig og poetisk utforsking av sosial støtte i psykisk helsearbeid*. Denne artikkelen handlar òg om deltakarane sine erfaringar med forhold som fremjar og hemjar sosial støtte i psykisk helsearbeid. Artikkelen har som mål å utforske vidare *forhold som påverkar sosial støtte i vår tid*, spesielt relatert til korleis vi opplever støtte i kjensleliv og praktisk kvardag når vi går gjennom langvarige psykiske helsevanskar. Denne artikkelen løftar òg fram perspektiva til brukarar, tilsette og frivillige. Inspirert av poesi som metode har vi re-analysert delar av datamaterialet etter gjennomførte fokusgruppeintervju og deltakande

observasjon. Metoddelen tek føre seg kvifor poesi som analysemetode og verktøy kan vere relevant i både analyseprosess og i presentasjon av data, og synar at analyseprosessen og har vore ein autoetnografisk prosess. Eg har skreve dikt med utgangspunkt i feltarbeidet, og medforskar Rose-Marie og hovudrettleiar Bengt har vore med på å vurdere desse dikta. Dikta spring ut av samvær og observasjonar først og fremst med brukarane av tenestene. Saman har vi sett dei i samanheng med mønster i datamaterialet, og inn i ein større kontekst knytt til dei ulike stadene og forholda i feltet. Vidare skreiv vi diskusjonen i tett samarbeid. Funna i artikkelen er presentert gjennom to poetiske hovudtema: I: *det som blomstrar* og II: *det som visnar*. Funna beskriv mellom anna kva betydning estetikk, økonomi, strukturelle tilhøve og haldningar kan ha for opplevinga av sosial støtte. Denne artikkelen går på mange måtar djupare og vidare inn i erfaringane kring fenomenet sosial støtte, og inviterer til innsikter som tradisjonelt format ikkje alltid kan gje. Den forsøker å få endå tydelegare fram det skjøre og sterke knytt til sosial støtte. Artikkelen er innsendt til tidsskriftet *Nordic Journal of Art, Culture & Health*, og har gjennomgått to omgangar med grundige fagfellevurderingar og innspel. Fagfellane var i siste runde veldig nøgde med revisjonane. Artikkelen vil etter mindre justeringar bli klargjort til publisering, og vil bli publisert i løpet av sumaren, eller tidleg haust 2021.

8.0 Diskusjon

Til en sykesøster

Et tårn, en have og en sykesal

Å søsters løvhånd

Gjør all feber sval

Vær treets skygge under nattens sol

Der ånden brister –

Og en fremmed drikker

-Gunvor Hofmo

I skrivinga av denne diskusjonen har eg tenkt ein del på poeten Gunvor Hofmo, som tilbrakte over 20 år av livet sitt på Gaustad sjukehus. Det har på ein måte vore støtte og hjelp i å lese

hennar dikt – og samstundes ha ein viss nærleik til Gaustad – i tilfelle det skulle tilte for meg i innspurten. I det følgjande vil eg diskutere funna relatert til desse fire områda: (I) forhold knytt til kva som kan fremja sosial støtte (II) forhold knytt til kva som kan hemja sosial støtte (III) studien i lys av pandemien: omsorg og støtte under press og (IV) kritikk og utfordringar: fallgruver i fellesskapsorientert praksis. Diskusjonen kan lesast i lys av empirien som er presentert i artiklane.

Det blir synlegare for oss, som Bøe (2021) skriv, at det vi utforskar, forstår og omtalar som psykisk helse og sosial støtte, kan sjåast som eit spørsmål om kroppen sine rørsler i sosiale og politiske rom. Dette kan forståast fenomenologisk; om fenomenologi betyr ein måte å vere i tilværet på som alltid er deltakande – så betyr kanskje det å nærme seg eksistensen og tilværet fenomenologisk å setje seg sjølv i bevegelse? Å bevege seg i dette terrenget betyr at noko blir oppdaga medan noko anna vil gå tapt, blir liggjande i skjul, søkk i horisonten bak oss.


Fenomenet sosial støtte er stort, utfordrande og samansett. Likevel kan funna i vår studie gje rike døme på kva som kan fremja og hemja sosial støtte. Kanskje fortel desse perspektiva oss noko om økologien i omsorg og støtte, og om støtte og omsorg i økologien; mellom sjølvøydelegging og verdsøydelegging – mellom håp og håpløyse – mellom betring og forverring – mellom støtte og einsemd – mellom omsorg og rovdrift – mellom liv og død – mellom oss.

Funna, og spennvidda i dei, kan sjåast i lys av den utviklingsøkologiske modellen og aktør-nettverk-tankegang. Ein kan òg sjå funna i lys av spesielt sosial kapital-omgrepet, og utforske kva forhold som kan vere med å stimulere sosial kapital og i forlenginga sosial støtte, og kva forhold i sosiale, kulturelle og politiske rom som potensielt er med på å vedlikehalde eller reprodusere helsevanskar og ulikskap i helse. Dei fleste forholda ved funna er kjende områder knytt til sosialt arbeid og eksisterande betringsforskning knytt til psykisk helse. Eg vil argumentere for at dei både bekreftar og supplerer eksisterande forskning knytt til tematikken.

8.1 Hovudfunn I: forhold som kan fremja sosial støtte

Hovudfunn knytt til dette området, basert på dei samla erfaringane frå felt og analyse, blir løfta gjennom seks hovudtema: (I) stabile miljø, (2) sosial rytme, (3) kvaliteten på sosial støtte (uthald, omsorg, gjensidigheit), (4) erfaringskunnskap, (5) rom for mangfald og (6) estetisk skjønnheit. I begge hovudfunn-områda utvidar vi potensielle fremjande og hemjande faktorar, både knytt til funn i artikkel 1 og ved hjelp av anna relevant forskning og kunnskap knytt til temaet. Ei visualisering som synar at desse faktorane på ulike måtar skjer *mellom* mikro- og

makronivå, kan vere nyttig, når vi diskuterer faktorar som kan vere fremjande og hemjande for sosial støtte og betringsprosessar.



Figur 5: fremjande faktorar for sosial støtte

Sosiale møtestader som er knytt til tenestene kan vere viktige for å auke sosial kapital og stimulere betringsprosessar. Dette er funn som samsvarar med anna forskning, som peiker på at sosiale møtestader rigga av helse- og sosialtenestene og frivillige kan bety «alt» for folk som har få andre alternative møtestader, og som slit med langvarige psykiske og sosiale problem (Ynnesdal Haugen et al., 2018). Det som kjenneteiknar stader som har større potensial for gode betringsprosessar, samanlikna med andre, er at dei har rom for mangfald, og at deltaking i aktivitetar er prega av passelege krav og mindre tidspress (Horghagen et al., 2014).

Aktivitetane må ha ei meining og retning – og gjennom aktivitetane kan sosial støtte skje, noko funna i studien vår kan gje døme på. Det er viktig at slike stader likevel representerer noko anna enn arbeidstrening, med mål om å kome inn under arbeidslina igjen. Ikkje slik å forstå at arbeid ikkje er viktig – at det ikkje kan eller av og til bør vere eit mål. Men, i betringsprosessar framhevar både deltakarane i denne studien og andre (Borg et al., 2017; Ynnesdal Haugen et al., 2018) erfaringar som indikerer at framfor å auke press knytt til sivilsamfunnet sine krav bør ein heller redusere dette presset for å skape rom til nødvendige betringsprosessar.

På den andre sida kan ein tenke seg at ei «isolering» i miljøa knytt til møtestadene tenestene tilbyr, kan auke distansen til sivilsamfunnet. Det kan bli ein sub-kultur, på godt og vondt –

noko vi utforskar vidare i neste del som potensielle barrierar for betring og utvikling. Andre studiar viser òg verdien av å kople stader til arbeid, spesielt knytt til klubbhus som Fontenehusa, og andre sosiale møtestader – som arbeider direkte med brubygging mellom sivilsamfunnet og folk som strever med langvarige psykiske helsevanskar (Prince et al., 2017; Prince et al., 2018). Deltakarane vi intervjuar og var saman med, spesielt brukarane, hadde særst lite fokus på arbeid. Det speglar òg sjølvstøtt vårt fokus og våre spørsmål i intervjuomgangane, og at dei fleste deltakarane i brukar-gruppa ikkje var i tradisjonelt arbeid. Likevel – når vi var innom temaet arbeid og det «normale» sivilsamfunnet – fokuserte diskusjonen til brukarane seg inn mot opplevingar av stigma og skam knytt til arbeidslivet og sivilsamfunnet elles, som vi går nærare inn på i neste funn-del. Det som kunne redusere dette stigmaet og skamma, var mellom anna å møte andre i liknande livssituasjonar, og gjennom det oppleve eigen livssituasjon som mindre framandgjerande og unormal.

Sosial rytme var noko som skilte seg ut som ein fremjande faktor for sosial støtte.

Komparative studiar syner at på tvers av ulike kulturar er denne rytmen, eller fråværet av den, noko som gjerne har samanheng med korleis folk rapporterer helse og livskvalitet (Margraf et al., 2016; Schlecker & Fleischer, 2013). Sosial rytme refererer ofte til døgnrytme, tidspunkt for måltid, og tidsbruk og hyppigheit brukt saman med andre (Bjørlykhaug et al., 2020). I vår studie peika deltakarane på betydinga av aktivitetar som både kunne representere rytme og overgang. Funna våre speglar erfaringar og refleksjonar kring forhold i miljøa som kunne vere med på å fremja rytmen, og i forlenginga sosial støtte på ulike nivå. Særleg viktig, og noko som kom fram i alle fokusgruppeintervjuar blant brukarar, tilsette og frivillige, var *måltidene*. Måltid som møtepunkt og måltid som ein kunne dele med andre, om livet elles var prega av einsemd og strev. Måltid der ein kunne kjenne og føle nærværet av andre, men òg gjerne vere med i prosessen med å lage måltida.

Spesielt brukarane framheva betydinga av at det òg kunne innebere måltid ein elles ikkje hadde råd til. Tilsette og frivillige understreka at den sosiale dimensjonen knytt til måltida; at folk kunne ha stabile møtepunkt, bli kjend med nye gjester – òg kunne føre til styrka sosiale band mellom folk. Det blei eit slags heilande samlingspunkt, noko kvardagsrituelt, som markerte tilhøyrslø og overgongar i kvardagen. Om vi hentar inn igjen dei nemnde studiane frå sokalla «Blue Zones» (Buettner & Skemp, 2016; Poulain et al., 2013), ser vi i desse studiane òg verdien av sosial rytme, og forholda mellom sosial rytme, maten og deling av måltid. Alle desse lokalsamfunna med – lang levealder og høge skårar på livskvalitet – skil seg ut ved å leve på eit meir tradisjonelt vis. Det betyr meir naturleg aktivitet knytt til

dyrkinga av maten i nærleiken til lokalmiljøet, og «alle» deltek; ei større vekt på kollektiv orientering. Meir stabilitet. Det fører til at ein er meir fysisk aktiv utan å tenke over det, og har større nærleik til naturmiljøet. Ulike faktorar gjer at desse stadene er prega av sosial rytme og høg grad av sosial støtte. Ikkje berre til eigen familie, men til heile lokalsamfunnet. Stabilitet, god tid og oppbyggande sosiale band er nøkkelfaktorar. Dette blir òg aktualisert i våre funn. Noko av det som skilte seg ut i fokusgruppediskusjonane og analyseprosessen vår, var betydinga av stabilitet ved møtestadene og i tenestene – og langsame betringsprosessar. Det er kanskje for mykje å forlange av tenestene innan psykisk helse at dei skal bygge sjølve lokalsamfunnet sitt fundament. Likevel er desse nøkkelfaktorane kanskje noko tenestene og politikarane kan lære av, i ei tid prega av stadige innovasjonar og omsiftingar.

Både brukarar, tilsette og frivillige meinte at om ein klarte å halde fast ved tilbod og møtestader, slik at ein fekk tid nok til å bygge opp aktivitetar med varigheit, var det meir sannsynleg at sosial støtte kunne utvikle seg og skje. Dette synar kanskje òg – og understrekar – behovet for samfunnsarbeid og politikk som ser verdien av stabile sosiale møtestader. Det er openbart større sjansar for å utvikle relasjonell og sosial kapital, ved treffpunkt der ein møter eit større mangfald av menneske. Samstundes samsvarer funna i denne studien med andre studiar (Rossen & Elstad, 2021) som løftar fram verdien av erfaringskunnskap. At folk med eigenerfaring blir ein del av tenestene, kan både føre til at folk som oppsøker tenestene finn meir resonans, håp og kjensler av å høyre til (Borg et al., 2017). Fokusgruppene blant brukarane i denne studien peika på betydinga av dette; at det hjelper å høyre om og møte «folk som har vore ute ei vinternatt før». Ein treng følgjeleg ikkje vere erfaringskonsulent for å vise litt av eiga sårbarheit og erfaring med strev i livet. Denne openheita er noko som kan bidra til dannelsingsprosess i tenestene, bevegelse i relasjonane, og som i beste fall fremjar opplevinga av støtte og betring. Denne openheita og det å vise seg som eit sårbart menneske, kan potensielt leie til mindre «oss-og-dei»-tenking. Ein bevegelse frå møte mellom subjekt-objekt, frigjering frå det objektive blikket frå «kronisk friske», til møte mellom subjekt-subjekt (Volden, 2009). Slike bevegelsar er erfaringskunnskapen med på å bidra til både i kommunale tenester for psykisk helse, og i psykisk helsevern. Bevegelsar som potensielt aukar rommet for støtte, både for fagfolk og for dei som brukar tenestene.

Rossen & Elstad (2021) har utforska korleis fagpersonar opplevde at erfaringskonsulentar påverka perspektiv og praksis i psykisk helsevern. Fagpersonane som blei intervjuva i denne studien, uttrykte at dei hadde fått auka medvit og forståing om brukarar sine kriser og livssituasjonar. Dei meinte òg at erfaringskonsulentane bidrog til å utvide både faglegeheit og

verdigrunnlag. På den andre sida: utfordringar i samarbeidet og i integreringa av erfaringskunnskap, og erfaringskonsulentar, eksisterer sjølvstøtte. Nokre brukarar av tenestene kan oppleve at enkelte erfaringsmedarbeidarar er for opptatt av eiga erfaring, og for fokusert på eigen veg ut av helsevanskane som den heilage løysinga. *Korleis og når* ulike aspekt av egne erfaringar blir brukt, er avgjerande, om dei skal opplevast som relevante og støttande for andre (Ogundipe et al., 2019).

Dei estetiske og strukturelle tilhøva lokalt syner funna i denne studien er avgjerande for å fremja sosial støtte. Kolstad (2007) understrekar at ingen er upåverka av måten omgjevnadane signaliserer til oss, og korleis desse omgjevnadane stimulerer til dømes det rommet vi opplever i samværet med andre. Til dømes bedømer vi andre menneske i lokalet meir positivt og føler økt eigenverd og sjølvkjensle i vakre omgjevnadar. Vi får rett og slett meir lyst til å vere saman med andre menneske, og å hjelpe kvarandre, dersom vi oppheld oss i rom og på plassar vi opplever som vane. Design som er prega av estetisk skjønnheit kan ha positiv effekt på brukarar av tenester og deira pårørande si oppleving av velvære og betring (Riisbøl & Timmermann, 2020). Forfattarane av sistnemnde artikkel løftar til dømes fram tre områder som skil seg ut. Desse områda samsvarar på fleire måtar med erfaringane deltakarar i vår studie òg peika på: (I) musikk, veggpryd og fargar (II) tilgang til natur/grøne områder og (III) private rom, moglegheiter for å trekke seg tilbake i stille soner.

I det antropologiske arbeidet kunne vi òg sjå korleis samspelet kring støtte utvikla seg i ulike rom: både knytt til måltida, og korleis innrettinga var; med dekkja bord, blomar og trivsel. Men òg kva type aktivitetar som skapte og på ulike måtar stimulerte proksimale prosessar; utforskning, fantasi og gjensidig støtte. Kva skjedde med folk når dei til dømes gjekk saman for å så bie-blomster? For det første var det ein læringsprosess som skjedde knytt til kor avhengig vi er av biene, og at vi kan hjelpe til med å legge til rette for estetisk skjønnheit – samtidig som vi hjelper biene med å auke tilgangen på mat. I slike prosessar, og i slike samvær, jobbar ein saman mot eit felles mål og samspelet relasjonelt på fleire nivå. Aktivitetar som har ein tydeleg agenda og som representerer noko anna enn sjukdomsfokus, kan vere viktige både for å knyte nye sosiale band og rette merksemda over mot ting ein faktisk får til. Ein kan rette merksemd mot meistring, trass vanskelege livssituasjonar.

Proksimale prosessar som utviklar seg i miljøa og nettverka vi er del av, kan vere avgjerande for betringsprosessar, og er ofte livslange prosessar (Bronfenbrenner, 1977). Det same er «sosial dulting» på ulike nivå i økologien. Dulting eller «nudging» blir brukt på ulike måtar for å stimulere dei sosiale liva våre, både til å regulere åtferda vår, og kan anten hjelpe oss til

å ta sunne eller usunne val (Bicchieri & Dimant, 2019). Slik dulting kan handle om alt frå kampanjar som siktar mot å hjelpe befolkninga til å slutte med røyking, ta vaksiner eller deltaking i organisasjonar, politiske val eller demonstrasjonar. Det kan òg vere knytt til prosessar som handlar om å førebygge einsemd, og bidrag til styrke sosial tilhøyrse i lokalsamfunn. Eit interessant område knytt til forhold som kan fremja støtte og kontakt, og førebygge einsemd, er korleis tenestene og møtestadene vi besøkte har potensial til å «kople» saman folk. Ei slags «sosial dulting»: «han er jo aleine, men har same interesser som... kanskje vi skal invitere han dit». Undervegs i feltarbeidet kom nokre slike situasjonar fram, noko som ofte kunne føre til at nye sosiale band oppstod. Kjensler av stoltheit og tilknytning til ein bestemt aktivitet, men og staden, kunne blomstre.

I forskingsprosessen vår blei miljøa si betydning for å stimulere og styrke sosiale band tydelege. Eg hugsar særst godt at ei sprudlande kvinne kom bort til meg i starten av opphaldet i den deltakande observasjonen å sa: «eg blir frisk av å vere her!». I den vidare utforskinga handla kanskje dette mykje om den opplevinga av at det blei skapt eit rom, som skilte seg frå andre stader, til å kome og vere slik ein er – finne meir ut av kven ein er i samspel med andre – å skape rytme saman med andre? I dette rommet kan det oppstå vikarierende håp, som nokre deltakarar i denne studien beskreiv det som, og som vi har uttrykt i eit av dikta i tredje artikkel.

Når vi snakkar om relasjonell recovery, relasjonelle betringsprosessar, snakkar vi om sosial støtte på dei ulike nivåa. Vi snakkar òg om desse to omgrepa som blei introdusert i teori-delen: sosial kapital og recovery-kapital. Korleis kan dei ulike fremjande faktorane for sosial støtte, vere med på å stimulere og auke denne kapitalen? Funna i vår studie peiker på at for å stimulere og utvide sosiale nettverk, som er avgjerande for å bygge sosial kapital, er vi avhengige av stabile miljø med rom for mangfald. Mangfaldet representerer moglegheiter til å treffe nye menneske ein kan ha noko til felles med, og som har andre perspektiv, noko som kan skape rom for bevegelse og forandring. Noko som kan utvide opplevinga av identitet og livskvalitet. Miljø som kan tilby alternativ sosial rytme når ein på grunn av langvarige helsevanskar ofte opplever at rammene raknar, og som kan dulte oss i nye retningar i betringsprosessane. Miljø som kan tilby aktivitetar som er meningsfylte, og som inneber noko *mykje meir* enn angstsirklar og depresjonsmeistring. Aktivitetane kan og bør med fordel koplast på ein agenda, og representere noko ein gjer og arbeidar mot i fellesskap, synar studien vår. Misforstå meg rett; konkrete meistringskurs knytt til angst- og depresjon kan vere fint og til hjelp, og sjølvstøtte òg bidra til nettopp det. Men, det er mogleg tenestene ofte og i

for stor grad undervurderer aktivitetar som er frigjorde frå sjukdomsspråket. Tilnærmingar som i større grad er frigjorde frå sjukdomsfokuset, som til dømes fotballgrupper som tilnærming. Aktivitetar som representerer eit pauserom frå strevet, kan stimulere til relasjonell recovery, og vere med på å utvide sosiale nettverk og sosial kapital (Lamont et al., 2017).

Det er òg fleire fordelar med aktivitetar som både er sosiale og fysiske – at ein brukar og beveger kroppen. For mange som slit over tid og brukar mykje medisin, er det ofte ekstra krevjande med trening, og fleire av brukarane av tenestene vi snakka med understreka kor viktig det var at aktivitetane anten hadde lav terskel for deltaking, men òg at det kunne vere aktivitetar ein var fysisk aktiv i; kor ein blei «lura» inn i fysisk fostring. Aktivitetar som ikkje er trenings-senter-orienterte kan vere gull verdt; til dømes hagearbeid, dyrking og hausting, matlaging, dyre-stell, turgrupper, fotballgrupper, klatring, you name it, kan bidra til at heile kroppen får det betre – både den einsame og sosiale kroppen. Alt anna enn å skrive doktorgrad, hjelper.

Kva slags kulturelle og sosialpolitiske forhold kan fremja sosial støtte og sosial kapital? Det er mange forhold, og samansett, men vi kan nemne nokre sentrale områder av betydning. Funna våre peikar mot at hjelp med pengeproblem, integrering av erfaringskunnskap og stabile møtestader er avgjerande for å kunne auke *både* sosial kapital og recovery kapital. Samstundes viser funna våre at å skape støttande miljø/system, òg er avhengig av, som nemn, at det finst rom for mangfald. Det betyr at tenestene må legge vekt på verdiar knytt til velkomstkultur, omsorg og rausheit. Ein kan tala om at det oppstår ein større relasjonell resiliens ved dei tenestene og miljøa som klarer å omfamne desse verdiane. Waldegrave et al. (2016) utforska i ein større studie relasjonell resiliens – i og mellom ulike kulturelle grupper (Māori, Pacific & European Sole Parent families). Dei fann at aleine-foreldre fann særleg god støtte på tvers av kulturelle bakgrunnar, og aktiverte støttande nettverk. Kanskje mykje på grunn av vilja til å oppdra barn(a) – og at deltakarane hadde til felles det å vere aleine-forelder. Verdiar, tru, kulturelle støttesystem og spiritualitet var viktige tema som deltakarane meinte bygde betre relasjonell resiliens og sosial støtte. Dette er funn vi òg kan spore i ulike studiar frå andre kontekstar, summert i våre første artikkel. Likevel, desse områda aleine var ikkje nok til å klare seg. Deltakarane peika på at dei var avhengige av ein betre sosialpolitikk for å kunne både bu, oppdra ungane og vedlikehalde støttande nettverk. Særleg viktig var økonomisk bo-støtte – ein utgiftspost som er ei tung byrde for mange som er aleine – og andre økonomiske støtteordningar, som ikkje var tilstrekkelege for mange som deltok i studien (Waldegrave et al., 2016). Dette speglar til ei viss grad erfaringane som brukarane av

tenestene i studien vår hadde. For folk i somme kulturar, som til dømes aleine-foreldre frå Māori og Polynesiske kulturar, er det desto viktigare med tilgang og tilrettelegging for sosiale bustadar, som kunne huse fleire i familien. I ein typisk europeisk logikk og sosialpolitikk, er mange hus og leilegheiter ikkje designa for ein større familiestruktur – eller alternative sosiale bustadar. Slike studiar understrekar kor viktig det er å utvikle nyanserte sosialpolitiske innrettingar, som kan tilpasse seg kulturelle verdiar og forskjellar, og ulike sosiale kontekstar (Waldegrave et al., 2016). Innrettinga av tenestene og sosialpolitikken treng ofte ei meir kultursensitiv tilnærming.

Fleire av deltakarane i vår studie peika på betydninga av pengar og det å streve med å få endane til å møtast. Så dette grunnleggjande; å ha og oppretthalde ein heim, noko som blir stadig meir utfordrande i en by som Oslo, med vanvitige bustad-prisar og eit kunstig høgt prisnivå på utleigemarknaden. Det verkar openbart at ein sosialpolitikk som kan regulere desse forholda, og legge til rette for ein meir rettferdig økonomisk fordelingspolitikk generelt, og bustads-politikk spesielt, er avgjerande for å oppleve at romma i våre sosiale landskap kan opna seg meir. Vi veit at målretta økonomiske tiltak er sentralt for å fremja (psykisk) helse og våre sosiale liv, og har stor betydning i arbeidet med å redusere sosial ulikskap i helse (Topor & Ljungqvist, 2017; van der Wel et al., 2018; Wilkinson & Pickett, 2020). Difor er det grunn til å jobbe meir med det vi kan kalle for *kultursensitiv instrumentell støtte*; målretta hjelp med pengeproblem og bustad, og ein mykje meir progressiv fordelingspolitikk. Dette området er kanskje det viktigaste strukturelle grepet for å på alvor jobbe med å utvide folk sine sosiale liv, helse og livskvalitet – og det mest avgjerande for å unngå å designe hjelpesystem som reproducerer ulikskap.

8.2 Hovudfunn II: forhold som kan hemja sosial støtte

Og tror du det var ensomt å ferdes slik alene

Der skog og tundra sprer seg krevende og vill

Da feiler du min kjære

for det er blant mennesker at ensomhet blir til

-Helge Ingstad

Desse velkjende orda frå Helge Ingstad står seg godt. Ein kan tolke det på ulike måtar. I vår samanheng er det vesentleg å understreke dette noko eksplisitt; at det er i *det sosiale* og

mellommenneskelege at vondskap og faenskap skjer. Funna i studien vår knytt til erfaringar og forhold som kan hemja sosial støtte, peiker mot fleire velkjende fenomen som historisk sett både representerer nye *og* gamle utfordringar med det sosiale. Deltakarane i vår studie, og spesielt blant dei som brukte tenestene, løfta fram økonomiske problem, skam og utfordringar i kulturen knytt til det å vere sosial – det å vere menneske som strever med sosiale problem og psykisk helse – i vår tid.

Hovudfunnområder knytt til dette området blir løfta fram i følgjande hovudtema: (1) økonomiske problem, (2) stigma knytt til psykiatriske diagnosar, (3) diagnosekulturen (4) utfordringar i samtida (opplevingar med overdriven individualisme, sosiale media, etc.) (5) sosial ulikskap og (6) strukturelle utfordringar i tenestene.



Figur 6, Hemjande faktorar for sosial støtte

Beresford (2005) minner oss på at sosialt arbeid vaks fram som ei radikal rørsle, hovudsakeleg starta av kvinner. Det var den første profesjonen som for alvor peika på problemet med ulikskap og diskriminering i samfunnet. Arbeidet med å utvikle praksisar som gjekk til rota i kampane for sosial rettferd er eit viktig poeng i forlenginga av dette, og eit sentralt utgangspunkt for sosialt arbeid. Det er òg ei viktig påminning knytt til funna i vår studie; å ha nok pengar er avgjerande for gode betringsprosessar, deltaking og sosial støtte. Nancy Fraser sin rettferdsteori stiller tre krav til korleis sosial rettferd kan realiserast (Kojan,

2016). Dei to første krava er økonomisk fordeling og verdsetjing av kultur. Det tredje er politisk deltaking. For at deltaking og endring skal skje må ein vere representert i det politiske livet. Det er òg, slik eg tolkar det, ei viktig påminning om at sosialt arbeid er eller *bør* vere eit politisk arbeid, som kan verke truande for nokre ideologiar.

I fokusgruppene og feltarbeidet vårt var det tydeleg at økonomiske problem utgjorde ei sentral utfordring, for mange av dei som brukte dei kommunale psykiske helsetenestene. Kojan (2016) løftar fram at økonomisk ulikskap er eit avgjerande område som står i fare for å bli tilsløra, om ein ikkje har faglege og analytiske omgrep til å identifisere ulikskapen. Fraser trekker fram at økonomisk rettferd forsvinn i den «postsosialistiske tidsånda» (Kojan, 2016) – og er slik sett i tråd med den overdrivne individualistiske og ny-liberale arketypen: du er din eigen lukkes smed, og om helsa di er god eller dårleg handlar først og fremst om du er innovativ nok eller ikkje. Kvifor er dette viktig? For det første; fordi vi har tilgang på årevis med empiri, som viser dei sosiale og helsemessige negative konsekvensane når ulikskap får vekse fram i samfunn (Karlsson & Borg, 2021; Piketty, 2020; Wilkinson & Pickett, 2020). For det andre; det sosialfaglege har stadig mindre å seie i helse- og sosialfeltet. Det er fleire grunnar til det, som vi har vore innom. Både nasjonalt og internasjonalt kan faget sosialt arbeid seiast å vere i ei «identitetskrise», der fleire hevdar at ein har gått vekk frå sosialt arbeid og meir mot «arbeid med deg sjølv» (Kroken & Madsen, 2016). Fortellinga om at du er din eigen lukkes smed og din eigen ulukkes smed, ser ut til å manifestere seg så djupt i kulturen vår, at «det nye» sosiale arbeidet slit med å skape ein nødvendig motkultur. At sosialt arbeid og rettferdsteori bør vere relevant framover speglar seg òg i nye stortingsmeldingar. Politiske erkjenningar som den i Folkehelsemeldinga (2019) seier kanskje (om enn indirekte) at ein del av løysinga på psykiske helsevanskar, kan vere tilrettelegging for sosial støtte og sosial tilhøyrslø. Frasers sin rettferdsteori bør, i den vidare politiske erkjenninga, kome inn som ei viktig påminning i arbeidet med demokratisk utvikling i arbeidet med psykisk helse.

I teori-delen var vi kort innom sosiale band, og korleis både stoltheit og skam kan utvikle seg i sosiale grupper og arenaer, på godt og vondt. Brukarane av tenestene som vi snakka med og som vi følgde eit lite stykke på vegen, løfta fram følelsar av skam meir enn følelsar av stoltheit. Det var for dei aller fleste ikkje knytt spesielt stoltheit til å bruke tenestene, eller møtestadene vi vitja, slik dei vi snakka med uttrykte seg. Ikkje særleg overraskande, kan du tenke.

Vanskar med psykisk helse (og rus) er både ei personleg erfaring, og erfaringar som er del av ein sosial, politisk og kulturell samanheng (Karlsson & Borg, 2021). Folk vi møtte i feltet som sleit – peika på sentrale områder vi kan knyte til å oppleve eigenverdi. Nokre framheva at ein måtte kjempe med skamfølelsar kvar dag, og det å føle seg verdifull. Har livet mitt nokon verdi, og kven er det som bestemmer korleis denne verdien kan målast og vegast? Er eg berre ei byrde for samfunnet? Korleis oppnå kjensler av verdi og meistring når helsa og livssituasjonen ikkje kan tillate det? Dette er spørsmål deltakarane i studien i stor grad aktualiserer – spesielt når brukarane av tenestene løftar fram skam – knytt til kombinasjonen av det å slite psykisk, og å ikkje ha tilstrekkeleg med pengar. Dei fleste i Noreg, og Oslo, er rike. Det gjer ulikskapen tydelegare og fattigdommen meir skamfull. Det er grunnleggjande urettferdig at den gjennomsnittlege levealderen for personar som bor på Oslo si austkant, er ni år kortare enn for personar som bor på Oslo si vestkant (Karlsson & Borg, 2021). I arbeidet med denne diskusjonen har eg kome tilbake til Judith Butlers' bok *The force of Nonviolence*, og blei igjen merksam på korleis den politiske og sivile majoritets-kroppen ofte utøver vald mot minoritetsgrupper. Det verker som ein evig dans, ein tango som alltid tek krokfot på folk som sjanglar, eller sparkar dei som allereie ligg nede – manifestert i ein politikk som stadig favoriserer dei velstående. Dei heldige. Ingen kan leve lenge på livslygnene om at vi, på bakgrunn av våre historiske skruplar, har kome veldig mykje lengre. Butler (2021) utforskar menneskeverd eit stykke vidare når ho spør; når er eit liv verdt å sørge over?

(...) we cannot lose those who cannot be grieved. They are treated as beyond losing, already lost, never living, never having been entitled to life. All of these forms of taking life or letting life die are not just concrete examples of how the metric of grievability works; they wield the power to determine and distribute the grievability and value of lives (...) and in these instances, we see the convergence of the bio-political logic of the historical-racial schema with the phantasmagoric inversions that occlude the social bond: what may appear as an isolated act of violence or as the expression of an individual psychopathology shows itself to be part of a pattern, a punctual moment within a *reiterated practice of violence* (s.121)

Det er som Édouard Louis (2018) skriv om, når han skriv om sin eigen utslitne arbeidarklasse-far; "Historien om kroppen din anklager den politiske historien". Louis si bok er òg ei påminning om korleis den politiske valden, og dei som blir ramma av den, bevegar seg i eit mangfald; svarte og andre som framleis opplever strukturell rasisme, kvite

arbeidarklasse-folk, folk som blir drive på flukt, ur-folk, folk som strevar med samansette psykisk helse- og avhengnadsproblem, med fleire. Barn òg vaksne. Menneske. Det er for jævleg at folk som erfarer vanskelege livssituasjonar, framleis skal bære på skam og følelsar av mindreverd. Difor er det avgjerande å løfte desse aspekta fram som barrierar for sosial støtte og betring. Politikk er svært personleg. Apropos liv som minnst – liv som går tapt og som vi sørger over, eller ikkje, kom eg på eit utsakn frå feltarbeidet. Ein av dei frivillige vi snakka med, sa at dei brukte å reise til gravferda til enkelte av dei som brukte tenestene. Spesielt til dei som dei visste ikkje hadde familie, eller nære venar. Dei kunne ta med seg nokre andre kollegaer, eller folk som brukte tenestene, og reise til gravferda. Dette blei etter kvart gjort nokre gongar, og andre som brukte staden fann ei slags tryggleik i dette; då visste dei at den dagen dei døydde, ville i alle fall *nokon* dukka opp i gravferda. Nokon ville kanskje til og med sørgje over tapet.

Fleire deltakarar i studien vår peika på både fordelar og ulemper med psykiatriske diagnoser. Blant brukarane av tenestene, blei psykiatriske diagnoser først og fremst diskutert som noko hemjande for sosial støtte, spesielt knytt til sivilsamfunnet og arbeidsmarknaden. Det reiste seg diskusjonar knytt til korleis enkelte diagnoser kunne vere opnande for å få tilgang på ein del godar, men ofte på den andre sida: vere lukkande for sosial støtte. Nokre diagnoser kunne vere lettare å leve med enn andre, det kunne til dømes handle om kva som var «trendy», eller om ein kjendis nyleg hadde stått fram som Bipolar. Det er vanlegare å introdusere seg med at: «Hei! Eg er Ola X, og er bipolar», enn «Hei! Eg er Kari X, og er kronisk angst» eller «emosjonelt ustabil». Dei fleste som har erfart djupe psykiske kriser og langvarige psykiske helsevanskar, vil nok ha kjend på at dette; at *det* kjem ikkje til å gå over. Når vanskaner varer over tid er det lett å identifisere seg med vanskaner, eventuelt dei psykiatriske diagnosane du får tildelt. Diagnosekulturen gjennomsyrrer liva våre.

I tråd med Brinkmann (2015), som utforskar korleis vi ender opp med *å vere* og *å gjere* diagnosane i bestemte sosiale praksisar, diskuterte deltakarane i studien mykje av det same. Det er interessant korleis psykiatriske diagnoser – og ulike lidningar generelt – kan skape enten positiv status, eller negativ status, alt etter trendar i pop-kulturen, og vidare helsepersonell sine preferansar (Johannessen et al., 2020) – men, det kan sjølvstg gje mening med tanke på at ulike smerteuttrykk kan vere lettare å forholde seg til enn andre. Likevel utgjer status knytt til enkelte smerteuttrykk og diagnoser eit problem for den enkelte, spesielt knytt til opplevingar av støtte eller fråværet av støtte. Det er til dømes knytt meir skam til diagnoser

som 'schizofreni', 'tilbakevendande depresjon' og 'emosjonelt ustabil personlegheitsforstyrning', meinte nokon av deltakarane som brukte tenestene. Diskusjonane dreidde seg vidare rundt kvifor ein absolutt må merkelappe alle smerteuttrykk med psykiatriske diagnosar, og korleis slike diagnosar potensielt blei hengande ved deg livet ut. Ein skal ikkje undervurdere dei barrierane diagnosekulturen har utvikla, og korleis utvikling, identitet og åtferd til enkeltmenneske blir påverka av ein slik designa orden (Petersen, 2015). Denne konseptualiseringa av smertetrykk og avvik treng å bli utfordra vidare.

Det kan av og til verke litt tilfeldig kva type diagnosar ein får – og særst avhengig av korleis smerteuttrykket er i den perioden ein blir vurdert av dei som skal setje diagnosane. Som nokre av deltakarane i vår studie peika på, var nokre psykiatriske diagnosar barrierar for kontakt og støtte. Ekeland (2021) skriv at psykiske helsevanskar synes å både være ekvifinale – at ulike typar bakanforliggende forhold kan gje same plager og diagnose – og multifinale; at same type bakgrunnsforhold kan gje ulike diagnosar. Han hevder vidare at:

Om vi ser på den biomedisinske sykdomsforståelsen av psykiske lidelser som en hypotese, for eksempel fremsatt i 1883 av Emil Kraepelin i sin store psykiatribok, kan vi i dag med Karl Poppers begrep si at den er falsifisert. I en slik situasjon inviterer Popper oss til teoretisk kreativitet: Er der andre teorier som kan passe bedre med det empirien viser? Popper kritiserer vitenskapssamfunnet for å omgå denne utfordringen og isteden, ved hjelp av ad-hoc forklaringer og hjelpehypoteser, å forsvare sine teorier langt utover empirisk rimelighet. At vi forsvarer våre kart selv om terrenget viser noe annet, kan også handle om makt og interesser, og profesjonenes identitet (s.13)

Om folk som brukar tenestene meiner psykiatriske diagnosar er problematiske, når erfaringskunnskapen er så tydeleg: kanskje det er på tide å endre karta våre over korleis vi forstår psykisk helsevanskar? På den andre sida er det viktig å påpeike at erfaringskunnskapen her ikkje berre seier dette eine: at psykiatriske diagnosar og medisinsk behandling er eintydig negativt. For nokon er både det å få eit språk – ein kategori – eit konsept som gir mening – for dei vanskane ein har, til hjelp. For nokre av oss kan psykofarmaka i periodar, vere til hjelp. Den store utfordringa oppstår når denne kategorien, blir hemjande for utvikling av både identitet og potensiell støtte. Difor kan vi hevde, igjen, at det biomedisinske perspektivet får *for stor* plass, og det kontekstuelle *for liten* plass, i karta våre over sosiale problem og psykiske helsevanskar.

Det som beveger seg mellom mikro- og makronivå kva gjeld *forståingar* og *haldningar* knytt til psykisk smerte, diagnosar og avhengigheit – vil vere definerande for korleis vi opplever å finne rom for støtte og betring. At psykiatriske diagnosar er eit forsøk på å designe ein slags orden – heng òg saman med eit samfunn sitt behov for å utøve kontroll; det heng saman med dimensjonar av *Governmentality*, for å kome tilbake til Foucault. Éi analyse av dette omgrepet knytt til moderne styringskunst, er at styringa beveger seg mellom to kryssande dimensjonar: (I) Å dirigere samfunnet gjennom ei (eller fleire) styrande hand. (II) Å gje menneske moglegheiter til å sjølv forme sine liv (Hammer, 2020). Psykiatriske diagnosar kan verke disiplinerande, samtidig som dei gjer oss nokre sjansar til å forme liva våre – forstå liva våre – med alle dei avgrensingane det diagnostiske språket og kartet medfører.

Stadige omskiftingar i tenestene skaper slitasje og potensielt utfordrande haldningar. Dette synar deler av materialet vårt, og blir spesielt aktualisert i artikkel 3. Stadige omskiftingar og innovasjon, vel vitande om at manglande utskifting og manglande fornying kan skape det same, er noko funna våre kan gje døme på og problematisere. Det oppstår fleire dilemma mellom behovet for stabile miljø og behovet for fornying og utvikling. Sentrale spørsmål vi bør stille oss er: korleis skjer reproduksjon av sosiale problem og ulikskap i tenestene? Igjen; vi kan spore nødvendigeita av meir erfaringskunnskap inn i tenestene og politikken, i arbeidet med å demokratisere innrettinga av tenestene og politikken – slik at tenestene i større grad kan utvikle seg til å bli reelt støttande.

Braidotti (2019) løfter fram at den ny-liberale kapitalismen sin styringslogikk, kan sporast til eit område ho kallar for kognitiv kapitalisme. Som vi kort var innom i teori-delen, skjer og utviklar dei sosiale banda mellom oss heile tida på ganske nye premissar; ofte med aggressiv og rask teknologiutvikling som freser oss i nakken. Kapitalismen lar seg ikkje knuse, hevder Braidotti. Den finn berre nye vegar. Fleire av deltakarane i vår studie framheva at det var noko utmattande med sosiale media og at risikoen for å blamere seg auka – når vegen er så kort frå tanke til offentlege postar – i endelause virtuelle rom. Dei sosiale og relasjonelle utfordringane – og den sosiale ulikskapen – må sjåast i lys av at ny-liberal kapitalisme representerer eit «nytt» regime for *governmentality*: profitt-jaget knytt til vår merksemd, våre kroppar, våre kognitive kapasitetar, blir nå i stor grad styrt av avanserte algoritmar.

Sosiale media sin vekstlogikk gjer at vi blir storkonsumentar på nye måtar, og påverkar liva våra på både godt og vondt. Desse algoritmane er designa av vekstansvarlege i dei store tech-selskapa. Dei er designa med utgangspunkt i avansert nevro-psykologisk vitenskap; designa for at vi skal bruke mest mogleg tid i dei virtuelle romma. Designa for avhengigheit. Dette er ofte ei mogleg barriere for merksemd, sosial kontakt og sosial støtte, og ikkje minst; ei skummel og farleg utvikling. Denne utviklinga har fleire avtroppande ingeniørar i tech-selskapa aktivt gått ut og advart om, mellom anna i dokumentar-filmen *The Social Dilemma* (Orlowski, 2020). På den andre sida er det heilt klart òg nokre fordelar med teknologiske nyvinningar – men med fleirfaldige vanskelege spørsmål knytt til både energikonsum; kva krevjar den stadig aukande datatrafikken av straum, personvern-utfordringar, over-eksponeringar for både barn og vaksne – og fråvær i det sosiale her-og-nå? Det er grunn til å vere uroa for korleis alt dette påverkar våre sosiale landskap og kroppar ofte på negative måtar.

Nokre av funna i studien vår peikar òg mot konfliktfylte aspekt i tenestene og ved møtestadene, knytt til negative haldningar og kanskje manglande klokskap, løfta fram i tredje artikkel. Nissen flytter ofte med på lasset. For enkelte, og spesielt nye, det gjeld både enkeltindivid og grupper, som kjem inn i etablerte nettverk og miljø, er det openbart ulikt korleis ein blir motteken og ivaretatt. Ynnesdal et al. (2018) peiker på nokre sentrale utfordringar, spesielt knytt til sosiale møtestader i tenestene, kor ein ved enkelte stader adopterer gamal institusjonspraksis som kan verke disiplinerande og hemjande for støtte og betringsprosessar. Nokre av møtestadene i tenestene har til dømes strenge hus-reglar, som kan verke ekskluderande og hemjande for sosial støtte – ei type omsorg gjennom disiplin (Andersen et al., 2016). I vår studie skilte konfliktar mellom folk som arbeida ved møtestadene, og brukarane av stadene, seg ut der stadene og folka som arbeida der var lite rause eller omsorgsfulle. Det gjaldt spesielt ein av stadene vi vitja. Det kunne òg vere lite rom for mangfald. Der dette var aktuelt var det ikkje vektlegging av erfaringskunnskap, eller erfaringskonsulentar i tenestene. Det *kunne* vere éin faktor som spelte ei rolle for kvifor det var utfordrande å utvikle ei meir støttande og inkluderande teneste. Ein annan faktor dei vi snakka med understreka, var manglande prioritering av møtestadene frå leiinga si side, som i sin tur hang saman med korleis bydelen prioriterte tenestene.

Ein bør òg vere merksam på korleis enkelte tenester og sosiale møtestader, utvikla etter beste hensikt, òg kan vere med på å vedlikehalde sjukdomsidentitetar og i verste fall bidra til reproduksjon av sosial ulikskap (Ynnesdal et al., 2018). For oss som arbeider med og brukar

psykisk helse- og rustenester, er det stadig viktig å forsøke å tenke kritisk over korleis tenestene kan utvikle seg på mest mogleg frigjerande måtar. Korleis unngår vi å skape tenester og sosiale møtestader som berre bidreg til å vedlikehalde eller i verste fall forverre problema? Første diskusjonsdel med sine funnområder har i alle høve forsøkt å peike på nokre vesentlege faktorar knytt til dette. Det er noko urovekkande med at vi står i fare for å stadig skape tenester som gjer at folk tilpassar seg strukturelle problem; det handlar berre om å ha *rett mindset* – å lære seg å leve i det marginale. Dette er kanskje det største ubehaget eg kjenner ved vår samtidskultur.

Ubehaget i kulturen – og eit veldig reelt problem er dette: i 2018 var dei rikaste i verda (1-prosenten) på stø kurs til å sikre seg eigarskap til 2/3 av all kapital innan 2030 (Braidotti, 2019; Piketty, 2020). Den sosioøkonomiske ulikskapen har auka kraftig i om lag alle regionar i verda sidan 1980-talet (Piketty, 2020). Piketty (2020) peikar òg på utfordringane med eit stadig sterkare Merokrati; politiske eller andre sosiale system der makt og autoritet er fordelt blant medlemmane, etter dei evnene og ferdigheitene dei har. Ein kan hevde at desse negative trendane og endringane i det økologiske systemet, i ekso- og makrosystema, har sær store personlege konsekvensar. Spesielt negative er dei for alle som ikkje har rammene eller grunnvilkåra for utdanning i sine miljø, eller som ikkje passar inn i det «høgare» utdanningssystemet. Samstundes dreier stadig myndigheitene sine subsidiar over mot å tilfredsstille dei store selskapa og kapitaleigarane, og her heime i Noreg; skattelette til dei rikaste. Braidotti (2019, s.72) skriv: «*The state apparatus as a whole is in the grip of corporate finance and this occupation erodes public support for the very institutions of Western democracy*».

I tillegg ligg, som vi har vore innom, mykje trykk òg i våre stadige forsøk på disiplinering av menneske som slit, og våre nye subtile måtar å skape *avstand nok* til problem og lidning. Kognitiv terapi eller rask psykisk helsehjelp løyser ikkje sosiale og strukturelle problem. Om vi skal ta på alvor FNs spesialrapportør (2020) treng vi ein revolusjon i arbeidet med (psykisk) helse. Denne revolusjonen må fokusere på levekår og reduksjon av sosial ulikskap i helse, for at fleire skal oppleve god psykisk helse og betre livskvalitet, framheld FNs spesialrapportør. Til slutt i dette diskusjonsområdet, vil eg løfte fram eit sitat frå ein av deltakarane som viser – og som kom etter samtalar om *vikarierende håp* – at samfunnet og kulturen ofte ikkje har dette rommet, eller kan representere håp. Samtidskulturen har på fleire måtar manglande rom for sosial støtte og forståing, trass i tilsynelatande stadig meir openheit

kring psykisk helse, noko brukarane diskuterte i fleire omgangar. Dette utdraget frå ei av fokusgruppene aktualiserer det godt:

Jeg opplever at samfunnet ikke har det (vikarierende håp). Fordi vi blir en egen liten verden da, en egen liten boble inne i psykiatrien hvor vi er vant til at det er behandlerne som kan disse tingene. Men kommer du utenfor den og ut i samfunnet, så har du disse menneskene rundt deg igjen som føler seg truet av psykisk sykdom; ‘Tenk om det gjaldt meg?’
(fokusgruppe 1, brukarar).

Eg har i denne diskusjonsdelen knytt til hovudfunn II, forsøkt å løfte fram fleire områder knytt til utfordringar i samtidskulturen og strukturelle problem. Desse områda er i stor grad knytt til dei ulike erfaringane frå deltakarane, diskusjonane vi har hatt i feltarbeidet og gjennom anna kunnskap av relevans for denne studien. Det er difor desse utfordringane på ulike måtar òg blir løfta fram i alle artiklane – med litt ulikt fokus og vektlegging. Fleire av deltakarane, både blant brukarar, tilsette og frivillige i tenestene – løfta fram omgrep som egoisme og grådighet, som vi kan knyte til den overdrivne individualismen som pregar vår kultur. «*Nabodama ein kunne slå av ein prat med, er borte*», sa ein av dei frivillige vi prata med. Har naboane kome tilbake no – i løpet av eit år med dramatisk globalt virusutbrot? Eller blir støtte først og fremst gitt til dei store pengeselskapa? Det vil bli interessant å følgje denne utviklinga vidare.

I samband med funna i studien vår, er det av interesse å utforske fenomenet sosial støtte og ulike funn-områder knytt til Covid-19-pandemien. Kva fortel det som skjer no om betydninga av sosial helse og rettferdig fordelingspolitikk? Korleis kan pandemien påverka liva våre, og romma for sosial støtte, på både godt og vondt?

8.3 Funn i lys av pandemien: omsorg og støtte under press?

I lys av pandemien ser vi òg tydelegare korleis ulikskapen viser og forsterkar seg. Dei som har betre tilgang til materielle godar og romslege hus, sekundærbustadar etc., kan «meistre» ein unntakstilstand betre enn dei som lev isolert i tronge bustadar, ofte i einsemd og med lite sosialt nettverk. Brukarane av tenestene som vi snakka med, løfta på ulike måtar fram

utfordringar med at det fellesskapet ein er del av – storsamfunnet – er dyrt å delta i. Det kostar mykje pengar å delta i og bevege seg i det sosiale fellesskapet i vår tid. Ein unntakstilstand som denne pandemien, har ikkje gjort det lettare for folk med dårleg råd å «kjøpe seg pausar», noko dei med økonomisk tryggleik og overskot lettare kan gjere. Mange aktivitetar som folk ofte tar for gitt, som å gå på kino eller kafé, eller kome seg frå A til B, er kostbart. I fokusgruppene blant brukarar blei mellom anna det å kome på orsakingar for å ikkje bli med på ting, knytt til at ein enkelt og greitt ikkje hadde råd til å bli med. Fleire eg har snakka med i etterkant av at pandemibølga slo inn, har løfta fram at ein til dømes ikkje berre kan leige ein bil for å kome seg ut av byen på tur – som fleire gjer for å få litt avveksling frå isolasjonen. Enkelte tenester og aktivitetar som ein nytta seg av har forsvunne – det same har den alternative sosiale rytmen møtestadene kunne tilby gjort – som vi såg verdien av i funndel I. På den andre sida har eg og nokre av mine venner som er i liknande situasjon, med avgrensa økonomi og tronge bu-forhold, òg opplevd dette som godt og meningsfylt; at det har opna seg meir tid og rom til å delta i felles aktivitetar som *ikkje* kostar pengar. At det har opna seg rom til å sjå verdien av nærområda og naturen ein er del av litt på nytt. Kriser representerer jo ofte både det grufulle og nokre moglegheiter. Likevel har pandemien stort sett gjort vondt til verre for dei som har hatt det verst frå før.

I kjølvatnet av pandemien synar funn frå andre studiar at mange som slit med samansette psykisk helse- og rusvanskar har fått aukande problem (Fosse et al., 2020). Eit hovudområde er at tenestene har blitt mindre tilgjengelege som følgje av smittevernomsyn, og at mange som har få alternative sosiale møteplassar enn det tenestene kan tilby, har fått det verre. Det er mange med-borgarar som slit no. Sjølv om enkelte land slit på eit heilt anna nivå enn her heime, gjer ikkje det strevet til mange som lev under fattigdomsgrensa i Noreg mindre. Køane på Fattighusa i Oslo aukar, og frivillige etterlyser meir politisk handling og rettferdig prioritering i nødhjelpa (Wedøe Nodland et al., 2021). Sverre Rusten, styreleiar ved Fattighuset i Oslo, meiner matkøane ved Fattighusa i Oslo denne våren berre er toppen av isfjellet – og understrekar at orsaka til problema krev ein djuptgripande politisk innsats (Rusten, 2021).

To ulike studiar knytt til pandemien i Noreg, dokumenterer vidare at fleire har fått dårlegare psykisk helse og fleire sosiale problem, sjølv om ingen av rapportane eg viser til her nyttar omgrepet sosiale problem, som er interessant i seg sjølv. Siste studie frå folkehelseinstituttet knytt til livskvalitet og helse i pandemien, viser ei generell auke i psykiske helsevanskar i befolkninga (FHI, 2020). Den summerer nokre hovudfunn i følgjande punkt:

- Fleire strever med einsemd og psykiske plager, unge og aleinebuande slit mest.
- Blant studentar er éin av tre einsame.
- Éin av fire er ikkje nøgd med livet.
- Den psykiske byrda er størst i Bergen og Oslo kor smitteverntiltaka har vore mest omfattande.
- Framtidsoptimismen er likevel høg, særleg blant unge.

På den andre sida fører krisetider ofte til ekstra mobilisering, og at nokon opplever meir meining. Dei som eventuelt var i vanskelege arbeidssituasjonar, eller liknande, og sakna meir tid aleine og med familie, kan ha fått det betre. *Fellesskapets styrke* er noko den ferskaste rapporten knytt til livskvalitet, psykisk helse og rusmiddelbruk under pandemien, peiker på (Kjøs, 2021). Rapporten frå den regjeringsoppnemnde ekspertgruppa har eit forord skreve av psykolog Peder Kjøs (som leia gruppa). Han skriv:

Vi er mange som har opplevd et år med betydelig redusert livskvalitet. Virkningene på den psykiske helsa synes heldigvis likevel å ha vært begrenset for de fleste. Men for noen av oss har pandemien vært en katastrofe. Mye tyder på at det er de mest sårbare som har fått de største belastningene. For dem må motstandskraften være bygget inn i selve omgivelsene. Resiliensen må finnes i relasjoner, i nærmiljøet og i samfunnet rundt.

Desse to rapportane understrekar på mange måtar sosial helse, og at det er dei mest privilegerte av oss som har den tydelegaste «resiliensen». Denne siste rapporten går langt i å konkludere med at det går bra for dei fleste, og at vi er; «resiliente innbyggere i et resilient samfunn» – noko regjeringa nok er nøgd med å få høyre. Kvifor aukar køane på Fattighusa? Kvifor aukar innrapporterte familievaldssaker og tal på unge som sjølvskadar seg og elles rapporterer meir einsemd? Og korleis har det gått med alle dei som frå før var aleine, og dei få sosiale treffpunkta ein hadde har vore stengt i over eit år? Vår studie har vist kor avgjerande det er at det finst slike møtestader, trass alt som kan vere utfordrande med dei, og at dei kan tilby heilt avgjerande sosial rytme og støtte i spesielt krevjande fasar av livet. Heldigvis er det no lys i pandemitunellen.

Nokre av dei stadene og tenestene vi har snakka med i etterkant av feltarbeidet, har fortalt at ein har løyst litt av utfordringane med stenging av lokalar – ved å tilby fleire aktivitetar og

samlingar ute i friluft. Elles er trenden som elles; at krevjande livssituasjonar blir endå meir krevjande. Mange isolerer seg meir, både fordi ein må og har få eller ingen alternative sosiale treffpunkt, og ein ser ein tendens til at tenestene slit med å tilpasse seg situasjonen (Fosse et al., 2020; Saltzman et al., 2020).

Vi veit lite om langtidskonsekvensane av dette endå – anna enn at den sosiale ulikskapen nok vil auka ytterlegare. Om den sosiale ulikskapen var aukande frå før – og som vi har vore innom – større enn statistikken viser, er det ikkje berre grunn til å uroa seg, men skamma seg, over korleis dette gapet no vil fortsette å skyte fart utan politiske grep. Det hastar med å få på plass ein realpolitikk som kan stogge den aukande sosiale ulikskapen, og som kan løfte folk med samansette helsevanskar sine betringsprosessar. Pandemien er ein sjanse til å forsøke på nytt. Ein sjanse til å sette ulikskapet på plass.

8.4 Kritikk og utfordringar: fallgruver i fellesskapsorientert praksis

Gløym du har kjærleik, hugs du har hat. Orda stammar frå 1963, og Einar Øklands dikt «det må seiast». Vi slepp ikkje unna dei fellesskapa vi er del av, som vi stadig skaper og blir til i. Som funna i denne studien aktualiserer; på godt og vondt. Sosial støtte er sterkt og skjørt – men vi er avhengige av støtte for å klare oss som menneske – avhengige av å gjere og å få støtte. For å løyse sosiale problem, få eit betre liv trass helsevanskar – og ta tilbake helse og livskvalitet så langt det er mogleg. Re-cover. Re-discover.

I Simone De Beauviers *De uadskillelige*, som i stor grad handlar om det skjelsetjande venskapet mellom Simone og Elisabeth (Zaza), opplever eg at romanen opnar opp for ei større forståing knytt til det tvitydige forholdet mellom individualitet og fellesskap. Romanen er ei påminning om farane ved enkelte fellesskapsstrukturar – til dømes kollektivistiske familiestrukturar – som kan sluke, utnytte og maktmisbruke enkeltindivid. Potensielt framandgjerande tradisjonar kan kvele den nødvendige individualiseringa allereie ved fødselen. Slik sett er det gode grunnar til å halde fast ved dei positive dimensjonane i individets frigjering frå kollektivet. Som vi har sett i denne studien, er det noko tvitydig å inngå i fellesskap. Fellesskap representerer ikkje alltid det frigjerande – men det gjer ei heller overdriven individualisme. Bøe (2021) skriv at det å eksistere, handlar om å igjen og igjen *bli til som subjekt* gjennom ein eksistens som uunngåeleg inneber motstand. Motstand fordi vi lev

i ei felles verd der andre menneske og anna liv med sine interesser sameksisterer med oss. I vår samanheng er det interessant å føre inn det Bøe foreslår; at å eksistere er å sette seg sjølv på spel i møte med andre:

Kortfattet foreslår jeg at vi kan stille opp to ulike måter å beskrive denne mellom-menneskelige tilblivelsen eller eksistensen på: 1. *Person-identitet-fellesskap*: Våre liv – som personer – formes ved at vi får plass, rolle og identitet, gjennom tilhørighet i et fellesskap med andre. 2. *Eksistens-forstyrrelse-motstand*: Å leve – som eksistens – skjer ved at våre initiativ uunngåelig forstyrres og forstyrres og møter motstand gjennom andres responser. Å eksistere er å sette seg selv på spill i møte med andre i en krevende dialog som aldri helt går opp. Eksistensen er et brudd med det som er felles (s.28).

Ja, det er alltid fallgruver i fellesskapet. I livet. Likevel, fellesskapsorienterte praksisar er uunngåeleg. Eg kan gjerne reise til Femundsmarka å vandre aleine i to veker, men fridomen hadde, i alle fall for meg, ikkje smakt like godt om eg ikkje hørte til i eit større fellesskap; i eit uendeleg stort nettverk av relasjonar. For oss er det sjølve innramminga av fellesskapsorienterte praksisar i arbeidet med psykisk helse, som er av interesse. Funna våre gir døme på kva som *kan* vere viktige byggesteinar for å skape støttande fellesskap. Det går an å skape fellesskap som både forvaltar menneskerettane våre – som tar vare på den enkelte, og som tek omsyn til at vi blir til *med kvarandre* – og at vi er *avhengige* av kvarandre. At vi er *uløysleg forbunde*. Vi talar altså ikkje lenger om menneske-som-separasjon, om vår venn René Descartes' splitt, som er så smertefullt til stades i politikken. Likevel, vi er individ med ulike behov, noko som alltid vil gjere fellesskap utfordrande og vanskeleg. Sjølvlækning – skjer ikkje det? Eller skjer sjølvlækning og alltid i relasjon til...? Er oppgåva vår då først å fremst å førebygge at fallgruvane i fellesskapet blir *for* djupe og mørke? Er det våre *like* behov for god nok helse, heim, tilhøyrslø, rein luft og reint vatn, reine hav og ei sunn matjord – i det heile tatt; ein intakt natur – som kan samle oss?

Slik eg les Bøe, når han stiller opp desse to *ulike* måtar å bli til på i den mellom-menneskelege tilvertinga, er at dei skjer om kvarandre. Dei må utfylle kvarandre – fordi vi treng den friksjonen som forstyrringa tilbyr – for å skape og oppleve endring. Desse møta mellom oss kan igjen sporast til det Bronfenbrenner ville kalla proksimale prosessar. Ein økologisk utviklingsprosess, som stadig kan utvide seg til å innebere nye element og aspekt. Mi

utheving knytt til det vil vere at vi ikkje berre *er*, men i større grad at vi *skjer*. I desse prosessane kan vi hevde at forhandling og utvikling av både sosial kapital og recovery kapital, skjer, i gamle og nye fellesskap vi inngår i. Vår psykiske helse og våre identitetar er i *bevegelse*.

I utviklinga av fellesskapsorienterte praksisar i arbeidet med psykisk helse, er nok den store kjepphesten at stadig fleire tilbod blir *for* individualiserte, og fråkopla sosiale og strukturelle problem. Løysinga på sosiale problem bør vere, jau, sosiale. Det er openbart ikkje nok at dei er sosiale; løysingane må vere veldig konkrete realpolitisk når det gjeld ei meir rettferdig omfordeling av materielle godar og kapital – og dei må samtidig skje innan naturen sine og planeten sine tolegrensar. Ein lett jobb å løyse, med andre ord. Psykisk helse- og rustenester – og politikken som formar ut framtidens tenester – bør ha eit større fokus på dei sosiale og strukturelle problema som opprettheld og aukar sosial ulikskap i helse. Dette er i tråd med FN's spesialrapportør – som foreslår ein revolusjon i desse tenestene. Tenestene må definitivt skape eit utvida fokus frå det overdrivne biomedisinske og diagnosefikserte, utan å miste biologien, men i mykje større grad *utvide og knyte* biologiske/kropplege prosessar til det sosiale og kontekstuelle. Det er ei stor utfordring i den overdrivne individualismens tidsalder – kor vi i stadig større grad er slavar i virtuelle rom der vi jaktar hjarter og likes, og der det store ekkoet held oss vakne om nettene.

8.5 Avgrensingar, svakheiter og styrker ved studien

Denne studien er litt som sosial støtte sjølv; både sterk og skjør. Studien gir på ingen måte eintydige svar på særskilte kompliserte spørsmål. Vi kunne med fordel utforska fenomenet sosial støtte i fleire ulike kulturar og møtestader – som ikkje var knytt til teneste for psykisk helse i bydelane. Det er ei avgrensing med studien at vi ikkje har gjort dette. Vi kunne òg ha vektlagt dette meir i den systematiske litteraturgjennomgangen. Det samarbeidsbaserte har ført til nokre utfordringar som vi har påpeika, der ei avgrensing er at vi ikkje oppretta ei større rettleiingsgruppe – til dømes med utviklingsgruppa som var med å utvikle forskingsspørsmåla i starten. I ei slik rettleiingsgruppa kunne vi òg med fordel rekruttert og inkludert deltakarar frå feltarbeidet i bydelane – noko som kunne styrka analyseprosessen. I analyseprosessen og framstilling av funn kunne vi òg ha vore meir systematisk gruppe-spesifikke; i betydninga at denne studien utforskar perspektiva til *brukarar, tilsette og frivillige*. Ein grunn til at vi ikkje har valt å vektleggje det gruppe-spesifikke i så stor eller tydeleg grad, er at diskusjonane i seg

sjølv peiker på kva folk i ulike roller meiner om fenomenet, og som artikkel 2 har presentert som domene-diskusjonar sett frå dei ulike perspektiva. Samstundes; dette gjev ein sjanse til å kanskje sjå at det ikkje er så stor distanse mellom gruppene. Denne måten å organisere og presentere funna på kan difor vere både ei avgrensing og ei styrke. Vi har i artikkel 2 forsøkt å skilje og påpeike nokre gruppe-spesifikke trekk ved erfaringane og forholda som blei diskutert. Gjennom å framheva at «nokre brukarar meinte», «fleire av dei tilsette var innom» og «blant frivillige var det» har vi forsøkt å ivareta og få fram dei ulike perspektiva. Avgrensingar kan oppstå i poetiske analyseprosessar, som vi har vore innom i analyserefleksjonane. Erfaringane frå datamaterialet vert dramatiserte – og det er ikkje sikkert desse dikta speglar røyndomen til deltakarane i studien. Styrkane ved studien er fleire. Det samarbeidsbaserte har slik eg opplever det bidrege til utviding; eg har som stipendiat følt stor støtte og utvida perspektiv gjennom å samarbeide så tett med Rose-Marie, og rettleiarane, òg openbart med dei folka eg har møtt i feltarbeidet. Det er ei styrke for studien at vi har vore fleire om dataskapingsprosessane og analyseprosessane, slik at vi har kunne hjelpt og korrigert kvarandre undervegs, om vi skulle ha kome for langt unna empirien og forskingsspørsmåla – men samstundes oppfordra kvarandre til å utforske villmarka. Studien bidreg òg med originalitet gjennom å løfte fram funn gjennom poetisk analyse og formidling, og setje andre områder i datamaterialet i samanheng med desse dikta, som vi i artikkel 3 har skapt/funne. Eit poetisk språk kan opne opp ei vidare forståing, og gje erfaringane frå studien eit større kjenslemessig aspekt.

9.0 Konklusjon og implikasjonar for praksis

Denne studien løftar fram erfaringar og forhold knytt til kva som kan fremja og hemja sosial støtte i psykisk helsearbeid, sett frå brukarar, tilsette og frivillige sine perspektiv. Funna synar korleis ulike faktorar mellom mikro- og makronivå kan verke fremjande eller hemjande for sosial støtte og betringsprosessar. Funna i denne studien peiker mot at tenestene må utvikle stabile møteplassar som kan tilby sosial rytme, omsorg og utviding av sosiale nettverk. Den estetiske utforminga av stadene er viktig. Erfaringskunnskap, og tilsette og frivillige som òg viser seg som sårbare menneske, kan vere fremjande for sosial støtte. Eit viktig funnområde er at stigma knytt til psykiatriske diagnosar og pengeproblem er ei barriere for opplevinga av sosial støtte, trass i ein større openheitskultur. Ein kultur prega av overdriven individualisme kan òg utgjere ei barriere for å utvikle støttande fellesskap, og fungere som barriere for å utvikle tenester prega av omsorg. Ein politikk som i større grad hjelper folk med samansette psykiske helsevanskar ut av fattigdom, er avgjerande for folk sine betringsprosessar. Det krev

heilt konkret ein betre omfordelingspolitikk og ein sosialpolitikk som innrettar tiltak for sosial støtte på fleire nivå; kjenslemessig, bekreftande, informativt og instrumentelt.

Vi har framleis ein lang veg å gå for å lukkast med å utvide innrettinga til tenestene og utvide forståinga av helse. Sosiale møtestader i arbeidet med psykisk helse må bli prioriterte i nasjonal- og kommunebudsjetta; møtestader som har rom for mangfald, gjennomtenkt estetisk design og kor erfaringskunnskap blir ein større integrert del av praksisen. Kor folk kan møte folk – og gjennom desse møta oppleve at ein ikkje er aleine – passeleg forandring – og i beste fall betring. Dette er heilt i tråd med den siste folkehelsemeldinga som løftar fram betydinga av gode lokalsamfunn – og ønsket om å skape desse lokalsamfunna – kor sosial støtte i større grad kan blomstre. Problemet er berre at realpolitikken for å få dette til ikkje blir av, og bidreg til det motsette; dagens politiske kurs tener dei mest velståande og forsterkar ulikskapen i helse. Å auke tilgangen til psykologar er eit av regjeringa sine viktigaste satsingsområde – men det løyser ikkje dei strukturelle utfordringane og den stadig aukande sosiale ulikskapen i helse.

I innleiinga refererte eg til Judith Butlers' bekymring; bekymringa for at vi har mista språket for omsorg. Vidare meinte eg i innleiinga at denne studien på mange måtar handlar om å utforske korleis støtte og omsorg skjer i vår tid – i tenester kor målet er å betre folk si psykisk helse og livssituasjon. I denne utforskinga har vi funne mange gode døme på praksisar som kan vere fremjande for sosial støtte, og for betringsprosessane til dei av oss som erfarer langvarige psykiske helsevanskar. Vi har òg funne og gitt fleire døme på forhold som kan vere hemjande for sosial støtte og betringsprosessar. I den poetiske analysen – og gjennom dikta som vår tredje artikkel formidlar – kan vi òg potensielt få ein større kjenslemessig tilgang til nokre av erfaringane og funna i denne studien. Som tittelen refererer til – sosial støtte er – i vår samtid, noko som skjer i individualismens tidsalder. Erfaringane til deltakarane i denne studien peiker på mange måtar mot at sosiale problem og psykiske helsevanskar treng å bli møtt med fellesskap. Av endring som krev djupare politisk handling – men som òg bygg miljø og lokalsamfunn med bakgrunn i desse konkrete erfaringane; behov for stabilitet, estetisk skjønneheit, sosial rytme, nok pengar og nok mangfald. Dette fellesskapet må gå djupare enn dei erfaringane og implikasjonane vi klarer å tilby. Vi-et må stå imot ein politikk som ikkje lenger har språket for omsorg. For fellesskap. For natur- og menneskevern. For menneske *i relasjon* – og ikkje *i separasjon*. Dette krev at vi som borgarar i eit demokrati er våre borgar-rollar bevisste; vi kjem ikkje unna deltakinga eller at vi er politiske dyr – snart raudlista. For oss som klatrar lengst i utdannings-stigen, krev det eit ekstra medvit. For korleis

bidreg vi – gjennom våre doktorander – til å skape eit meritokrati – og gjennom det; òg vere med på å forsterke ulikskapen? Korleis legg vi til rette for deltaking på like vilkår? Er det mogleg? Vi har ein stor jobb med å legge betre tiltrette for auka demokratisk engasjement, deltaking og nøye utvalt representasjon – i arbeidet med psykisk helse – i arbeidet med å ta vare på oss sjølv og kvarandre.

Til slutt vil eg foreslå nokre implikasjonar denne studien har for praksis, og det vidare arbeidet med psykisk helse – i følgjande punkt:

- Arbeidet med psykisk helse må ta inn over seg betydinga utvikling av relasjonar har – og etablere stabile møteplassar i lokalsamfunna som gjev rom for mangfald, kor erfaringskompetanse- og kunnskap er ein integrert del av praksisen. Her kan ein lære av dei gode erfaringane og praksisane som finst.
- Møtestader som er estetisk gjennomtenkte og har tilgang til grønt-areal verker til å vere meir populære enn typisk institusjonsprega lokalar – og det kan ha stor betyding for betringsprosessar å kunne *kople seg på* naturen – kople seg på omgjevnadane.
- Aktivitetar som tilbyr sosial rytme og har ein meningsfylt agenda, er avgjerande for å knyte folk saman. Her må feltet kartlegge folk sine ulike interesser. Nokre aktivitetar er likevel grunnleggjande samlande; undervurder aldri betydinga av matlaging og måltid!
- «Diagnosekulturen» må framleis utfordrast av levde erfaringar, fordi han kan fungera som ein barriere mot sosial støtte i både sivilsamfunnet, arbeidsmarknaden og for den enkelte si utvikling og identitets-rom.
- Alle som arbeider med psykisk helse bør engasjere seg meir i sosiopolitiske sakar og leggje til rette for breiare demokratisk engasjement, inkludering og samarbeid med dei som har erfaring med å bruke tenestene. Konkret: få folk med eigenerfaring inn i politiske verv!
- Utjamning av sosioøkonomiske skilnadar vil kunne bidra til å redusere ulikskap i helse. Hjelp med økonomi og å skape heim – *instrumentell sosial støtte* – er ofte avgjerande for auka sosial deltaking og auka livskvalitet. Trong økonomi fungerer som barrierar i sosialt liv og dermed også for sosial støtte.
- Den pågåande pandemien gjer det endå viktigare å arbeide med sosial støtte og tilgangen til tenester i lokalsamfunna. Vi må evaluere tilgangen på tilboda ut frå eit perspektiv der ulike funksjonshindringar krev ulike tilgangar.
- Sosiale problem krev sosiale løysingar. Vi må arbeida mot ein progressiv helse- og sosialpolitikk som har større fokus på samanhengen mellom økonomi, levekår og helse. Køane på Fattighusa aukar, og vi har behov for ein radikal og rettferdig sosialpolitikk som prioriterer menneske i vanskelege livssituasjonar.
- Poesi er politikk; erfaringar knytt til det marginale og framande formidla gjennom poesi *kan* opne opp for ei større forståing og innleving i vanskelege livssituasjonar.

Litteratur

- Aaberge, R., Modalsli, J. & Vestad, O. (2020). *Ulikheten - betydelig større en statistikken viser*. Statistisk Sentralbyrå. Hentet fra: <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/ulikheten-betydelig-storre-enn-statistikken-viser>
- Aarre, T. (2019, 20. mai). Helsedirektoratet feilinformerer om antipsykotiske medikament. *Aftenposten*. Hentet fra: <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/Vb5294/helsedirektoratet-feilinformerer-om-antipsykotiske-medikament-trond>
- Aasland, D. G. & Eide, S..B. (2003). Samarbeid og etikk: Jeg, vi og den andre. I: S.B. Eide, H. Grelland, A. Kristiansen, H. I. Sævareid & D. G. Aasland (Red.). (2003) *Fordi vi er mennesker*. Fagbokforlaget.
- Andersen, A. J. W., Larsen, I. B. & Topor, A. P. (2016). Caring through discipline? Analyzing house rules in community mental health services in Norway. *Scandinavian Psychologist/Psykologisk.no*, 3(01), 1-15.
- Barstad, A. & Sandvik, L. (2015). *Deltaking, støtte tillit og tilhørighet. En analyse av ulikhet i sosiale relasjoner med utgangspunkt i levekårsundersøkelsen*. Rapport. Statistisk Sentralbyrå.
- Bartlett, H. M. & Saunders, B. N. (1970). *The Common Base of Social Work Practice*. National Association of Social Workers Press.
- Becker, G. (2009). *Human capital: A theoretical and empirical analysis, with special reference to education*. University of Chicago Press.
- Beresford, P. (2005). Social work and a social model of madness and distress: Developing a viable role for the future. *Social Work and Social Sciences Review*, 12(2), 59-73. <https://doi.org/10.1921/17466105.12.2.59>
- Berg, B., Ellingsen, I. T., Levin, I. & Kleppe, L. C. (2015). Hva er sosialt arbeid? I: *Levin, I., Berg, B., Ellingsen, I.T. & Kleppe, L.C. (Red.) (2015). Sosialt arbeid – en grunnbok*. Universitetsforlaget.
- Bicchieri, C. & Dimant, E. (2019). Nudging with care: The risks and benefits of social information. *Public choice*, 1-22. Doi: <https://doi.org/10.1007/s11127-019-00684-6>
- Bjørlykhaug. (2018). Er psykiske problem sosiale problem? Om krafta i konteksten og definisjonsmakta i samfunnet. I B. Karlsson & M. Borg (Red.) (2018). *Perspektiver på psykisk helse- og rusarbeid. Recovery, erfaringsbasert kunnskap og samarbeidsbasert kunnskapsutvikling*. Fagbokforlaget.
- Bjørlykhaug, Bank, R. M. & Karlsson, B. (2020). Social Support and Relational Recovery in the Age of Individualism. *Journal of Recovery in Mental Health*, 4(1), 35-55.
- Bjørlykhaug, K. I., Karlsson, B., Hesook, S. K. & Kleppe, L. C. (2021). Social support and recovery from mental health problems: a scoping review. *Nordic Social Work Research*, 1-32. <https://doi.org/10.1080/2156857X.2020.1868553>
- Bø, I. (1993). *Folks sosiale landskaper: en innføring i sosiale nettverk*. Tano.
- Bøe, T. & Thomassen, A. (2017). *Psykisk helsearbeid: å skape rom for hverandre*. Universitetsforlaget.
- Bøe, T. D. (2021). Demokrati og hjertebank. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 18(1), 25-35. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3010-2021-01-04>
- Borg, Karlsson & Stenhammer. (2013). Recoveryorienterte praksiser: en systematisk kunnskapssammenstilling. *Ligger åpen på NAPHA.no, Nasjonalt Kompetansesenter for Psykisk helsearbeid*.
- Borg, M. & Kristiansen, K. (2009). *Medforskning - å forske sammen for kunnskap om psykisk helse*. Universitetsforlaget.

- Borg, Sjøfjell, T. L., Ogundipe, E. & Bjørlykhaug, K. I. (2017). *Brukeres erfaringer med hjelp og støtte fra erfaringsmedarbeidere innen psykisk helse og rus*. Forskningsrapport, Senter for psykisk helse og rus, Universitetet i Sørøst-Norge.
- Borge, L., Martinsen, E. W., Moe, T. & Berntsen, R. A. (2011). *Psykisk helsearbeid: mer enn medisiner og samtaleterapi*. Fagbokforlaget.
- Boucher, M. E., Groleau, D. & Whitley, R. (2016). Recovery and severe mental illness: The role of romantic relationships, intimacy, and sexuality. *Psychiatric Rehabilitation Journal*, 39(2), 180.
- Bourdieu, P. (1983). The forms of capital. I J. G. R. Richardson (Red.), *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. (Bd. 1, s. 241-258). Greenwood Press.
- Bourdieu, P. (1992). The Practice of Reflective Sociology. I P. W. Bourdieu, L. (Red.), *An Invitation to a Reflexive Sociology*. Chicago University Press.
- Braanen, B. (2021, 16. mars). Å være forpliktet. *Klassekampen*, s. 2.
- Braidotti, R. (2019). *Posthuman knowledge* (Bd. 14). Polity Press Cambridge.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3(2), 77-101.
- Brinkmann, S. (2013). *Qualitative interviewing*. Oxford university press.
- Brinkmann, S. (2015). Diagnoser som epistemiske objekter. I S. Brinkmann & A. Petersen (Red.), *Diagnoser: Perspektiver, kritikk og diskusjon*. Klim.
- Brinkmann, S. (2017). *Philosophies of Qualitative Research*. Oxford University Press.
- Brinkmann, S. & Petersen, A. (2015). Diagnoser i samtiden: en introduksjon. I S. Brinkmann & A. Petersen (Red.), *Diagnoser: Perspektiver, kritikk og diskusjon*. Klim.
- Bronfenbrenner, U. (1977). Toward an experimental ecology of human development. *American psychologist*, 32(7), 513.
- Buettner, D. & Skemp, S. (2016). Blue zones: lessons from the world's longest lived. *American journal of lifestyle medicine*, 10(5), 318-321.
https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC6125071/pdf/10.1177_1559827616637066.pdf
- Butler, J. (2021). *The force of nonviolence: An ethico-political bind*. Verso.
- Buvik, P. (2019). Etterord: Personlig og allment. I: *Sommeren 58 av Annie Ernaux*. I *Sommeren 58*. Mime forlag.
- Cottam, H. (2016). Relasjonell velfærd er fremtidens velfærd. . *Kognition og Pædagogik*, 100(26), 8-20.
- Dahl, E., Bergsli, H. & van der Wel, K. (2014). Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt. Hovedrapport, Høgskolen i Oslo & Akershus (nå OsloMet - Storbyuniversitetet). Fakultet for samfunnsfag/Sosialforsk.
- Dahl, E. & van der Wel, K. (2016). Nordic health inequalities: Patterns, trends, and policies. I: K.E. Smith, C. Bambra & S.E. Hill (Red.) (2016). *Health Inequalities: Critical Perspectives*. Oxford University Press.
- Davidson, L. (2011). Recovery from psychosis: what's love got to do with it? *Psychosis*, 3(2), 105-114.
- Davidson, L., Stayner, D. A., Nickou, C., Styron, T. H., Rowe, M. & Chinman, M. L. (2001). "Simply to be let in": inclusion as a basis for recovery. *Psychiatric Rehabilitation Journal*, 24(4), 375.
- Deleuze, G. & Guattari, F. (1996). *Hvad er filosofi?* Gyldendalske boghandel.
- Ekeland, T. J. (2011). Ny kunnskap-ny praksis. Et nytt psykisk helsevern. Nasjonalt Senter for Erfaringskompetanse innen Psykisk Helse.
- Ekeland, T. J. (2021). *Psykisk helsevern - en kunnskapsplattform*. Nasjonalt Senter for Erfaringskompetanse innen Psykisk Helse.
- Fangen, K. (2010). Deltagende observasjon. 2. Utgave. Fagbokforlaget.

- Faulkner, S. L. (2016). *Poetry as method: Reporting research through verse*. Routledge.
- Faulkner, S. L. (2017). Poetry is politics: an autoethnographic poetry manifesto. *International Review of Qualitative Research*, 10(1), 89-96.
- Folkehelseinstituttet (2020). *Livskvalitet og psykisk helse under koronaepidemien november-desember 2020*. Folkehelseinstituttet.
<https://www.fhi.no/div/helseundersokelser/fylkeshelseundersokelser/livskvalitet-og-psykisk-helse-under-koronaepidemien--nov-des-2020/>
- Folkehelseinstituttet (2015). *Sosial støtte og ensomhet – faktaark*.
<https://www.fhi.no/fp/psykiskhelse/psykiskhelse/sosial-stotte-og-ensomhet---faktaar/>
- Folkehelsemeldinga (2018-19). *Meld. St. 19. Folkehelsemeldinga - gode liv i eit trygt samfunn*. H.-o. omsorgsdepartementet.
- Fosse, R., Birkeland, M., Blix, I., Strand, M., Møller, P. & Thoresen, S. (2020). Covid-19: Reaksjoner hos brukere av behandlings tilbud for psykiske vansker og unproblematic. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 57(11), 812-823.
- Foucault, M. (1979, March 14). The birth of biopolitics & American neo-liberalism. Full lecture, 216-237, I: Burchell, G., Davidson, A., & Foucault, M. (2008). *The birth of biopolitics: Lectures at the Collège de France, 1978–1979*. Springer.
- Foucault, M. (1967). *Madness and Civilization* Routledge. Routledge.
- Geertz, C. (1973). Thick description: Toward an interpretive theory of culture. *Turning points in qualitative research: Tying knots in a handkerchief*, 3, 143-168.
- Gergen, K. J. (2015). *An invitation to social construction* (3. utg.). SAGE.
